

”Sjå meg i auga og ikkje på puppene”

Ei kulturvitskaplig analyse av unge kvinners forhold til pupper



Eline Andreassen Vea

Masteroppgåve i Kulturvitskap

Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur- og Religionsvitenskap

ved

Universitetet i Bergen

Våren 2019

Forord

Arbeidet med dette prosjektet har vekka ei rekke kjensler og tankar (som ei slik oppgåva gjerne gjer) i laupet av dei to siste åra. Følelsar som glede og fryd då mestringsfølelsen var på topp har vore gjengangarar. På den andre sida har det også vore otte og frustrasjon involvert då det kjennast som om ingenting går riktig veg. Alt i alt har det vore to fine år.

Fyrst og fremst vil eg takka dei sporty unge kvinnene som stilte som informantar, som var villige til å dele sine inste tankar, erfaringar og følelsar med meg. Utan dykk hadde det ikkje blitt noko oppgåve. Vidare vil eg takka mine fine med-studentar for gode innspel, forslag og korrekturlesing på tallause utkast, vinklingar og forslag til korleis eg kunne få kabalen til å gå opp. Eg vil også retta merksemd mot 'KUVI-rådet', med gode råd på det meste –også utanfor den akademiske sfæren. Hjelpa og dei oppmuntrande orda eg har fått frå mine fortryllande vene og nydelege familie har også vore uunnverleg i stunder der motivasjonen har vore på botn. Ei siste gruppe menneskjer eg synes fortener å nemnas i denne samanheng er mine flotte kollegaer. Dykkar støtte og oppmuntring har vore gull verd dei dagane kveldsvakta har vore ein umogleg tanke. Mykje av arbeidet har også blitt gjort annakvar helg då kundane har latt vere å handle. Dykkar fråvær gav meg ro til å fokusere på å skrive, så takk til dykk også.

Sist men ikkje minst vil eg takka rettleiaren min Tone Hellesund for gode råd, forslag, konstruktiv kritikk for å få orden på, til tider, kaotiske og tallause utkast.

Og heilt til slutt,

Tusen takk til Vidar. Du har vore mykje i vegen, du har masa hol i hovudet på meg, men du har også vore eit oppmuntrande ljós i kvardagen.

Utan kattar hadde verda vore ein grå plass.

Tusen takk!

15.mai 2019, Bergen.

Abstract

The aim of this study is to look at young Norwegian women's relationship to their own breasts. With a qualitative research method, I carried out one focus group interview with four participants, two follow-up interviews with two of the participants from the group, and six individual interviews with participants without any prior participation. With a total of nine interviews and ten participants as the basis for this analysis, my findings show an understanding of a separation of the maternal and sexual breast.

Further, there is also a strong sense of negative thoughts around ones' breasts if they appear outside what is considered 'normal'. The cultural frames of what a 'good' body looks like and what is considered decent, seems to create a somewhat problematic relationship to a normalized body image that is fronted, especially in the media. This relationship with how they are perceived by others has an effect on how the young women feel their identity and personality is being judged by others. A consequence of this seems to be an unproblematic relationship with cosmetic surgery to 'fix' the thing that is seen as the root of the problem. That is, the breast that is either too big and radiate too much sexuality, or the breast that is too small and does not radiate enough femininity.

Another finding show that young women are aware other people's gaze in their everyday life. This is both men's sexual gaze evaluating their bodies and attractiveness, but also other women's evaluating and judging gaze on their appearance and how they behave. A feeling of constantly being evaluated through others gaze seems to create a need to cover up their breasts when the gaze isn't wanted. For the informants, cleavage and too much boobs symbolize a sexuality that is seen as indecent in certain situations. The young women's stories also show that they can, and have, used their breasts sexual symbolism to their advantage when in search of men's desire and/or approving gaze. The breasts, then, can be used as a tool to get one's appearance and attractiveness acknowledged.

The result of this study show that young Norwegian women have a relationship to their own, and other women's breasts, that is highly dependent on the situation the boobs appear in.

Innhaldsliste

Kapittel 1 Innleiing.....	1
Problemstilling, unges forhold til pupper og oppgåvas tematiske inndeling.....	2
Tidlegare forsking på pupper og kvinners forhold til kropp.....	6
Kapittel 2 Teoretiske perspektiv.....	10
Brystas innverknad på kvinners kvardag	10
Brysta som symbolberar i det moderne samfunnet	13
Oppsummering.....	17
Kapittel 3 Metodisk tilnærming og forskingsetikk.....	18
Planlegginga av innsamlingsarbeidet.....	18
To intervjuguidar og utforming av spørsmål	19
Rekruttering av informantar og gjennomføring av intervju.....	21
Gruppeintervjuet	21
Dei individuelle djupneintervju.....	24
Metodiske og forskingsetiske betraktnigar etter materialinnsamlinga	27
Transkripsjon og koding av intervju	29
Kapittel 4 Det moderlige og det seksuelle brystet.....	33
Det moderlige brystet.....	34
Dei ammande brysta i media, sensur og protesten som følgde i sosiale media	39
Det seksuelle brystet	41
Brystas størrelse og respektabilitet	45
Oppsummering.....	50
Kapittel 5 Forholdet til ein normalisert kvinnekropp	52
Størrelse, sosiale media og sosial samanlikning	52
Ønsket om ein annan utsjånad	59
Kroppspositivisme og sosiale media.....	67
Oppsummering.....	69
Kapittel 6 Dei andre sitt blikk	70
Søken etter merksemد	70
Blikk i ikkje-seksuelle relasjonar.....	72
Oppsummering.....	83
Kapittel 7 Avslutning	84
Prosjektets avgrensing og vidare forsking	87
Litteraturliste	89
Vedlegg	96

Vedlegg 1	
Informasjonsskriv (kjønnsteoretisk- eller politisk bakgrunn) gruppeintervju	96
Vedlegg 2	
Informasjonsskriv (ulik studie- og arbeidsbakgrunn) gruppeintervju	98
Vedlegg 3	
Informasjonsskriv (kjønnsteoretisk- eller politisk bakgrunn) individuelle djupneintervju	100
Vedlegg 4	
Informasjonsskriv (ulik studie- og arbeidsbakgrunn) individuelle djupneintervju.....	102
Vedlegg 5	
Intervjuguide gruppeintervju	104
Vedlegg 6	
Intervjuguide individuelle djupneintervju	106
Vedlegg 7	
Godkjenning frå NSD	108

Kapittel 1

Innleiing

Då arbeidet med utforminga av dette prosjektet var i planleggingsfasen fann eg ei lita blå bok som vekka ei stor nysgjerrighet. *The Little Book of Big Breasts* er ei bok der forfattaren Dian Hanson (2012) har samla bilete av nakne kvinner henta frå ulike 'herremagasin' frå 1950, -60 og -70-åra. Bileta i seg sjølv var morosame å sjå på, men det som vekka størst interesse var korleis bokas innhald vart summert opp med kor oppfriskande og uventa det var å sjå nakne kvinner med store pupper, utan silikonimplantat. Kvifor meinte denne personen at det (i 2012) var uvanlig å sjå nakne kvinner som skulle vekke seksuell lyst, med usymmetriske og hengande pupper med strekkmerker? Ein annan tanke som dukka opp mens eg bladde gjennom bokas sider var at eg ikkje hadde sett slike pupper representert nokon stad før. Kvifor ikkje? Eg kjøpte med meg den litle blå boka for å kunne bla gjennom dei 192 sidene med nakne kvinner heime. Eg opplevde at bileta til tider var komiske og absurde, men ikkje minst, likna dei ikkje nokre kvinnekorppar eg hadde sett biletet av tidlegare. Det gjekk opp eit ljós etter eg hadde lese den korte innleiinga, og bileta av dei nakne kvinnene i dei ulike stillingane vart slukt. Mine forventingar til kva type kropp og pupper som vert sett som seksuelt attraktive er eit resultat av korleis ein kvinnelig attraktivitet vert fremja og reproduksert. Ei framstilling som stadig er i endring.

Ved å sjå på korleis denne delen av kvinners kropp har vore utsett for fokus gjennom historia, kan ein også finne ulike forståingar, haldningar og meininger knytt til brysta. I arkeologiske funn frå steinalderen har ein til dømes funne små kvinnefigurar¹ med overdimensjonerte bryst og kjønnsorgan, spreidd rundt i Europa og Russland. Funn som har blitt tolka i retning av gudinnetilbeding og eit syn på store bryst og kjønnsorgan som teikn på fruktbarhet. Kvinners bryst har også vore utsett for begeistring, merksemrd og eit variert meiningsinnhald i nyare historie. Gjennom dei siste 100 åra har brysta til dømes blitt tillagt ein moralsk dimensjon. Det er ei forståing om at det å amme barn er kvinners ansvar og plikt, samstundes som dei også er eit sterkt symbol på seksualitet (jf. Yalom, 1997, s.6, 9).

¹ Venusfigurar, tilverkt i mellom anna stein, bein og leire finn ein igjen i det arkeologiske materialet frå steinalderen, som Venus frå Grimaldi (datert til ca. 23 000 år sidan) hadde store bryst, magar, hofter, rumper og kjønnsorgan (Yalom, 1997, s.9).

I laupet av berre dei siste 30 åra, finnes det mange ulike meininger og haldningar knytt til kvinnebrystet. Dette er i stor grad knytt til pupper som eit symbol på seksualitet, som har blitt utnytta i media. I denne samanheng har ein også sett at synet på kva pene pupper er og korleis dei *burde* sjå ut har vore i endring. For å setje dette på spissen kan ein samanlikne biletet av kvinner som Pamela Anderson som råda 1990-talets TV-skjermar sjåast som ein sterk motpol til dagens unge kvinner som no har fått rolla som førebilete. Store silikonpupper har blitt bytta ut med mindre, symmetriske og 'naturlige' pupper. Sjølv er eg av generasjonen som har vakse opp i ei tid der biletet av korleis kvinnekroppen *burde* sjå ut for å vere riktig, ideell og ikkje minst normal, stadig vert avbilda i media. Mi interesse for kvinnebrystets kulturelle meiningsinnhald er difor noko eg opplever som eit resultat av å ha vakse opp med den kontinuerlige endringa av kva som er attraktivt, ideelt og ikkje minst sexy.

I tillegg til å vere eit symbol på seksualitet og attraktivitet er puppene noko dei fleste har eit forhold til, og då i størst grad kvinner. Eit forhold som sjeldan er nøytralt (Young, 2005, s.76). Frå dei veks til i laupet av puberteten, til ein ikkje lengre eksisterer, rommar brysta ei rekke ulike kjensler og meininger. Som kvinne kan ein til dømes oppleve ei rekke positive kjensler knytt til eigne bryst. Ein kan føle lykke når ein endelig får til å amme barnet sitt for fyrste gong. Ein kan vere nøgd med deira utsjånad og korleis dei kjennast. Men dei kan også vere ei kjelde til eit negativt sjølvbilete og ubehag. Det kan vere ei kjelde til redsel om ein finn ein kul som ikkje burde vere der. Ei kjelde til sjukdom og død². Det finnes ei rekke kjensler og forhold som eksisterer, i tillegg til det sterke symbolet på sex. Kvinnebrystet kan dermed sjåast å romme mange ulike kjensler og sinnstilstandar i kvinners kvardag. Noko som også stadig er i endring, avhengig av kor ein er i livet, kva situasjonar ein finn seg i og kva forhold ein har til personane som er rundt.

Problemstilling, unges forhold til pupper og oppgåvas tematiske inndeling

Det eg undrar meg over er korleis dei mange oppfatningane av, følelsane knytt til og tankane kring kvinners bryst verkar inn på unge kvinners forteljingar om eigne pupper. Grunnen til at det er informantane forteljingar eg opplever som ei interessant kjelde til informasjon, er på

² Sjølv om brystkreft er noko stort sett alle kvinner har eit forhold til, anten ved å sjølv ha vore råka eller at ein kjenner nokon som har vore ramma, er det ikkje noko som takast opp i denne oppgåva. Det er ikkje synonymt med at informantane ikkje hadde tankar og forteljingar knytt til dette temaet. Då fokuset for mitt prosjektet er unge kvinners eigne forteljingar om eigne erfaringar, var brystkreft ikkje noko som falt naturlig å ta opp som tema i intervjua eller i analysen av intervjuaterialet.

grunn av mine eigne tankar og forhold til temaet. Formålet med denne studia er å få eit innblikk i kva unge kvinner sjølv tenkjer om sine eigne og andre sine pupper i dag.

Problemstillinga lyder dermed: Korleis nавigerer unge kvinner mellom dei mange ulike framstillingane, forståingane og det komplekse kulturelle meiningsinnhaldet kvinnebrystet kan romme? Kva tenkjer unge kvinner om sine eigne og andre sine bryst?

For å kunne belyse korleis unge kvinner i Noreg opplever det å ha bryst i dag meiner eg det vil vere fruktbart å ta utgangspunkt i dei sosiale media. Dette er fordi unge kvinner i dag er i stor grad brukarar av slike media (Ipsos, 2017). Ein plattform der meiningsutveksling kring tematikken i stor grad føregår. I dei seinare åra har ein sett ein aukande mengde medieinnhald som fremjar ei forståing av at kvinnebrystet *bør* har ein spesifikk utsjånad. Dei ideelle brysta i 2019 skal ikkje vere for små, men heller ikkje for store. Dei bør vere symmetriske, vere dråpeforma og brystvortene bør sitte høgt (Førsund, 2014). Men kva er eigentlig 'normalt'? Filosofen Iris Marion Young peiker på at dei mange formane, fasongane, tilstandane og størrelsane kvinnebrystet kan ha og vere i, er like varierte som kvinnene som ber dei på kroppen (2005, s.76). Trass i dei mange ulike puppene som finnes, har bilete og framstillingar av dette fått liten plass i media.

Sosiale media vert ofte sett på som ei kjelde til meiningsutvekslinga som føregår i dag, og vidare som ei kjelde til unge kvinners negative tankar om seg sjølv og sin eigen kropp. Tankar og kjensler som ofte er knytt til å ikkje passe innanfor biletet av det ideelle og 'perfekte'. I episoden *Puppene* i serien *Line fikser kroppen*, som vart vist på NRK hausten 2017, prøvde programleiaren Line Elvsåshagen å få hand om sitt eige negative forhold til eigne pupper. Ho fortalte om ei oppleveling av at dei var *for* store, som resulterte i ei kjensle av at ho gav bort puppene sine om dei er synlege. "De tilhører liksom blikka som ser og ikke meg selv" fortalte ho (Elvsåshagen, 2017, 08:13). Programleiarens eigne usikkerheiter kring eigen kropp skulle vise korleis også andre unge kvinner i dag opplever sterke negative følelsar kring eigen kropp. Noko som i stor grad vert sett som eit resultat av mediebiletas påverknad.

Dei seinare åra har nettopp dette fokuset på negative haldninga til eigen kropp blant unge vore diskutert. Fremjinga av perfekte liv og kroppar har blitt sett med eit kritisk blikk. Difor leverte Medietilsynet hausten 2018 *Skisse til etiske retningslinjer mot kroppspress i sosiale medier*, i oppdrag frå barne- og likestillingsministeren Linda Hofstad Helleland og folkehelseministeren

Åse Michaelsen. Formålet med dette var å utarbeide fastsette retningslinjer for Påverkarar³ i deira verksemد med annonsørar. Arbeidet vart sett i gong av barne- og likestillingsministeren og folkehelseministeren på bakgrunn av eit uttrykt behov for å motverke kroppspresset og negative kroppsatile som ofte sjåast i samanheng med medieinnhaldet som publiserast i dag (jf. Audrezen, de Kerviler, Moulard, 2018; Regjeringen.no, 2018; Medietilsynet, 2018a). Medieinnhald som ofte framstiller ein type kropp som 'normal' og attraktiv, som sjåast som ei kjelde til auka psykiske lidingar blant unge. Lidingar som meinast å vere på grunn av presset som vert lagt på korleis dei burde sjå ut. Noko som har blitt sett som eit resultat av ei trend mellom Påverkarar som har promotert for kroppens utsjånad kan endrast ved hjelp av mellom anna kosmetiske inngrep og kosttilskot. Verkemiddel som har blitt kritisert for å skape eit press på at ein må endre kroppens fysiske utsjånad om dei ikkje kan plasserast innanfor dei rådande skjønnheitsideal (Bech-Sørensen, 2017; Dietrichson, 2018). Desse forholda vert vidare sett i samanheng med unges bruk av smarttelefonar og moglegheita for å kople seg på 'nett' uavhengig av kor ein er. Som har resultert i eit auka forbruk av sosiale media og at ein stadig er i kontakt med andre menneskjer (Medietilsynet, 2018b), i tillegg til dei regelmessige inntrykka av korleis andre 'ser ut'.

Samstundes som eit normalisert bilet av korleis kvinnekroppen vert fremja finnes det, som eg skriv over, fleire kulturelle forståingar knytt til kvinnebrystet. Forståinga av brysta som ein seksuell kroppsdel har til dømes resultert i ein tanke om at puppene og kløfta berre kan vere synleg i moderasjon, og berre tillaten i spesifikke situasjonar. Opptrer dei utanfor den seksuelle sfæren, sjåast det som upassande og vulgært. Likevel vert bilet av kvinners bryst ofte vert fremja med eit slikt seksuelt fokus, som i til dømes sosiale media, TV, film, reklame og i pornografi. Måten pupper vert sett og tolka som eit seksuelt objekt kan dermed sjåast å skape ei forventing om at dei berre er seksuelle. I mannsretta pornografi kan puppene til den kvinnelige parten til dømes ha ei sentral rolle i bileta eller filmen. Berre størrelsen kan vere grunnlaget for kva kategori bileta eller filmen plasserast innanfor (Søreide, 2015, s.13-14). Dermed oppstår ei forståing av at kvinners bryst er rota til seksuell nytting hos kvinner, men i størst grad for menn (Young, 2005, s.82).

³ 'Påverkar' er nemninga på ein person med fleire følgjarar på sosiale media, gjerne som vert sett opp til som eit førebilete, og som bruker sine kanalar til å påverke følgjarane sine (Det Norske Akademis Ordbok, u.å.). Omgrepet er ein norsk versjon av omgrepet 'Influencer', som er nemninga på det ein tidlegare kalla bloggar. 'Påverkar' brukas av barne- og likestillingsminister Linda Hofstad Helleland.

Fleire aktørar har kritisert dette fokuset på kvinnebrystet og brystvorta, som vert seksualisert i media. Dette er til dømes aktørar som fremjar bodskapen om at kvinnernas brystvorter ikkje burde sensurerast. Eit døme er aktivistgruppa som *Freethenipple* som har ein brukarkonto på Instagram for å nå ut med bodskapen sin. Ein kamp som er eit resultat av ønsket om at kvinner også skal kunne ha nakne pupper, og vise brystvorter utan at det skal sjåast som noko seksuelt. På bakgrunn av forståinga av brystvortene som ein seksuell del av kvinnernas kropp, har den blitt utsett for sensur i media. Særleg i dei sosiale media. Dette er noko som har blitt sett som svært problematisk og som har skapt store diskusjonar dei seinare åra, då menns brystvorter ikkje vert behandla på same måte (jf. Madshus, 2017). Påverkaren Anna Rasmussen tok i bruk sin eigen bloggplattform hausten 2017 for å fremje bodskapen om at pupper og brystvorter ikkje treng å vere seksuelle. Blogginnlegget hadde til formål å fremje forståinga av at kvinnernas nakne kropp ikkje treng å sjåast i eit seksuelt ljós. Ho tok utgangspunkt i korleis kvinner også kunne utføre fysisk arbeid topplaus, slik som menn ofte gjer⁴. I tillegg publiserte ho fleire bilete av seg sjølv med nakne pupper, saman med ein tekst som hadde som formål å fremje kampen for likestilling av den kvinnelige brystvorta (Westeng, 2017). Diskusjonar blussa opp i etterkant av Rasmussens innlegg, og kritikk vart retta mot både Påverkaren og innleggets innhald. Dette er ikkje noko eg skal ta opp i detalj i denne samanheng. Det eg derimot vil peike på er den nakne puppens eigenskap til å vekke oppsikt og politisk engasjement, og til å sette kjensler i bevegelse.

Saman med desse ulike haldningane kring brystet og brystvorta, har også materialet vist at det finnes ulike tankar og forhold knytt til pupper i unge kvinnernas kvar dag. Etter arbeidet med å sortere intervjuaterialet har eg vald å strukturere analysekapitla etter dei kategoriene i materialet som kunne plasserast saman. Kapittel 4 'Det moderlige og det seksuelle brystet' handlar om korleis unge kvinner forstår og forhandlar kring brystets rolle som moderlig og seksuelt. I tillegg ser eg på forståinga av brystets seksuelle symbolikk i informantanes forteljingar om sitt forhold til seg sjølv og eigen kropp. I kapittel 5 'Forholdet til ein normalisert kvinnekropp' tar eg vidare opp tråden kring informantane oppleving og trøgen til å føle seg attraktiv, og å passe inn i rammene for å ha ein 'normal' utsjånad. I dette kapittelet tar eg også opp informantanes problematiske følelsar knytt til kropp, sosiale media og deira forhold til kosmetisk kirurgi. I kapittel 6 'Dei andre sitt blikk' undersøker eg den tematikken som stadig

⁴ Bloggen til Anna Rasmussen), og innlegget *Det er ikke en ting damer ikke kan*, eksisterer ikkje lengre. Artiklar som omtalar bileta Anna Rasmussen publiserte er likevel å finne (til dømes Westen, 2017). Bloggen (MamatilMichelle) vart lagt ned av Rasmussen sjølv grunna kritikk retta mot bloggen og bruken av dotteras namn for å skape 'trafikk' (Rasmussen, 2018).

kjem opp på tvers av intervjuua og tema, nemlig andre personar sitt blikk. Eit fokus i informantanes forteljingar om sitt forhold til kropp og pupper var dette blikket, og korleis deira kropp og utsjånad vert tolka i dei andre sitt blikk.

Tidlegare forsking på pupper og kvinners forhold til kropp

Med utgangspunkt i korleis unge kvinner opplever og forstår kvinnebrystet, finnes det overraskande få studiar gjort innanfor kulturforskinga. Eg har difor vald å orientere meg breitt faglig for å få tak i forsking som seier noko om brystet i ein samfunnsmessig kontekst. Eg har også vald å ikkje undersøke den medisinske sida ved kvinnebrystet i denne oppgåva, då dette er noko som er representert av tallause studiar og forsking innanfor ei rekke andre fagfelt, særleg innanfor medisin og psykologi (sjå til dømes Gripsrud, Søiland og Lode, 2015). Det er ikkje overraskande at emnet som då oftast har vore under granskning er brystkreft. Med eit søk på den akademiske søkemotor Orija, gir ordet 'bryst' gir 494 treff, der størsteparten omhandlar denne sjukdommens herjingar. Andre søkemotorar gir liknande treff, og like høge tal.

I *Breasts: A Natural and Unnatural History* tar journalisten Florence Williams (2012) føre seg dei biologiske sidene ved brystet og korleis denne kroppsdelens endrast frå puberteten til overgangsalderen, med hormoner, amming, og celleendringar. Sjølv om denne boka ikkje er direkte relevant for mi studie, opplevde eg den likevel som ei kjelde til inspirasjon og grunnleggande informasjon då prosjektet framleis var i planleggingsfasen. Ei anna bok eg har brukt på liknande måte er *Cultural Encyclopedia of the Breast* (2014). Som namnet tilseier er dette eit 'leksikon' på dei fleste emna som omhandlar kvinnebrystet, frå *Advertising* og *Breast Augmentation til Nipples, Pornography og Womanhood* (Smith, 2014). Med oversikt og ei kort innføring i dei ulike emna som omhandlar det kulturelle aspektet ved kvinnebrystet, fann eg tips og forslag til kva som kunne kome til å dukke opp i informantanes forteljingar.

Der eg derimot finn forsking på kvinners forhold til kropp er innanfor psykologi (sjå til dømes Herold, Corbesi og Collins, 2010). Studiar på mellom anna korleis sosiale media påverkar kvinners sjølvbilete og sosial samanlikning (sjå til dømes Fardouly og Vartanian, 2014; Fardouly mfl., 2015; Lim og Yang, 2015), og i kva grad menns syn på kvinnekroppen påverkast av media (sjå til dømes Ward, Merriwether og Caruthers, 2006) er å finne. Måten unge i dag bruker og føreheld seg til sosiale media er også eit tema so har vore omhyggeleg undersøkt innanfor psykologi (sjå til dømes Shapiro og Margolin, 2014; Quan-Haase og Young, 2010).

Vidare har unge kvinner forhold til kropp, måtar å presentere kropp og forhold til sjølvbilete og andre sitt blikk, vore undersøkt med kjønnsteoretiske perspektiv (sjå til dømes Glapka, 2017). Innanfor fagfelt, som til dømes studiar av organisasjonskultur, har mellom anna kvinnernas profesjonelle identitet på jobb og korleis den vert formidla gjennom kroppen vore undersøkt (sjå til dømes Trethewey, 1999; Mavin og Grandy, 2016). Andre fagfelt som har fokuset på unges mediebruk, kan finnast innanfor kjønnsstudiar (sjå til dømes Frost, 1999; Gripsrud, Ramvi, Froggett, Hellstrand og Manley, 2018), filosofi (sjå til dømes Hampsten, 2012), samt medievitskap og kommunikasjonsstudier (sjå til dømes Johannessen, 2016; Beytin, 2017; Mellingen, 2018). Som ein motpol til det idealiserte biletet av kvinnekroppen som vert fremja i media, har også studiar innanfor fenomenet og bevegelsen kroppspositivisme vore relevante. Då det også finnes eit kritisk blikk på biletet av kvinnekroppen som fremjast, spesielt i sosiale media, har undersøkingane som mellom anna *Towards a Radical Body Positive* av kjønnsforskaren Alexandra Sastre (2014) gitt ei innføring i dette perspektivet. Sjølv om dette er studiar henta frå andre fagfelt har dei vore viktige i arbeidet med mitt eige materiale, nettopp på grunn av tematikken dei fokuserer på. Då media er ein stor del av dei fleste sin kvardag, og ikkje minst unge sin kvardag, har eg opplevd desse studiane som relevante å sjå på i forhold til informantane sine forteljingar. På bakgrunn av dette har eg også vald å ta i bruk eit utval av desse tidlegare studiane i analysearbeidet av mitt eige materiale.

I forhold til kosmetisk kirurgi som eit fenomen har boka *A Cultural History of Aesthetic Surgery* av kulturhistorikaren Sander L. Gilman (1999) vore relevant å bruke. Hans gjennomgang av den kosmetiske kirurgiens historie gir eit grunnlag for å argumentere for menneskets trøng til å legge seg under kniven, heng saman med eit ønske om å bli oppfatta som attraktiv og normal. Han poengterer han at mennesket alltid har hatt eit ønske om å vere ein anna og betre versjon av seg sjølv, ved hjelp av utsmykking eller tatoveringar. Om ein ikkje opplever å passe innanfor rammene for attraktivitet eller normalitet kan negative følelsar og psykiske lidingar oppstå som eit resultat. Gilman (1999) omtalar difor kosmetisk kirurgi som ei jakt på lykke. Vidare poengterer han også at desse rammene er i stadig endring, og at ein difor ser ulike 'trendar' innanfor den kosmetiske kirurgien, som til dømes korleis synet på det å ha store bryst har endra seg frå 1990-talet og fram til i dag. Eg ser difor denne boka som eit aktuelt perspektiv i forhold til mi undersøking, då kosmetiske inngrep for å endre på kroppens utsjånad er ein praksis som vert sett som vanlig og tilgjengelig i dag. Innanfor kjønnsforsking er det også utført interessante studiar som kan nemnas i denne samanheng. Dette er undersøkingar som problematiserer kvinnernas forhold til kosmetisk kirurgi, som mellom anna *Women and the Knife: Cosmetic*

Surgery and the Colonization of Women's Bodies (Morgan, 1991), *The (In)visible Body: Feminism, Phenomenology, and the Case of Cosmetic Surgery* (Dolezal, 2010) og *Resisting the Male Gaze: Feminist Responses to the "Normatization" of the Female Body in Western Culture* (Ponterotto, 2016).

I tillegg til tidlegare forsking på dei skilde emna som mediepåverking og forholdet kosmetisk kirurgi, har eg også brukt boka *Breasts: The Women's Perspective on an American Obsession* (Latteier, 1998) som ei samling ulike tema som er viktige å fokusere på, i tillegg som ei inspirasjonskjelde. I boka utforskar journalisten Carolyn Latteier (1998) brystet som eit fenomen i den amerikanske kulturen på 1990-talet, med utgangspunkt i kvalitative intervju og litteratur. Sjølv om ho har hatt eit anna utgangspunkt enn eg har i min norske samstidskontekst, har boka likevel vore aktuell då ho tar opp nokre av dei same tematikkane som er å finne i mine informantars forteljingar. Dette omhandlar i styrst grad kvinnerns forhold til det moderlige og seksuelle brystet. I denne samanheng kan ei norsk samtidsstudie nemnast, nemlig sosiologen Ida Marie Henriksen (2015) si undersøking om mører sine forhold til og tankar kring det å amme i offentlige rom. Forteljingane Henriksen (2015) viser til i artikkelen *Kafépupp* viser eit forhold til andre personar sitt blikk som kan opplevest problematisk når ein skal mate barnet sitt, då ein ikkje ønsker å støyte nokon med nakenskap. Henriksen (2015) legg vidare vekt på det problematiske forholdet som oppstår i skiljet mellom det moderlige og det seksuelle brystet. Difor har også dette vore ei studie eg i nokon grad har tatt i bruk i forhold til mi eiga undersøking, og forståinga av brystet som moderlig og seksuelt som er å finne i mitt materiale.

Vidare kan ein ikkje undersøke brystets kulturelle betyding utan å nemne boka *A History of the Breast* av litteraturvitaren Marilyn Yalom (1997). Dette vert i stor grad sett som den mest omfattande undersøkinga som er gjort på kvinnebrystet utanfor det medisinske fagfeltet. Boka gir ein gjennomgang av korleis brystet til ulike tider gjennom historia har vore utsatt for ulike meningar og forståingar. Frå å vere eit symbol på fruktbarhet i steinalderen, til å vere ein inngang til helvete i Italias Renessanse og symbolet på kjernefamilien i Nederlands Gullalder, viser Yalom (1997) at brystets meiningsinnhald er svært varierande og flytande. Det er avhengig av konteksten dei er i. Ho tar også opp ulike perspektiv frå nyare historie, som brystets symbol på den politiske kvinnekampen på 1960 og -70 talet, samt bruken som sexsymbol i media. Dette er dermed ei bok eg har latt meg inspirere av i stor grad i løpet av dette prosjektet, og er difor umulig å ikkje nemne. Trass i dette er ho ikkje aktivt tilstade i mi eiga analyse, då hennar historiske perspektiv ikkje kan brukast i analysen av informantane forteljingar frå 2019.

Sjølv om både Latteier (1998) og Yalom (1997) tar føre seg brystets kulturelle betydning i det amerikanske samfunnet på 1990-talet opplever eg deira samtidsperspektiv som utdatert sett opp mot min norske samtidskontekst. Det er mykje som har vore i endring sidan 1990-åra, og det er mykje som er annleis i ein norsk kontekst sett opp mot den amerikanske. På bakgrunn av dette opplever eg at desse studiane i stor grad fungerer som inspirasjonskjelder til handtering av mitt eige materiale.

Sjølv om eg ikkje nødvedigvis tar i bruk dei same innfallsvinklane, strukturane eller teoretiske rammevek dei nemnde studiane over bruker, har dei likevel vore viktige i arbeidet med mi eiga undersøking. Ved å sjå på korleis andre har sett på, undersøkt og analysert, unges forhold til kropp, korleis andre sitt blikk verkar inn på dette forholdet, og kva praksisar som er knytt til kropp og pupper, meiner eg at den tidlegare forskinga er svært relevant. Trass den manglande kulturfaglege vinklinga.

Kapittel 2

Teoretiske perspektiv

Det finnes ulike teoretiske perspektiv som kunne vere interessante å ta i bruk som verktøy i analysen av informantanes forteljingar. I laupet av dette arbeidet har eg vore på jakt etter reiskaper for å forstå noko av det kulturelle meiningsinnhaldet og dei kulturelle prosessane som kjem til syne i informantanes forteljingar. For å sjå på dei ulike sidene av det materialet fortel har eg vald å ta i bruk nokre omgrep og tilnærmingar frå svært ulike teoritradisjonar i analysearbeidet. På same måte som den tidlegare forskinga har hatt ein tverrfaglig innfallsvinkel på grunna ein mangel på kulturfaglig studiar, ber også dei teoretiske perspektiva preg av dette. Sjølv med eit slikt variert utval i teoretiske innfallsvinklar har eg opplevd at denne eklektiske teoribruken (jf. Kvale og Brinkmann, 2017, s.263) har vore nyttige til dette formålet.

Det følgjande kapittelet er delt i to hovuddeler, der eg presenterer dei teoretikarane som kan belyse korleis kvinner bryst har ein innverknad på informantanes kvardag. Pupper som eit symbol på seksualitet og kvinnelighet er noko som står i sentrum i denne samanheng. Vidare meiner eg det også vil vere interessant å sjå på korleis forteljingane kan sjåast i samanheng med det moderne samfunnet.

Brystas innverknad på kvinners kvardag

Boka *On Female Body Experience: Throwing Like a Girl and Other Essays* av Iris Marion Young (2005) er eit sentralt perspektiv i denne oppgåva. Det er ei samling essay som utforskar kvinnelig subjektivitet med eit feministisk perspektiv (2005, s.4-7). Essayet som i størst grad er relevant for mi oppgåve er *Breasted Experience: The Look and the Feeling*. Her presenterer Young (2005) korleis ein persons bryst i det Vestlege samfunnet rommar hens personlegdom og sjølvet. Ho argumenterer dermed for at personlegdomen og eksistens som eit fysisk vesen, strålar ut frå brystkassa. Brystet ser ho som personens kjelde til veren-i-verda. Med dette fenomenologisk utgangspunkt hever Young (2005) vidare at kvinner og menn har svært ulike utgangspunkt for korleis dei opplever å vere-i-verda. Kvinnens veren er i stor grad knytt til deira bryst då puppene er det mest synlege og handgripelige symbolet på kvinnelighet og seksualitet. Symbol som vidare verkar inn på kvinners følelse av å bli dømd og evaluert på bakgrunn av brystas utsjånad (Young, 2005, s.75-77).

Det kulturelle aspektet kring konstruksjonen av brystets symbolikk i det mannsdominerte samfunnet er hovudpunktet for Youngs (2005) essay. Ho diskuterer korleis kvinnebrystet vert sett som eit objekt for menns blikk, samt korleis det forstyrrar grensa mellom dei to kategoriane brysta kan plasserast innanfor; det moderlige og det seksuelle. Kategoriar som vert oppfatta som gjensidig utelukkande, og som ikkje burde overskridast då dei er binære opposisjonar som god/dårlig eller rein/urein. Med ei slik inndeling av kva brysta vert oppfatta som, vil dei ulike kategoriane dei plasserast innanfor ha ein innverknad på kvinners oppleving av eigne pupper i ulike situasjonar. Eit døme på ei denne forståinga kan sjåast i samanheng med kvinners jomfruelegdom og reinhet, eller som horete og urein. Som mor vert brystets biologiske funksjon sett over den seksuelle funksjonen, og ein kan sjåast anten som næringsgivaren eller forføraren. Men ein kan ikkje vere begge deler samtidig. Den eine funksjonen må undertrykkast i det brystet plasserast innanfor kategorien den motsette funksjonen høyrer heime i (Young, 2005, s.76-77, 85).

Young (2005) er også opptatt av korleis kvinners bryst vert oppfatta som eit objekt med faste rammer for korleis det skal sjå ut for å vere 'riktig'. Med slike rammer argumenterer ho at det oppstår ei objektivert og normativ forståing av kvinnebrystet (2005, s.79). Ei forståing av kvinners bryst og kropp som eit objekt er eit perspektiv som står sentralt, då det kan belyse korleis informantane føreheld seg til eit liknande syn på brystet som eit seksuelt objekt i sin kvardag. I denne samanheng er sosiologen Beverly Skeggs (1997) omgrep *respekabilitet* interessant å ta opp. Omgrepet er henta frå boka *Formation of Class and Gender. Becoming Respectable*. Her undersøker ho korleis kvinners utsjånad og åtferd kan sjåast som eit resultat av eit forsøk på å utføre sin respekabilitet. Dette er eit omgrep som historisk sett har vore ein av dei fremste markørane for klasse, og det kan dermed også seie noko om eins identitet. Kvinners utsjånad har også blitt kopla opp mot ei moralsk vurdering. Om eins utsjånad var respektabel, og om ein hadde 'riktig' åtferd, kunne eins respektable femininitet konstaterast. Dei utan respekabilitet hadde liten sosial verdi, og var primært kvinner frå arbeidarklassen som vart sett som ikkje-respektabel. Den sosiale gruppa som var i stand til å ha respekabilitet var dei moralske, engelske, kvite middelklassekvinnene som vidare kunne vurdere og dømme dei som ikkje var respektabel (Skeggs, 1997, s.2-3).

Også i dag, argumenterer Skeggs (1997) har denne respekabiliteten i stor grad vert konstruert opp mot kvinners seksualitet. For å utøve sin respektabel femininitet på riktig måte må kvinner prate, oppføre seg, og klassifisere seg på riktig måte. Skeggs (1997) finn at kvinner prøver å

utføre og oppretthalde ein slik feminin respektabilitet ved å vere bevisst kva type klede dei bruker og korleis dei oppfører seg. I denne samanheng peiker på korleis utsjånad verkar inn på korleis kvinner vert sett på som respektable eller ikkje. Fremjar kvinner sin femininitet gjennom utsjånad og åtferd på riktig måte, som til dømes at ein passar dei rådande skjønnheitsideala samstundes som ein er omsorgsfull, utfører ein sin feminine respektabilitet riktig. Skeggs (1997) tar utgangspunkt i sosiologen Pierre Bourdieu si forståing av kroppen som eit sosialt produkt som er symbol –berande og –produserande. På same måte som eit individ er fødd med tilgang på ulike mengder økonomisk-, sosial-, kulturell, og symbolsk- kapital, vert ein fødd med ein fysisk kropp som anten kan passe inn i kva som vert definert som attraktivt eller ikkje. Den fysiske kroppen kan dermed også sjåast som ein kroppslig kapital, som ofte er avhengig av individets andre kapitalar, om ein til dømes har råd og tid til å halda sin attraktivitet ved å besøke frisør, tannlege, eller ein kosmetisk kirurg. Attraktivitet vert høgt verdsett i samfunnet, og mangel på dette plasserer ein lågare i det sosiale hierarkiet (Skeggs, 1997, s.13-14, 102-103). Årsaka til å ta opp og bruke omgrepet respektabilitet i samanheng med informantanes forhold og tankar kring pupper er nettopp fordi dei kan oppfattast som eit objekt. Eit objekt med ein utsjånad som har ein innverknad på korleis ein opplever seg sjølv som attraktiv og 'normal'. Samstundes har brystets utsjånad og korleis kvinnene handterer dei i kvardagen ha ein innverknad på om ein klarer å produsere ein respektable femininitet.

Desse teoretiske perspektiva er vidare interessante å sjå på i forhold til artikkelen *Objectification Theory* av psykologane Barbara L. Fredrickson og Tomi-Ann Roberts (1997). Her gir dei eit rammeverk for å prøve å forstå korleis kvinnernas levde kroppserfaringar og mentale helse er knytt til måten deira kropp fyrst og fremst vert sett på som eit seksuelt objekt. Eit objekt som får sin verdi vurdert i menns seksuelle blikk. Sjølv om måten ein opplever dette varierer fra person til person argumenterer Fredrickson og Roberts (1997) for at den objektiverte kvinnekroppen skapar ein delt sosial oppleveling, som vidare kan resultere i psykiske plager som skam og angst. Det er tre arenaer som vert sett på som kjelda til det objektiverande blikket på kvinnernas kropp. Objektiveringa av kvinnekroppen oppstår i sosiale situasjonar med andre personar og i visuelle media som avbildar sosiale situasjonar, hevder dei. Den tredje staden slike blikk oppstår hentar dei fra filmteoretikaren Laura Mulvey (1975) som argumenterer at ei rekke visuelle media som film, reklame og pornografi der kvinnekroppen, eller deler av den, fremjar kvinner som seksuelle objekt. Det er denne siste kategorien som vert sett på som mest problematisk, då representasjonane av kvinner som objekt verkar inn på korleis menn ser på kvinner som berre ein kropp (eller kroppsdelar). I tillegg argumenterer Fredrickson

og Roberts (1997) for at kvinner også internaliserer ein tendens mot sjølvobjektivering som eit resultat av slike framstillingar i media. Kvinner vert altså fremja som eit seksuelt objekt der den einaste nytteverdien dei har er for menns seksuelle nytting, fysisk og visuelt (Mulvey, 1975; Fredrickson og Roberts, 1997, s.174-176).

Fredrickson og Roberts (1997) argumenterer for at eit slikt syn på kvinner også har resultert i kvinners sjølvobjektivering. I dette legg dei at også kvinner ser på sin eigen kropp som eit objekt som berre verdsettast gjennom det objektiverande blikket. Vidare argumenterer dei at sjølvobjektiveringa har resultert i kvinners auka fokus på eigen utsjånad, då attraktivitet i seg sjølv ser ut til å ha ein verdi, slik som også Beverly Skeggs (1997) argumenterer for. Kvinner som har ein fysisk utsjånad som stemmer overeins med det rådande skjønnheitsidealalet kan difor oppleve fordelar i ulike sosiale relasjonar. Fredrickson og Roberts (1997) viser med fleire døme at kvinner som vert oppfatta som attraktive kan oppleve fordelar som følgje av utsjånaden i ulike sosiale situasjonar. Dette er noko som kan utnyttast, anten bevisst eller ikkje, og kan brukast for å kontrollere korleis ein vert behandla av andre. Då kvinner trør inn og ut av ulike situasjonar og kontekstar i laupet av dagen, og livet, vil måten dei opplever å bli sett på som objekt vere varierande og kontekstavhengige (Fredrickson og Roberts, 1997, s.174-180).

Eg meiner at ein relevant innfallsvinkel i denne oppgåva er å sjå på korleis unge kvinner vurderer sin eigen og andre kvinners utsjånad. Det som ligg i botn for dette er forståinga av kvinners bryst som eit seksuelt objekt. Som Fredrickson og Roberts (1997) peiker på er det fleire faktorar som spelar inn på korleis kvinner opplever det objektiverande blikket i ulike situasjonar. Som eit seksuelt objekt må kvinner førehalda seg til brysta som symbol på deira seksualitet. Denne seksuelle symbolikken verkar vidare inn på korleis ein forhandlar kring sin eigen respektabilitet, og måten informantane justerer åtferd og utsjånad for å ikkje setje respektabiliteten i fare. Frå dei tre ulike teoretiske perspektiva eg har presentert her, meiner eg at objektivering og respektabilitet er sentrale analytiske verktøy som kan takast i bruk.

Brysta som symbolberar i det moderne samfunnet

I tillegg til å sjå på korleis informantane sjølv føreheld seg til eigne og andre sine pupper som symbol og seksuelle objekt, er eit sentralt tema i materialet korleis denne symbolikken vert tolka av andre. Slik Young (2005) argumenterer, er kvinnebrystet eit sterkt symbol i kvinners liv og kvardag. Det rommar ein forståing av identitet, personlegdom og seksualitet, noko som

også kan sjåast som delar av individets identitet. Samt eit uttrykk for det refleksive prosjektet individet i det moderne samfunnet står ovanfor. Omgrepa hentar eg frå sosiologen Anthony Giddens (1991) modernitetsteori. Eg meiner desse kan brukast for å sjå på korleis informantane forståingar av kroppens utsjånad som ein del av deira identitet, kjem til uttrykk i forteljingar frå deira kvar dag.

Omgrepet 'modernitet' bruker Anthony Giddens (1991) for å referere til institusjonar og åferdsmønstre som vart etablert i det post-føydale Europa, og som spreidde seg til å vere så og seie verdsomspennande fram til det 1900-talet. I boka *Modernity and Self-Identity* beskrev han korleis denne utviklinga verka inn på samfunnsstrukturen, men også endringar som har skjedd på individnivå. Ein av dei mest openbare sidene ved det moderne samfunnet, hevder Giddens (1991) er at det moderne samfunnet er dynamisk og skil seg sterkt frå tidlegare historiske periodar. Samfunnet består no til dømes av institusjonar med ekspertsystem som har tatt over rolla til dei sosiale systema i tidlegare samfunn. Dette er institusjonar som til dømes informerer befolkninga om korleis ein oppdrar og sosialiserer barn. Kunnskap som i tradisjonelle samfunn gjekk i arv frå generasjon til generasjon, er i det moderne samfunnet ei rolle utdanna personar og fagfolk har tatt over. I staden for å gjere 'slik ein alltid har gjort' i tradisjonelle og førmoderne samfunn, er individet i det moderne samfunnet meir avhengig av råd og instruksjonar til slike ekspertar. Sjølvhjelps litteratur er også eit døme Giddens bruker for å vise korleis den faglige ekspertisa pregar den sosiale og fysiske verda (1991, s.15-20, 33). Kvinner vert til dømes råda og får kunnskap av ekspertar om alt frå kor lenge det er anbefalt å amme barn, korleis ein sjølv skal leite etter teikn på brystkreft og korleis ein kan nytte kroppens erogene sonar på best mogleg måte.

På bakgrunn av ekspertsistema som stadig skapar ny kunnskap er ein ikkje lengre avhengig av fortida. Dette fenomenet kallar Giddens (1991) den institusjonelle refleksiviteten. Det skapas stadig ny kunnskap som skal forbetra institusjonanes råd til befolkninga. Desse dynamikkane har også konsekvensar for individet og sjølvets identitetsdanning. Han argumenterer for at sjølvet også har blitt eit refleksivt prosjekt i det post-tradisjonelle samfunnet. Overgangar i individets liv som tidlegare har vore ritualisert, og som gir ei fastlagt rute å følgje ikkje lengre er tilfelle i det moderne samfunnet. Eins identitet er ikkje bestemd på førehand, og individet må sjølv utforske og konstruere sin identitet, sitt livsprosjekt og sitt livsløp. Individet har i større grad ansvar for å sjølv velje korleis ein vil vere og kva ein vil gjere i eit hav av moglege val, som vidare er eit resultat av den store mengda kunnskap som stadig produserast. Det kan

dermed argumenterast for at individet sjølv skapar sin identitet i det post-tradisjonelle samfunnet. Moderniteten bryt også det beskyttande rammeverket små samfunn og tradisjonar tilbydde. Individet, hevder Giddens (1991), føler seg aleine i ei verd der hen manglar den støtta og sikkerheita det tradisjonelle samfunnet gav. Terapi har dermed blitt ein slags skriftestol der individet kan handtere si eiga psyke, og ein kan dermed sjå på terapi som eit uttrykk for individets refleksive prosjekt. Ved å lære, handtere og utvikle si eiga psyke, lærer ein også korleis ein kan handtere seg sjølv. Det skapast ny kunnskap om individet som vurderer dette og justerer sin identitet etter. Individet, så vel som det moderne samfunnet, er dermed refleksiv i følgje Giddens (1991, s.5, 20, 32-34). Individets stadige arbeid med å skape sin eigen identitet, og alle dei moglege vala ein står ovanfor for å vurdere og justere denne identiteten, er også noko som står sentralt i denne oppgåva.

Å bruke Giddens (1991) sin modernitetsteori er ein relevant innfallsinkel for å sjå på korleis unge kvinner opplever eigen kvardag med bakgrunn i korleis individets identitet er i stadig skaping. På bakgrunn av forståinga av at kvinners kropp er gjennomsyra av seksualitet kan bruk av klede og justering av åtferd i ulike situasjonar for å handtere denne symbolikken sjåast som ein del av individets refleksive arbeid. Saman med Anthony Giddens (1991) forklaring på korleis individet i det moderne samfunnet stadig må ta val for at eins sjølv-identitet kan realiserast, vil eg også sjå på forteljingar kring informantane sitt erfaringar med filosofen Michel Foucault (1977) sine perspektiv.

Foucault (1977) argumenterer for at det finnes underliggende maktstrukturar og disiplineringsmekanismar som påverkar individet til å ta val og oppføre seg på spesifikke måtar i ulike situasjonar. Det som har vore det mest sentrale omgrepet å bruke av hans teoretiske perspektiv har vore det *disiplinerande blikket*. Michel Foucault (1977) gir ein inngåande gjennomgang av disiplinen og straffa si utvikling i det vestlege samfunnet i boka *Discipline and Punish. The Birth of the Prison*. Han viser her korleis forståinga av straff har endra seg dei siste 200 åra. Frå å vere noko kroppsleg, i form av tortur som ofte hadde døden som følge, har den blitt psykisk og difor mildare (Foucault, 1977, s.16). Den moderne disiplinen skil seg frå eldre former i måten den kontrollerer individets kropp. Den verkar meir diskré, tar ikkje over heile kroppen slik som tortur gjorde og krevjar lite fysisk kraft av den som utførar den. Disiplineringa av individua er desentralisert, diffus, universell og skaper lydigheit og produktivitet som aukar og utnytter kroppens krefter. Foucault (1977) meiner at desse disiplineringsmekanismane ikkje nødvendigvis treng å sjåast som ei negativ makt som utøvast

på befolkninga. Den er også positiv og produktiv fordi den nettopp utnytter befolkningas produktivitet og krefter (Schwan og Shapiro, 2011, s.99, 100).

Dei nye maktstrukturane som vart utvikla på 1700- og 1800-talet vart tatt i bruk for å kontrollere befolkninga og skapte eit underordna subjekt i det moderne samfunnet. Denne nye maktforma, hevder Foucault (1977), produserte kunnskap om individets åtferd og personligdom for å kunne disciplinere det gjennom ei forståing av kva som var normalt, korleis ein burde vere og handle. Denne forma for disciplinering skjedde gjennom institusjonar som til dømes skular og fengsel, og formilda gjennom til dømes fagfolk og lærarar. Vidare står institusjonanes behandling av individua sentralt i utviklinga av den moderne disciplineringa. Institusjonar som sinnssjukehus, fengsel og skular hadde autoritet og kontroll over personane som hørde til i dei, og plasserte dei innanfor kategoriar som: gal/frisk, kriminell/fengelsenvakt, normal/unormal. Individet vart stadig evaluert og vurdert for å kunne plassere dei inn i riktig kategori. I denne samanheng ser Foucault (1977) på filosofen Jeremy Bentham sitt *Panoptikon*, eit fengsel der arkitekturen var kjelda til disciplineringa av dei innsette. Eit fengselsbygg som skulle skape ei oppleveling av at ein stadig var under observasjon. Cellene vart plassert rundt eit sentralt vakttårn, samstundes som ljós skulle koma inn bak cellene slik at ingen skuggar skulle kastast. Dei innsette sine handlingar skulle sjåast utan at dei innsette visste om dei vart sett eller ikkje. Å vere synlig er ei felle hevder Foucault:

The Panopticon is a machine for dissociating the see/being seen dyad: in the peripheric ring, one is totally seen, without ever seeing; in the central tower, one sees everything without ever being seen (1977, s.202).

Den disciplinerande makta i det panoptiske fengselet var difor uvisstheit kring om ein faktisk vart observert. Den innsette vurderte sin eigen åtferd i frykt for å bli observert. Dei vart sjølv kjelda til eiga undertrykking. Denne nye disciplineringsforma tatt i bruk av fleire ulike institusjonar spreidde seg raskt gjennom samfunnet. Den disciplinerande makta var også meir produktiv fordi den ikkje er openbart tilstade, men fungerer i 'smug' og utan ei sentral autoritet. Alle dei aktivitetane eit individ utførte vart gjennomsyra av den disciplinerande makta. Dette resulterte også i ei disciplinering av befolkninga som ikkje nødvendigvis var bevisst denne, då det opplevast dagligdags og vanlig (Foucault, 1977, s.16-30, 199-212; Foucault 1980, s.155; Schwan og Shapiro, 2011, 11-30, 48, 128-133). Sosiologen Nick Crossley (2004) argumenterer for at Foucaults (1977) sin teori om det disciplinerande blikket har skapt ein kroppslig refleksivitet hos individet. Då det disciplinerande blikket ikkje nødvendigvis noko ein er bevisst

i kvardagen, og den ikkje er openbart tilstade, har det resultert i eit internalisert forhold til eigen åferd og handlingar (Crossley, 2004, s.43, 87). Det teoretiske perspektivet Michel Foucault (1977) presenterer gir dermed ein interessant innfallsvinkel i korleis ein kan forstå unge kvinners oppleving av dei andre sitt blikk. Då blikket og det å sjå står sentralt i tolkinga av kroppens symbol, kan informantane tankar og haldningar kring dei andre sitt blikk i ulike situasjonar vere interessante perspektiv å sjå på.

Oppsummering

For å summere opp dette kapittelet vil eg peike på korleis dei svært ulike teoretiske perspektiva kan fungere saman for å gi eit bilete av korleis informantane opplever det å ha pupper i sin kvardag. Ved å ta i bruk Iris Marion Young (2005), Beverly Skeggs (1997) og Barbara L. Fredrickson og Tomi-Ann Roberts (1997) kan kvinners kropp og bryst som eit seksuelt objekt, med faste rammer og som utstrålar ein underliggende seksualitet sjåast på. Då brystet plasserast innanfor ulike kategoriar, slik som Young (2005) argumenterer for, vil dei andre aspekta ved brystet undertrykkast. Dette koplar ho særleg til skiljet mellom det moderlige og det seksuelle brystet, men er også ei forståing som er tilstade då brysta også kan plasserast innanfor andre kategoriar. Forståinga av brystet som seksuelt er likevel tilstade i stor grad i informantanes forteljingar om pupper. Sett i samanheng med kvinners respektabilitetsforhandlingar kan ein til dømes sjå på kategoriseringa av brystet som seksuelt også må undertrykkast i situasjonar der denne seksualiteten ikkje følast passande. Korleis forståingar av brystet som seksuelt og forhandlingar kring dette vil dermed vere interessant å sjå på opp mot desse teoretiske innfallsvinklane. Som eit symbol på seksualitet, kvinnelighet og femininitet vil også Anthony Giddens (1991) og Michel Foucault (1977) sine teoriar om korleis det moderne samfunnet verkar inn på individet. Eins identitetsskaping og korleis ein opplever at brystas symbol vert tolka på ulike måtar kan sjåast som faktorar som spelar inn på korleis ein forstår sin eigen kropp, korleis den har ein innverknad på omgjevnadane rundt, samt måten omgjevnadane har ein innverknad på korleis ein føreheld seg til eigen kropp.

Kapittel 3

Metodisk tilnærming og forskingsetikk

Som eg nemnde i kapittel 1 er kvinnebrystets kulturelle betyding eit omfattande emne det er knytt mange ulike meininger og haldningar til. I denne oppgåva har eg vald å fokusere på unge kvinner som informantgruppe då det ofte er deira bryst og kropp som vert diskutert, men er sjeldan deira eigne tankar og haldningar som kjem fram. Omfattande litteratursøk viser også at det finnes få studiar gjort på dette området som mange unge kvinner bruker mykje tid og energi på.

For å undersøke korleis unge kvinner nавigerer mellom dei mange ulike framstillingane og forståingane kring pupper, har eg vald det kvalitative forskingsintervjuet som utgangspunkt for innsamling av materialet. Sidan det er informantane tankar, haldningar og forståingar knytt til temaet som er av interesse til oppgåvas formål fell det naturlig å bruke intervjuet. Dette er fordi det er i intervjusamtalen at denne typen kunnskap lettast kan avdekkast (jf. Kvale og Brinkmann, 2017, s.84-93). For å skape eit materiale som er stort, variert og som kan vise ulike perspektiv, har eg vald to ulike former av det kvalitative forskingsintervjuet: Det kvalitative gruppeintervjuet kombinert med fleire individuelle djupneintervju (jf. Fägerborg, 2011, s.90-91). I dette kapittelet skal eg presentere framgangsmåten eg har tatt i bruk for å samle materialet samt ta opp ulike forskingsetiske og metodiske betraktnigar knytt til metodebruken og innsamlingsarbeidet. I tillegg skal også arbeidet med intervjuaterialet i etterkant av innsamlinga forklarast.

Planlegginga av innsamlingsarbeidet

Under planlegginga av korleis eg skulle gjennomføre innsamling av materialet valde eg, som nemnd, å ta i bruk to ulike typar kvalitative intervju. Det kvalitative gruppeintervjuet er ein metodisk framgangsmåte der generelle oppfatningar kring tematikken kan avdekkast. I tillegg til gruppeintervjuet ville eg kombinere det med fleire individuelle djupneintervju, då ein slik intervjsituasjon har meir rom til å dele og utdjupe kring eigene haldningar og følelsar (jf. Fägerborg, 2011, s.88-91). Eg valde å kombinere desse intervjutypane då eg hadde ein forventing om at den kulturelle betydinga kvinnebrystet har i dag kunne visast på to ulike nivå, den generelle og den personlige forståinga. Med utgangspunkt i problemstillinga vart intervjuguidane delt inn i tema eg opplevde som sentrale og relevante. Då eg sjølv kjem frå ein

liknande bakgrunn med tanke på alder, kjønn og sosial bakgrunn, opplevde eg meg sjølv på mange måtar som ein 'insider' (Fägerborg, 2011, s.95). I tillegg til faglitteratur og dei mange diskusjonane som er å finne i media, har eg også brukt mine eigne tankar og erfaringar kring tematikken i utforminga av dette prosjektet. Dette omhandlar både korleis kvinner sjølv opplever og forstår kvinnebrystet, samt korleis kvinner føreheld seg til eigen kropp og bryst i dagens samfunn.

I forkant av det følgjande arbeidet med utforming av spørsmål innsamlingsarbeidet, utarbeidde eg to informasjonsskriv som beskrev kva det innebar å delta i studia vart tilpassa dei ulike intervjugutypane. I byrjinga hadde eg planlagd å skilje mellom informantane på ein annan måte, der deira bakgrunn stod sentralt. Dermed hadde eg fire informasjonsskriv utarbeidd i samsvar med *Norsk Senter for Forskningsdata* (NSD) (De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene, 2016, punkt 8; NSD, 2019) sine retningslinjer. Då det viste seg at inndelinga med utgangspunkt i bakgrunn ikkje var mogleg å gjennomføre, eller fornuftig å gjere, føreheld eg meg til informantane som ei heilskaplig gruppe unge kvinner mellom 18 og 25 år.

To intervjuguidar og utforming av spørsmål

For å tilpasse intervjuguidane til dei ulike intervjuformane utarbeidde spørsmål som var like men tilpassa dei ulike formane. Grunnlaget for å skilje dei var fordi informantane ikkje skulle oppmodast eller pressast til å prate om private forhold og dele sensitiv informasjon i gruppeintervju, der fleire personar var tilstade (Datatilsynet, 2018; Norsk Senter for Forskningsdata, 2019). Spørsmåla vart difor formulert slik at informantane sjølv kunne velje å prate om det personlige om det falt naturlig i diskusjonen. Eit døme på eit spørsmål som vart tatt i bruk i gruppeintervjuet er til dømes: "Kva betyr pupper i forhold til seksualitet?". Ved å formulere det slik at heile gruppa vart inkludert i spørsmålet skulle ingen føle seg utpeikt og pressa til å svare personlig. Det er vanskelig å vete på førehand kva nokon opplever som ukomfortabelt å diskutere i plenum med ukjende personar. Med opne spørsmål kunne dei difor også velje å fortelje om personlige forhold sjølv. Då det i dei individuelle djupneintervjua berre er to personar tilstade var det derimot lettare å stille informantane personlige spørsmål. Difor vart det same spørsmålet formulert slik: "Kva betyr pupper for deg i forhold til seksualitet?".

Begge intervjuguidane gav ei skisse over det intervjuet dekka. Då formålet er å skape kunnskap i samtalen, samt å stimulere til ein positiv intervjustituasjon, falt dette naturlig å skrive det ned på førehand. Psykologane Steinar Kvale og Svend Brinkmann (2017) anbefaler å ta i bruk

netttopp ein slik intervjuguide med nedskrivne tema og spørsmål til å bruke som haldepunkt i intervjeta. Eg valde å semistrukturerte intervju, der rekkefølgja på dei nedskrivne spørsmåla ikkje var fastsett. Det er då også rom for å stille oppfølgingsspørsmål og ein kan prate utanfor det intervjuguiden dekker (jf. Kvale og Brinkmann, 2017, s.162). Eva Fägerborg (2011) meiner derimot at nedskrivne spørsmål kan vere til ulempe i ein intervjustituasjon. Ho argumenterer for at dette legg føringar på forskaren, då ein har lettare for å følgje spørsmåla slavisk og konsentrere seg meir om dette enn å lytte til informanten (2011, s.99). Dette var eit argument eg hadde i bakhovudet mens intervjuguidane vart utarbeidd, samt under intervjeta. Det var eit viktig at spørsmåla ikkje skulle ta alt fokuset under intervjeta då det er forteljingane som er viktige. Sjølv om eg på førehand hadde gjort meg opp nokre tankar om kva som kunne kome til å vere relevante tema, var det også viktig å vere open for at informantane kunne fortelje om andre forhold. Difor formulerte eg også opne opnings- og avslutningsspørsmål. Med desse hadde informantane moglegheit til å starte og avslutte intervjeta med det dei sjølv hadde tenkt på og som intervjuguiden kanskje ikkje dekka.

Alle informantane fekk intervjuguiden på førehand av kvart intervju. Eg valde å gjere dette då temaet er noko det finnes mange tankar og meningar om. Pupper og kropp kan ha ulike betydingar for ulike personar, og intervjuguiden kunne då vere med på å skape tryggheit og openheit kring det som skulle diskuterast. Vidare meiner eg at det kan opplevast som ein fordel å vere forberedt på kva som er planlagd at ein skal prate om, samt at ein kan forberede andre tema og spørsmål ein også vil prate om. Dette vart tatt spesielt i betraktning då eg inviterte informantane til gruppeintervjuet, då dette er ein situasjon der diskusjonen kunne gå fort. Eit anna argument for å sende intervjuguiden på førehand av gruppeintervjuet er moglegheita for at diskusjonen flyt betre er større. Det var likevel viktig å poengtere at det ikkje var eit krav at dei skulle ha lese gjennom før intervjuet. Ein kan også argumentere for at det å ha lese gjennom spørsmåla på førehand vil styre informantanes forteljingar. Viktige forhold vil kunne bli utelatt då dei kan tenkje at tema som ikkje er nemnde i guiden ikkje er viktige eller relevant. For å skape ein balanse var eg klår på at dette ikkje var tilfelle og at det var rom for å stille oppfølgingsspørsmål og snakke om andre ting informantane kom på undervegs. Under intervjeta var guidane tilgjengelige for informantane, slik at dei kunne ha dei som haldepunkt om det var ønskelig.

Alle intervjeta starta og vart avslutta med, som nemnd over, opne opnings- og avsluttingsspørsmål som ”er det noko dykk/du har tenkt på som dykk/du har lyst å starte med?”.

Opningsspørsmålet i dei individuelle djupneintervjua med informantane som hadde deltatt i gruppa på førehand var annleis formulert, nettopp fordi dei hadde deltatt tidlegare. Difor spurde eg heller ”er det noko du har lyst til å starte med, eller noko du har tenkt på sidan førre gong?”. Eit spørsmål som fungerte godt då informantane hadde moglegheit til å starte med det dei sjølv ville, eller om det var noko dei ville supplere med. Informanten kunne sjølv ta opp tema eller stille spørsmål dei hadde frå gruppeintervjuet. Det opne avsluttingsspørsmålet eg stilte på slutten av intervjeta lyder ”er det noko meir du kjem på som du har lyst til å snakke om, eller er det noko av det me allereie har snakka om du har lyst til å utdjupe?”. Med eit slikt spørsmål kunne informanten utdjupe tankar, forklare betre, eller stille spørsmål kring intervjuguiden eller andre tema som ikkje vart stilt under intervjuet.

Rekruttering av informantar og gjennomføring av intervjeta

Før eg starta å rekruttere informantar hadde eg bestemd at dei skulle få tildelt fiktive namn i staden for kodar eller tal, i materialet. Dei vart tildelt i alfabetisk rekkefølgje og er namn eg opplever som vanlige blant unge kvinner i dag, og er: Anne, Birgitte, Cathrine, Dina, Fredrikke, Gina, Hanne, Iselin, Janne og Kristina. Ein av hovudgrunnane til å gi dei namn var fordi det ville gi forteljingane deira ein meir personlig karakter i analysen. På grunn av tidsmessige- og økonomiske årsaker valde eg vidare å avgrense informantgruppa til å omfatte unge kvinner i Bergensområdet. Før arbeidet med rekrutteringa av informantar sette i gong planla eg å utføre to gruppeintervju med mellom fire og seks informantar i kvar gruppe. I tillegg ville eg utføre djupneintervju med eit utval informantar frå kvar av desse gruppene. Dette var ein framgangsmåte som viste seg å vere svært problematisk å gjennomføre, og resulterte i at innsamlingsarbeidet måtte endrast undervegs. Materialet består difor av eitt gruppeintervju med individuelle djupneintervju av to informantar frå gruppa. Saman med desse utførte eg seks individuelle djupneintervju med informantar utan tidlegare deltaking.

Gruppeintervjuet

Grunnen til å velje gruppeintervjuet som ein av to framgangsmåtar er fordi det gir eit stort og dynamisk materiale. Valet vart også tatt då samhandlinga mellom informantane i eit slikt intervju kan hjelpe ein å hugse og å tenkje – i tillegg til at informantane kan samanlikne erfaringar og kome med innspel til kvarandre sine historier. Eit anna positivt aspekt ved gruppeintervjuet som metode er at det vil kunne spegla diskursar i informantane omgjevnad og ein kan på denne måten få eit innblikk i deira røyndom (Brandt, 1996, s.146-148, 155-156).

Eit negativt aspekt ved gruppeintervjuet er derimot moglegheita for at nokre av informantane kan oppleve spørsmål eller tematikkar som problematiske å diskutere i plenum. Sjølv om eg på førehand ikkje hadde kunnskap om informantanes forhold til tematikken og korleis dynamikken i gruppa kom til å fungere, var det som ei intervjuform som fungerte godt. I tillegg til at informantane på førehand har fått innblikk i kva tematikkar og spørsmål som skulle takast opp i plenum ved å lese gjennom intervjuguiden på førehand, var det då heller ikkje nokre spørsmål som kom brått på. Det var også rom for informantane kunne vere tause om dei ikkje ville diskutere enkelte tema eller spørsmål. Ein kunne då heller gi ordet vidare til dei andre i gruppa (jf. Alver, 2013, s.18-19).

Rekrutteringsrunden av informantar til det fyrste gruppeintervjuet starta våren 2018 då prosjektet framleis var i planleggingsfasen. Eg sikta meg inn på studentar med erfaring på ulike kjønnsteoretisk emne ved Universitetet i Bergen, og fekk tillating til å kome å snakke med ei studentgruppe på ein forelesing. Etter å ha sendt rundt ei liste i forelesingssalen var det fem personar som meldte interesse. Eg informerte om at eg kom til å ta kontakt etter påska for å avtale tid og stad for intervju. Dette var nokre veker fram i tid, og etter eg sendte ut invitasjon var det ingen respons frå nokon av dei interesserte. I ettertid konkluderte eg med at det gjekk for lang tid mellom rekrutteringa og utsendinga av invitasjonar. På bakgrunn av dette vart rekrutteringsarbeidet lagt på is til etter sommaren.

Det nye rekrutteringsforsøket fann stad hausten 2018. Eg valde då å ta i bruk Facebook som medium for å nå ut til flest mogleg. Ved å ta i bruk denne plattforma kan ein kome i kontakt med betydelig mange fleire menneskjer enn på andre måtar. Ein kan også finne, og nå ut, til personar som er relevante og oppfyller kriteriene for å kunne delta på ein enklare måte enn elles. Eg la ut eit innlegg på mi private Facebook-profil med ein kort beskriving av prosjektet og informasjon om kva det det inneber å delta. I tillegg tok eg kontakt med to ulike Facebook-grupper med det eg såg som relevante medlem knytt til Universitetet i Bergen på ulike måtar. Før eg publiserte innlegget i gruppene sendte eg ei melding til den/dei som administrerte for å få tillating. Fleire av gruppene var private, og eg måtte difor vere medlem for å få tilgang. I innlegget oppmoda eg dei som var interesserte til å ta kontakt, anten ved å sende ei privat Facebook-melding eller e-post. Innlegget vart sett av dei studentane som var aktuelle, og eg fekk god respons frå fleire personar som ville delta. Med valet av dei ulike Facebook-gruppene er det klårt at informantgruppa ein når ut til i stor grad er studentar i Bergen, spesielt knytt til

Universitetet. Eg opplevde likevel at dette var ein god framgangsmåte for å rekruttere informantar, då ein når ut til ei stor gruppe menneskjer som var i riktig aldersgruppe.



Eline Andreassen Vea
12. oktober 2018 · 

Halloi!

Eg går på masterstudiet i Kulturvitskap ved Universitetet i Bergen, og held på å samle materiale til mastergradsprosjektet mitt som handlar om unge kvinner tankar og forhold til pupper. Eg er difor på utkikk etter informantar til å delta i eit gruppeintervju og eit mogleg individuelt intervju.

Er du student i Bergensområdet, mellom 18 og 25 år og kunne tenkje deg å snakke om eit tema som er mykje diskutert i dag? Eller kjenner du nokon andre som kunne tenkje seg å delta? Del gjerne og send med ei melding på messenger eller ein mail til eline.vea@student.uib.no

Gruppeintervjuet skal bestå av 5-6 deltakrar som skal prate om spørsmål om ulike sider ved tematikken (det blir ikkje lagt opp til at ein skal diskutere personlige forhold). Dette vil skje fortlaupande så snart plassane i gruppa blir fylt opp. Etterpå kan også du få ein førespurnad om å delta i eit individuelt intervju for å snakke om dei same tinga på eit meir personlig nivå. Dato for dette blir avtalt i ettertid.

P.S. om det er noko du lurer på i forhold til prosjektet eller intervjeta så er det berre å ta kontakt 😊

Bilde 1: Skjermdump av Facebookinnlegg publisert på min eigen 'vegg' som vart delt av kjende, samt også på ulike Facebookgrupper.

Med utgangspunkt i lukka, og små, Facebook-grupper var moglegheita for at dei potensielle informantane kjende til kvarandre stor. Dette er noko som kunne ha hatt ein negativ innverknad på gruppodynamikken, då slike relasjonar kunne ha påverka kor mykje eller kor lite informantane var villig til å dele (jf. Brandt, 1996, s.149, 159). Eg valde å ikkje ta stort omsyn til dette då eg heller prioriterte tidsramma for å fullføre innsamlingsarbeidet. Då det berre var fire informantar som sendte melding, som var minstegrensa, tok eg heller ikkje omsyn til korleis venskapsforholdet mellom informantane Cathrine og Dina kom til å ha innverknad på dynamikken. I tillegg var det informantane Anne og Birgitte som deltok i dette gruppeintervjuet. Dato, tid og stad vart vidare avtalt mellom meg og informantane via privat Facebook-melding. På intervjudagen var det klårt at det allereie eksisterande forholdet mellom informantane var varierande, men dei fleste kjende til kvarandre i noko grad. I forkant av intervjuet kjøpte eg inn sjokolade og hadde eit utval varm drikke tilgjengelig for å skape ei

avslappa atmosfære. Eg plasserte diktafonen på midten av bordet for å ta opp samtalens. Dette var noko informantane vart gjort merksam på, på førehand og noko som vart gjort ved dei påfølgjande intervjuene. På bordet plasserte eg informasjonsskiva som skulle signerast, i tillegg til kopiar av intervjuguiden. Stemninga i gruppa fungerte godt, samtalens fløyt og var dynamisk mellom informantane. Dei snakka nokre gonger i munnen på kvarandre, og det hendte dei avbrøyt kvarandre. Likevel var det ikkje noko eg opplevde som unaturlig i sjølve intervjustituasjonen. Det gjorde derimot enkelte delar av opptaket vanskelig å tyde i ettertid. Eit resultat av dette var at transkripsjonen er noko mangefull enkelte stader. Eg opplevde vidare at tempoet i diskusjonane under gruppeintervjuet gjorde at det ikkje kom naturlige punkt for meg å stille oppfølgingsspørsmål utan å avbryte. Det var først då samtalens kring eitt av spørsmåla døydde av at eg kunne ta ordet og stille neste spørsmål. Sjølv om dette resulterte i at informantane snakka lite utanfor temaa som var nedskrivne, vart det likevel utfyllande svar og diskusjonar som oppstod.

Rekrutteringa av informantar til det andre gruppeintervjuet vart igjen gjennomført på Facebook. Eg omforma det same innlegget og publiserte det på mi private profil. Det vart delt i to Facebook-grupper med varierande størrelse tilhøyrande to ulike fagutval ved Universitetet i Bergen. Eg valde også å publisere innlegget i gruppa *UiB – Børs – Kjøp/selg bøker, billetter og annet* med over 14 000 medlem denne gongen. Denne nye rekrutteringsrunda resulterte i fem personar med ulik studiebakgrunn som meldte si interesse. Dato, tid og stad vart avtalt mellom meg og kvar enkelt informant, slik som ved sist gruppeintervju. Dette gruppeintervjuet vart ikkje brukt vidare i analysen då det berre var to av informantane som møtte. Dei hadde ikkje moglegheit til å stille til fleire intervju i ettertid, og dermed har ikkje fått tildelt fiktive namn eller blitt tatt med i analysen av intervjuaterialet. Dei to som ikkje møtte til dette gruppeintervjuet var Fredrikke og Gina, som deltok i kvar sitt individuelle djupneintervju i ettertid.

Dei individuelle djupneintervjuia

Til forskjell frå gruppeintervjuet har det individuelle djupneintervjuet ei noko anna form. Dette kan opplevast som ein formell situasjon når det berre er to personar tilstade, særleg når ein har klårt definerte roller (Fägerborg, 2011, s.90; Kvale og Brinkmann, 2017, s.22). Ved å ta i bruk nokre verkemiddel prøvde eg å skape ei meir avslappa atmosfære og motarbeidde ein slik følelse av situasjonen. Tilboden om varm drikke og sjokolade vart difor brukt som eit verktøy for å minske denne kjensla, saman med uformell prat før intervjuet starta. Mi rolle som forskar

tar også ei anna form i ein intervju situasjon med berre to personar tilstade. Der eg opplevde meg sjølv som ein ordstyrar i gruppeintervjuet, var eg meir som ein samtalepartner i det individuelle djupneintervjuet. Det kjendest også meir naturlig å stille oppfølgingsspørsmål på eit meir personlig nivå i desse intervjua.

Rekruttering av informantane Anne og Birgitte vart gjort over privat melding på Facebook i etterkant av gruppeintervjuet. Eg valde å invitere desse to til å delta i nye intervju på bakgrunn av den alfabetiske rekkefølgja på dei fiktive namna dei fekk tildelt. I tillegg til Anne og Birgitte, rekrutterte eg som tidlegare nemnd Gina og Fredrikke til gruppeintervjuet som ikkje vart brukt. Eg ville også utføre fleire individuelle djupeintervju då eg ikkje opplevde at det innsamla materiale var stort nok. Då me hadde kome så langt at det var siste innspurt før eksamenstida før jul, vart den nye rekrutteringsrunda utsatt til starten av januar 2019. I fyrste omgang skulle eg berre utføre 1 – 2 nye individuelle djupneintervju, og publiserte eitt nytt Facebook-innlegg. Dette innlegget var likt det føregåande men med noko anna ordlyd slik at det vart presisert at det var informantar til individuelle djupneintervju eg trong.

Eline Andreassen Vea
12. oktober 2018 ·

Haloi!

Eg går på masterstudiet i Kulturvitskap ved Universitetet i Bergen, og held på å samle materiale til mastergradsprosjektet mitt som handlar om unge kvinner tankar og forhold til pupper. Eg er difor på utkikk etter informantar som vil delta i individuelle intervju.

Er du kvinne som held til i Bergensområdet, mellom 18 og 25 år og kunne tenkje deg å snakke om eit tema som er mykje diskutert i dag? Eller kjenner du nokon andre som kunne tenkje seg å delta? Del gjerne og send meg ei melding på messenger eller ein mail til eline.vea@student.uib.no

Intervjua vil skje fortløpande, og du kjem til å snakke om tematikken ut i frå spørsmål eg har. Dette vil skje på universitetsområdet og vil ta ca. 1 time. Dato og klokkeslett blir avtalt med kvar enkelt informant 😊

Det er anonymt å delta!

P.S. om det er noko du lurer på i forhold til prosjektet eller intervjeta så er det berre å ta kontakt 😊

Bilde 2: Innlegget som vart delt for å rekruttere nye informantar i Januar 2019. Innhaldet i teksten er noko endra frå det førre innlegget. Det er den same publiseringdatoen på begge innlegga.

Denne gongen publiserte eg innlegget på mi eiga private Facebook-profil, samt i gruppa UiB – Børs – Kjøp/selg bøker, billetter og annet, som tidlegare. Dette resulterte i totalt sju personar

som tok kontakt. Eg valde å invitere fleire informantar enn nødvendig til djupneintervju grunna fråfallet eg opplevde under innsamlingsarbeidet hausten før. Eg gjekk då etter 'fyrste-mann-til-mølla-prinsippet' og sendte invitasjon til dei fire fyrste som sendte melding. Informantane som stilte til dei fire siste djupneintervjua var Hanne, Iselin, Janne og Kristina.

Dei to fyrste individuelle intervjeta, med Anne og Birgitte, fungerte godt i kombinasjon med gruppeintervjuet. Det er ikkje nødvendigvis slik at ein fortel om sine inste tankar og følelsar, eller føler seg komfortabel med å opne seg i plenum. I tillegg vil eit slikt intervju i etterkant av eit gruppeintervju gi informantane tid til å tenkje gjennom det som har blitt diskutert. Informantane får då også moglegheit til å oppklara ytringar eller å supplere på noko dei har kome på i ettertid. Det viste seg også å vere ei gylden moglegheit for meg å høre gjennom opptaket av gruppeintervjuet på førehand. Eg kunne dermed også stille oppfølgjande- og supplérande spørsmål til informantane om noko var uklårt eller om det var noko som kunne vore utforska djupare.

Alle dei individuelle djupneintervjeta vart utført på i ulike grupperom fordelt på to bygg på universitetsområdet. Nokre var mindre enn andre vart tatt i bruk tidlegare. Dette gjorde at det nokre gonger var vanskelig å plassere rekvisittane slik at det skulle følast som ein naturlig plassering av meg og informantane. Informasjonsskriva, intervjuguiden og informantens kopp vart plassert slik at det skulle signalisere kor informanten skulle setja seg, noko som ikkje alltid fungerte. Plasseringa av desse rekvisittane var i stor grad avhengig av kor vindaugen i rommet var. Eg valde plasserte meg sjølv framfor vindaugen, då eg ville at informantane skulle ha moglegheita til å la blikket vandre ut mens dei tenkte. Dette var eit forsøk på å prøve å skape ei uformell atmosfære, då eg ikkje ville tvinge på dei blikkontakt. Kvaliteten på grupperomma var også noko varierande, då spesielt med tanke på intervjeta med Anne og Iselin. Støy frå arbeid i byggets underetasje var forstyrrande under intervjuet med Anne, som resulterte i at informanten falt ut av tankerekka fleire gonger. Det gjorde også at opptaket av intervjuet til tider var vanskelig å tyde på grunn av den høge lyden. Rommet som vart tatt i bruk til intervjuet med Iselin hadde problem med det automatiske lyset i taket som skrudde seg av etter kort tid når ingen bevegde på seg. Dette gjorde at me begge løfta armane for å halde lyse på fleire gonger, noko som me begge opplevde forstyrrande.

Trass noko ulik framgangsmåte har dei ulike individuelle djupneintervjeta vore fruktbare og gitt eit fyldig materiale. Der bruken av gruppeintervjuet i kombinasjon med individuelle

djupneintervju fungerte vart resultatet spesielt innhaldsrikt. Informantane refleksjonar og tankar kom godt fram i desse tilfella.

Metodiske og forskingsetiske betraktnigar etter materialinnsamlinga

Under arbeidet med materialinnsamlinga var det fleire metodiske og forskingsetiske utfordringar som oppstod. Knytt til det fyrste gruppeintervjuet var den planlagde tidsramma for gjennomføringa i utgangspunktet satt til mellom 60 og 90 minutt, som informantane vart informert om på førehand. Det som viste seg var at dynamikken fungerte så godt at diskusjonen varte i nærare to og ein halv time. Då eg ikkje utførte pilotintervju før eg sette i gong med materialinnsamlinga hadde eg ikkje på førehand avdekka slike moglege problem. Då alle vart overraska over tidsbruken, og nokre hadde behov for å gå, la det føringar på kor lang tid dei to siste temaa i intervjuguiden fekk. På bakgrunn av dette valde eg å legge fokus på desse i dei påfølgjande individuelle djupneintervjuia, spesielt med Anne og Birgitte. Vidare var tidsperspektivet i stor avgrensande for gjennomføringa av gruppeintervjuet kombinert med individuelle djupneintervju. Med tanke på kor mykje tid som vart brukt på å planlegge og gjennomføre intervjuia, samt å fulltranskribere desse, var det ikkje mogleg å gjennomføre fleire kombinerte intervju på same måte.

Eit anna problem som oppstod er knytt til det andre gruppeintervjuet, som ikkje vart tatt i bruk, handlar både om forskingsetisk problemstilling samt ei metodisk utfordring. Fyrst må det peikast på at eg valde å ikkje rekruttere informantar som eg hadde kjennskap til på førehand på grunn av dei sensitive personopplysningane som kunne kome fram. Dette er informasjon som vert problematisk å dele med personar ein har eit forhold til på grunn av maktposisjonen forskarrolla gir, og som kan påverke relasjonen mellom meg og deltarane. Eit resultat av dette kriteriet var at ein person som skulle vere med i det andre gruppeintervjuet ikkje kunne delta. Dette var fordi eg oppdaga at det var ein person eg kom til å få kjennskap til knytt til ein studentorganisasjon. Det var også fleire andre personar som hadde lyst å delta som eg valde å ikkje invitere til intervju på grunn av dette kriteriet. Ei anna forskingsetisk problemstilling som oppstod med gjennomføringa av det andre gruppeintervjuet var mangelen på informantar som kom til avtalt tid. Eg valde å gjennomføre intervjuet med dei to informantane som var tilstade, men opplevde dette som svært problematisk. Det oppstod ikkje ein god gruppodynamikk, då eg som forskar påverka denne i stor grad denne (jf. Zackariasson, 2005, s.154). Mitt blikk vart oppfatta av informantane som tillating til å prate, noko som resulterte i ei skeivfordeling av kven som faktisk prata. Svara på spørsmåla eg stilte vart også korte og lite utfyllande. Sjølv om

gruppeintervjuet saman med dei individuelle djupneintervjua egna seg godt til prosjektets formål, var det avhengig av kor mange som deltok. Det var tydelig at mi rolle hadde ein innverknad informantane då dei berre var to.

Når det gjeld forskarens maktposisjon i intervjeta er det viktig å peike på at det alltid vil vere ein form for asymmetri. Likevel kjendest djupneintervjua meir som ein dynamisk samtale mellom to likestilte partar. Eit aspekt eg meiner har verka inn på denne følelsen er insider-perspektivet då dette har gjort det lettare å forstå det informantane fortel. I tillegg til dei positive aspekta ved insider-perspektivet, vil det også kunne gjere det vanskeligare å fange opp det som oppfattast som naturlig og sjølvsagt i informantanes forteljingar. Samstundes opplevde eg at min bakgrunn verka inn på korleis informantane oppfatta meg som ein samtalepartnar. Trass den følte symmetrien er det likevel ei skeivfordeling av makt i ein intervjustituasjon som må takast omsyn til (jf. Alver og Øyen, 1997, s.131-132; Pekkala, 2007, s.178-186; Fägerborg, 2011, s.93-95; Kvale og Brinkmann, 2017, s.51, 125).

Ei anna viktig forskingsetisk betraktnign som vart gjort på førehand av alle intervjeta var at alle informantane skulle informerast om kva det ville innebere å delta, og kva rett dei hadde. I tillegg til dette fekk dei informasjonsskrivet tilsendt på privat melding via Facebook saman med intervjuguiden der den same informasjonen var nedskriven meir utfyllande. Det viktige var å få fram at ingen personidentifiserande informasjon utanom kjønn, aldersgruppe og at dei var busett i Bergensområdet skulle brukast. I tillegg vart dei informert om at dei fekk lese gjennom transkripsjonen før den vart tatt i bruk i analysearbeidet, og hadde moglegheit til å koma med innspel eller kommentalar. Informantane vart også informert om at eg som forskar er etisk forplikta til taushet både ovanfor deira identitet, samt det dei fortalte før intervjuet starta. Denne informasjonen i tillegg til informantanes signering av skriva var del av det informerte samtykket som gis. Det vart også poengterte at det var frivillig å delta, at ingen skulle føle seg pressa til å delta om dei ikkje ville, samt at det var mogleg å trekke seg på førehand og i etterkant (jf. Skilbrei, 2013, s.51; Kvale og Brinkmann, 2017, s.104-106).

Avidentifiseringa av informantane og transkripsjonen som skulle sendast til dei som hadde deltatt i gruppeintervjuet var ein forskingsetisk problemstilling eg lenge lurte på korleis kunne løysast på best mogleg måte. Handteringa av informantanes personopplysningar stod sentralt i denne vurderinga, då særleg dei ekte namna deira og sensitive personopplysningar om deira seksuelle orientering og helseopplysningar hadde kome fram i laupet av intervjuet (jf. De

Nasjonale Forskningsetiske Komiteene, punkt 6, 2016; Datatilsynet, 2018; Norsk Senter for Forskningsdata, 2019). Heile samtalene var skrive ned i eitt dokument med dei fiktive namna informantane hadde fått tildelt. Sjølv om dei var avidentifisert for utanforståande, ville dei kunne kjenne kvarandre igjen. Å berre lese eigne ytringar kunne vore unaturlig for informantane og samanhengen ville vore vanskelig å forstå. Sidan det ville vore unaturlig å dele opp transkripsjonen, og dermed også samtalene og konteksten, valde eg å sende heile transkripsjonen frå gruppeintervjuet til alle som hadde deltatt til kvar enkelt på e-post. Informantane fekk berre vete sitt eige fiktive namn slik at dei kunne finne seg sjølv i transkripsjonen. Anna identifiserande informasjon som kom opp i intervjuet vart fjerna. Sjølv med desse førehandsreglane, er det likevel slik at informantane sit igjen med erfaringa og minner frå gruppeintervjuet. Avidentifiseringa kunne difor ikkje utførast fullstendig då informantane ville kunne hugse det dei andre har fortald og kven dei var i noko grad.

Transkripsjon og koding av intervju

Eg sette i gong med transkriberinga av intervjuet kort tid etter dei var fullført. Då faktorar som til dømes kroppsspråk, korleis ein sit og gestar er noko som ikkje kjem med på opptaka, var det viktig å få skrive ned mens dei framleis var fest i minnet. Dette kan vere viktig moment å få med i transkripsjonen då intervjustituasjonen også handlar om kroppsleg kommunikasjonen (Kvale og Brinkmann, 2017, s.125). Sjølv om denne kommunikasjonen er mindre viktig i forhold til det eg undersøker, var det enkelte gestar som demonstrerte det informantane fortalte. Slike gestar vart ikkje nødvendigvis beskrive med ord, og dermed viktig å få skrive ned mens eg ennå hugsa det frå intervjuet. Eit døme på dette var då informanten Anne viste kor djup utringinga på ein kjole ho hadde på seg på eit skuleball var.

Når det kjem til den faktiske transkripsjonsmetoden er det fleire framgangsmåtar som kan takast i bruk. Dette er då avhengig av kva som er viktig å få fram i materialet. Eg valde å transkribere slik at forteljingane vert skrivne tilnærma ordrett ned og fokuserte ikkje på talen og uklårheitene som oppstod. Mellom anna har eg fjerna unødvendige gjentakande fyllord som ”heldt eg på å seie” og fleire av ”hm” og ”ehm”. Då informantane ler, anten aleine eller i fellesskap, har eg markert med anten ”hehehe” eller *latter*. På same måte har eg også markert då informantane i gruppeintervjuet er einige med *gruppa er einig*. Dette er for å unngå å skrive at kvar enkelt informant seier ”ja” eller ”mhm”. Dette er ord og lydar som kan oppfattast som samtaledrivrarar, men som ikkje er relevant å legge fokus på i forhold til denne studia. Forskjellen på lange og

korte pausar skil eg med 2-3 punktum eller komma, avhengig av kor lang pausen var. Slutten av ein setning er markert med ein enkelt punktum.

I gruppeintervjuet har eg også markert der informantane avbryt kvarandre, fullfører setningane til kvarandre, eller snakkar samtidig med *snakkar samtidig* etterfølgt av 3 punktum før og etter det som vert sagt. Dette vart sjåande til dømes slik ut:

snakkar samtidig

C: ..jo jo, men når det er..

D: .. men når det er på ein fest, det er det eg tenkjer liksom, fordi eg kjenner ikkje folk då alle like godt..

C: ..nei nei, sjølv sagt..

D: ..så det er heilt andre relasjonar enn nære vener (Gruppeintervju, s.12).

I desse tilfella hendte det fleire gonger at ord eller setningar forsvann på opptaka då eg ikkje klarte å skilje stemmane og orda frå kvarandre. Eg har då anten markert med *uklår tale* der det ikkje var mogleg å tyde ein eller fleire setningar. Om det berre var nokre ord som forsvann markerte eg det med 2 – 3 punktum i parantes. Då sitat frå intervjua brukast i analysen vert også 2 – 3 punktum i parantes brukt der ikkje heile setningar, eller utdrag frå lengre avsnitt, vert tatt i bruk. For å forbetra lesbarheita til sitata som vert brukt i analysen har eg vald å legge til ord der meiningsinnhaldet forsvinn utan (jf. Klein, 1990, s.48-49; Nilssen, 2014, s.50). I desse tilfella står dei tilførde orda i hakeparentes, og vert sjåande til dømes slik ut: ”(...) Om du skal sitte i kantina og få merksem [for ein] BH du har på deg” (Kristina, 00:26:18).

Totalt samla kom alle transkripsjonane på 139 sider. Dette er ikkje representativt for den totale lengda på alle intervjuia då dei fire siste intervjuia ikkje vart fulltranskribert. Eg høyrd likevel nøye gjennom opptaka og skrev ned viktige moment i stikkordform. Relevante sitat som kunne brukast vart skrivne ned ordrett i transkripsjonen. Sjølv om desse transkripsjonane ikkje vart sjåande ut slik som dei fem første, er dei vekta like mykje i analysen av materialet. Ein annan forskjell på transkripsjonane er at eg har brukt sidetal i dei fem første, mens tidsstempel vert registrert i dei fire siste. På denne måten var det lettare å finne fram tilbake til ytringar i lydfilene då dei fire siste intervjuia ikkje vart fulltranskriberte. Det vert difor referert til både sidetal og tidsstempel der sitat frå dei ulike transkripsjonane vert tatt i bruk.

Det er viktig å påpeike at transkripsjonar er tolkingar av det talte ord, slik som Kvale og Brinkmann (2017) skriv ”Transkripsjoner er kort sagt svekkede, dekontekstualiserte gjengivelser av direkte intervjuamtaler” (2017, s.205). Eg som forskar fortolkar det eg høyrer og har sett under intervjeta. Likevel kan ordrette transkripsjonar opplevast problematiske då dei ikkje er dekkande for den munnlege samtalen. Forskaren transformerer nemlig det talte språket til ein nedskriven tekst, og det kan dermed sjåast som ei omsetting farga av forskaren sine forståingar. Det er med andre ord ei analytisk akt (Klein, 1990; Kvale og Brinkmann, 2017, s.205). I *Transkribering är en analytisk akt* skriv etnologen Barbro Klein (1990) at den som transkriberer må sjølv utarbeide ein transkriberingsmetode som fungerer for hen. Ein må også tenkje analytisk når ein transkriberer, og ein bør difor først og frems fokusere på dei aspekta som er relevante for formålet med studien. Klein peiker på at det difor ikkje nødvendigvis er viktig å skrive ned alt det som kan høyrast på opptaket, men heller å jobbe metodisk for å lage eit grunnlag for innsikt i materialet (1990, s.62-63). I tillegg til å fokusere på innhaldet, har eg vidare to argument for å transkribere intervjeta direkte på nynorsk i staden for på informantane dialekt.

Eit alternativ kunne ha vore i fyrste omgang å transkribere intervjeta på den dialekta informantane hadde for så å skrive dei om før bruk i analysen. Dette såg eg på som unødvendig tidsbruk. Eg valde å behalde nokre slangord i transkripsjonane, mens det overordna skriftspråket er nynorsk. Det kan også argumenterast for at det ville vore lettare å identifisere informantane om intervjeta deira var skrivne på dialekt, då fleire var frå mindre bygder og tettstader i Noreg som studerer i Bergen. Å skrive transkripsjonane direkte på nynorsk letta også etterarbeidet, både fordi eg ikkje trong å skrive om transkripsjonen i ettertid men også fordi det var lettare å aidentifisere informantane. Med transkripsjonar på dialekt var også faren for at ein hadde brukt tid på å finne eventuelt meiningsinnhald stor. Verken ord- eller språkbruk stod sentralt i analysen, men heller forteljingane til informantane.

Det andre argumentet for å ikkje gjengi forteljingane ordrett er at pausar, host, latter, gjentakande ord og uttrykk i tillegg til talefeil eller feilformuleringar kan sjå ut som ”usammenhengende og forvirret tale, og også som indikasjon på svakt intellektuelt nivå” (Kvale og Brinkmann, 2017, s.213). Dette var spesielt med tanke på at informantane skulle lese gjennom og godkjenne transkripsjonane i ettertid. Difor såg eg på det som hensiktsmessig å skrive transkripsjonane på ein meir lesarvennleg måte (jf. Kvale og Brinkmann, 2017, s.213-

214). Ytringane og forteljingane vert på denne måten meir samanhengande, mens innhaldet vert verande dei same. Fokuset har difor også vore på at materialet ikkje skulle ringast eller endrast på i transkriberinga av intervjeta. Undervegs i dette arbeidet skreiv eg ned stikkord som gjekk igjen som samtaleemne på tvers av intervjeta, som pedagogen Vivi Nilssen (2014) kallar ”open koding”. Med denne framgangsmåten tenkjer ein stadig analytisk over materialet, slik som Barbro Klein (1990) beskrev det å transkribere som ei analytisk akt der ein stadig ser etter samanhengar. Når ein kodar materialet reduserer ein store mengder data til nokre få tema eller kategoriar (2014, s.78-85). På denne måten set ein namn på mönstra ein finn, og ein jobbar stadig med å finne den raude tråden. Formålet med å kategorisere intervjuaterialet er at dei skal kunne seie noko kva som er felles samt om det er tema informantane er ueinige om.

Transkripsjonane av intervjeta vart sendt til informantane fortlaupande så snart dei var ferdige. Til dei fire siste informantane peikte eg på at intervjeta ikkje var fulltranskribert, og at det difor ikkje nødvendigvis ville vere representativt for heile samtalen. I tillegg la eg ved ein frist for å koma med ein tilbakemelding om det var noko dei ville endre eller fjerne. På denne måten sikra eg at om informantane hadde kommentarar måtte dei sende eit svar innanfor ei gitt tidsramme. Analysearbeidet kunne dermed setjast i gong etter tidsfristen var gått ut.

Kapittel 4

Det moderlige og det seksuelle brystet

Skiljet mellom det moderlige og det seksuelle brystet har vist seg å vere eit viktig moment i informantane forteljingar om pupper. ”[Puppene] er viktige for å føle seg feminin” uttale informanten Kristina i det individuelle djupneintervjuet (00:01:08). I tillegg kjem det fram i intervjuet med Kristina og Fredrikke at dei meiner brystas biologiske funksjon er ein viktig faktor for denne følelsen av å vere kvinne. Dette er ei forståing fleire informantar delar sjølv om det er ingen av informantane som har praktiske erfaringar med å amme barn. I fleire intervju har det også blitt poengtatt at denne biologiske funksjonen til brysta vert sett som den *eigentlige* og *oppavelege* funksjonen. Som eit symbol på deira kvinnelige identitet, kan fråveret av bryst skape ei usikkerheit kring denne identiteten. Eit døme på ein slik usikkerheit kjem til syne når informanten Fredrikke fortel om då bestemora vart behandla for brystkreft for mange år tilbake. Etter ein masektomi og fleire rundar med cellegift, mista bestemora begge brysta og håret. Mangelen på desse tinga var noko som verka sterkt inn på Fredrikke som barn:

[Eg] hugsar eg var ganske lita og då syntes eg ho likna veldig på morfar. Fordi ho hadde ikkje pupper og ho hadde ikkje hår. Og det var på ein måte to ting då ein er liten, då veit ein at dei er ei dame. Om dei har pupper og hår (Fredrikke, s.1-2).

Brysta og håret var kroppslige faktorar informanten opplevde som avgjerande for korleis ho oppfatta bestemoras utsjånad. Mangelen på dette som ofte knytast til kvinner og det å vere kvinnelig gjorde det vanskelig for Fredrikke å tolke symbola bestemoras kropp utstråla. Hennar oppfatning av bestemora forandra seg som eit resultat av dette fråveret. Desse sitata henta fra intervjuet med Kristina og Fredrikke er illustrerande for forståinga av den store symbolske verdien kvinnebrystet rommar for informantane. Ein symbolsk verdi som verkar inn på, og er tett knytt til, det å vere kvinne i dag.

Eit viktig moment i informantane forteljingar har vist seg, som nemnd, å vere forståinga av brystas biologiske funksjon som ei kjelde til mat som den ekte og underliggende funksjonen. I denne samanheng spelar puppene sekuelle funksjon ei viktig rolle då skiljet mellom desse to kategoriane, slik som Iris Marion Young (2005) argumenterer for, står sentralt i informantane forteljingar. Gjennom erfaringar og forteljingar om sine kvardagslige forståingar av kor og kva tid det til dømes er legitimt at brystvortene synast, kjem deira forståingar av skiljet mellom det

moderlige og det seksuelle brystet til syne. Den seksuelle kategorien brysta kan plasserast innanfor kan også finnast i forteljingar som viser haldningar og forståingar knytt til kor og kva tid kløfta kan framhevest utan at det vert oppfatta som vulgært og upassande. Kva brysta er og kva dei betyr for informantane står sentralt i dette kapittelet. Informantanes haldningar knytt til dei to kategoriene puppene plasserast innanfor, den moderlige og seksuelle, skal utforskast i det følgjande.

Det moderlige brystet

Eg trur at då Funkygine⁵ satt på God Morgen Norge [og amma] viser det berre at ingenting kan stoppe ei dame som treng å gi mat til babyen sin. Og det er jo det einaste dei er der for. Eigentlig, i bunn og grunn (Anne, s.10).

Dette sitatet er illustrerande for ei generell forståing blant fleire av informantane om at brystet har ein naturlig og underliggende funksjon. Trass den manglande praktisk erfaring er det likevel eit tema dei fleste har sterke meininger om. Med forståinga brystets biologiske funksjon som den grunnleggande opplever informanten Hanne at brysta i hovudsak berre er eit verktøy som skal mate barn. På bakgrunn av denne forståinga stiller eg informanten eit spørsmål om kva forhold ho har til det seksuelle brystet. Hanne fortel då at ho er kritisk til denne samankoplinga og stiller seg uforståande til korleis menn kan oppleve pupper som seksuelle. Dette utdjupar ho då ho fortel:

Det er to feittklumper som skal brukast til å amme [med] liksom, hehe, så eg forstår ikkje korleis ein gut kan synast det er veldig fint med feittklumper. Men det synes dei, ofte, hehehe (Hanne, 00:19:47-00:20:59).

Svaret til Hanne viser hennar forståing av brystet som ein biologisk kroppsdel som i utgangspunktet skal brukast for å mate barn. Det som også er interessant å peike på her er at ho opplever at det oftast er menn som ser på kvinners bryst som ein seksuell kroppsdel. Noko Hanne stiller seg uforståande til. Informanten Fredrikke fortel også om ein liknande forståing når ho utdjupar kring sine tankar om brystas biologiske og seksuelle funksjon:

Reint biologisk så er puppene til for å amme.. det skal berre vere ein ting ein får mjølk av (...) Pupper er jo fyrst og frems reint evolusjonært noko me får mat av, ikkje eit sexsymbol liksom (Fredrikke, s.6, 8).

⁵ Påverkaren Jørgine Massa Vasstrand.

Måten informantane opplever det ammande brystet som naturlig ser altså knytt til ei forståing av at det har ein ekte og underliggende funksjon. I denne samanheng fortel fleire om sine synspunkt knytt til det å amme offentlig. Alle informantane fortel at dei stiller seg uforstående til kritikken ammande mødrer kan oppleve når dei ammer barna sine i offentlige rom. I denne samanheng er det sterke meininger om brystas plass i det offentlige rom som kjem fram, trass manglande personlig erfaring. I intervjuet med Fredrikke spør eg kva ho synes om at kvinner ammer i offentlige rom. Til dette svarar ho ”om babyen din er svolten, kva skal du gjere då? Skal du berre sitte å gøyne deg under ein paraply? Det er så dumt!” (Fredrikke, s.9).

På bakgrunn av denne forståinga som er å finne i informantane forteljingar kan ein sjå at det finnes sterke meininger kring kvinnernas trøng til å gøyne seg og barnet sitt. Å amme er ei handling dei opplever er naturlig og ufarlig, og difor at det å problematisere denne handlinga burde vore unødvendig. Det som vert sett som kjelda til det problematiske forholdet informantane uttrykker til å amme i offentlige rom ser ut til å vere knytt til andre sitt blikk, og kven som ser det nakne brystet. Carolyn Latteier (1998) hevder at det å amme barn ikkje er noko som nødvendigvis fell naturlig for alle kvinner, då brystet har vore så tett knytt til eins seksualitet før det plasserast innanfor den moderlige kategorien. Kvinnernas følelse av amming som ei plikt styrar likevel over eins eige behov for å skjule dei nakne brysta, og den potensielle symbolikken dei kan utstråle (jf. 1998, s.10-11, 89). Det er denne seksuelle symbolikken som kan tolkast i andre sitt blikk informantane uttrykker er eit problem knytt til amming i offentlige rom.

Informanten Anne er den einaste som fortel om noko erfaring kring amming då ho nett har blitt tante. Ho har dermed observert korleis systerter handterer amming og pupper i sin kvardag, og fortel om hennar erfaringane knytt til dette. Som dei andre informantane har også Anne sterke meininger knytt til offentlig amming og stiller seg negativt til kvinnernas trøng til å dekke seg til for å unngå andre sitt blikk. Då informanten fortel at brystas biologiske funksjon er den eigentlige og underliggende, kan hennar sterke meininger knytt til offentlig amming sjåast i samanheng med den seksuelle symbolikken ho opplever nakne bryst elles utstrålar. Når brysta plasserast innanfor den moderlige kategorien undertrykkast den seksuelle symbolikken for dei som er fysisk involvert. Det betyr likevel ikkje at andre, framande, ser på dei nakne brysta som noko anna enn seksuelt. Informantane meininger kring amming i offentlig rom kan dermed sjåast i samanheng med ein følelse av at ein ikkje vil at kroppen skal tolkast seksuelt i ein slik ’naturlig’ situasjon. Samstundes er det ein tanke om at kvinner ikkje vil at synet av dei nakne

brysta skal fornærme dei som er rundt, som kanskje ser på. Iris Marion Young (2005) argumenterer for at kvinner var motvillige til å amme barna sine offentlig på det amerikanske kontinentet tidlegare på grunn av ein seksualisert og fetisjert kultur som råda (2005, s.88). Informantanes forståing av kvinners problematiske følelsar knytt til offentlig amming ser ut til å botne i tanken om at brystas seksuelle symbolikk skal tolkas uavhengig av situasjonen dei oppstår i. Denne frykta for andre sine tolkingar står dermed sentralt i informantanes forteljingar.

Ser me tilbake til Anne som fortel om søsteras handtering av si nye rolle som mor, fortel ho:

[Ho sender] puppebilete til meg, og til faren min og til broren min, og til svigerforeldra heile tida, for ungen henger jo fast på puppen sant, og ho tenkjer ikkje på at det er noko seksuelt. Og det er jo ikkje heller det (Anne, s.10).

I situasjonar der det er personar ein har eit forhold til ser det derimot ut til at den nakne puppen ikkje er problematisk å vise. Dette kan også vere fordi dei som mottar slike bilet, som Anne fortel, er familiemedlem som elles ikkje ser brysta som seksuelle. I motsetning til slike kjende omgjevnadar Anne fortel om, har søstera også opplevd ubehag og frykt knytt til framande sine reaksjonar då ho har amma offentlig. Ho fortel om ein gong søstera måtte stoppe bilen for barnet var svolten og ikkje slutta å gråte. I denne situasjonen kjente søstera til Anne på ei frykt då ho følte det var ein situasjon der ho kunne bli kjefta på av framande. Eit anna utfall søstera frykta var at nokon skulle ha utnytta situasjonen og stjåle verdisaker eller bilen. I eit anna tilfelle opplevde ho at to framande menn såg ubehagelig på ho og ei veninne då dei var på kafé og måtte amme barna sine (Anne, s.10-11). Relasjonen og situasjonen rundt det nakne, og ammande, brystet ser ut til å vere ein viktig faktor for at mødrer skal føle seg komfortable. Frykta for at nokon skal tolke situasjonen som upassande, eller utnytte det at ein er makteslaus mens barnet ammer, var verkelege for søstera til Anne.

Ut frå desse forteljingane, og ikkje minst haldningane informantane har, knytt til det å amme offentlig finnes det altså ei oppfatning av at ein som kvinne og mor ikkje ukritisk kan setja seg for å amme utan å skape negative reaksjonar. Informanten Birgitte meiner at trøngen mødrer har, heng saman med trøngen fleire har til å passe på korleis kroppen vert tolka i andre sitt blikk. Ho utdjupar sine tankar kring tematikken i det individuelle djupneintervjuet:

Eg tenkjer jo at om alle kunne vere avslappa til brysta sine så hadde det vore supert, men kanskje fordi brysta får ein ny funksjon med ein gong ein får ein baby. Mens.. før

det så har dei ein annan type funksjon, ein meir seksuell funksjon, og kanskje meir.. som ei kjelde til merksemd. Så vert det annleis (Birgitte, s.7).

I dette sitatet kan ein sjå korleis informanten argumenterer for at puppene i hovudsak vert sett som å tilhøyrer den seksuelle sfæren før ein får barn. Birgitte meiner det er først då ein vert mor at brysta kan plasserast utanfor den seksuelle kategorien, noko som kan vere vanskelig då dei før dette stort sett vert sett som å berre romme ein seksuell symbolikk.

I kor stor grad, og kor mange, kvinner som faktisk opplever å få negative reaksjonar då dei ammer offentlig kan ikkje mitt materiale gi noko svar på. Likevel er det interessant at informantane uttrykker så sterke følelsar kring dette. Jordmora Ina Landau Aasen fortel i eit intervju med TV2 at ho, som tilsett ved *Nasjonal kompetansesenter for amming*, syntes det var overraskande kor sterke reaksjonar som oppstod i kjølvatnet av Jørgine Massa Vasstrands amming på direkte-TV. Etter eit spørsmål frå journalisten om kvifor ho trur fleire kvinner kan føle på angst knytt til amming svarar Aasen at det kan vere ein samanheng med at det ikkje er noko ein ser så mykje av lengre. Ho trur også at trøgen til å gøyne seg påverkast av det amerikanske samfunnet, der offentlig amming er meir kontroversielt enn det er i norsk kontekst (Ystaas og Kurovac, 2018). Det kjem ikkje klårt fram i intervjuet med jordmora om det har vore nokre konkrete negative reaksjonar knytt til Funkygine si amming på TV. Det både Aasen og informantane er klåre på er at kvinner skal kunne amme kva tid og kor dei vil utan å frykta konsekvensane.

I ein diskusjon mellom informantane under gruppeintervjuet stiller eg spørsmål om kva dei meiner om pupper som seksuelle symbol i TV og film. Og vidare om dette er noko dei opplever har ein innverknad på dei på noko vis. I denne samanheng tar Birgitte opp ein situasjon frå TV-serien Friends som hadde si stordomstid på 1990-talet. Ho bruker ei scene frå serien som utgangspunkt for korleis ho meiner menn reagerer då dei ser kvinner som ammer, og dei andre i gruppa hiv seg på:

Birgitte: (...).det var då Joey var forelska i Rachel, ho.. skulle gi mat til Emma⁶ og han..

Cathrine: Ja, an skal liksom [snu seg] vekk..

Dina: Ja.

⁶ Det nyfødde barnet.

Birgitte: ..og det vert heilt unaturlig for han ennå ho ligg der og har nettopp fødd eit barn, så vert han..

Dina: ..han vert stressa på grunn av ein pupp som kjem ut, og så skal ein unge på puppen.. (Gruppeintervju, s.21).

Dette utsnittet frå diskusjonen som oppstod i gruppeintervjuet er i stor grad beskrivande for korleis informantane generelt opplever og tenkjer om menns reaksjonar på amming (Gruppeintervju, s.21). Den mannlige karakterens reaksjon då han ser brystet barnet skal matast med viser også informantanes oppleving av at det moderlige brystet har blitt framstilt hovudsaklig seksuelt i media. Informantane meiner det oppstår ei konflikt då menn ser brystet som i utgangspunktet seksuelt, mens situasjonen tilseier noko anna. Ida Marie Henriksen (2015) utførte ei studie på korleis kvinner som ammer på kafé opplever nettopp det å amme offentlig, og kva tankar og følelsar som er knytt til denne situasjonen. Eit fåtal av kvinnene ho intervjuha hadde opplevd å få negative kommentarar då det var framande tilstade. Det forteljingane til informantane i mitt materialet likevel spelar på, er ei underliggende forståing og tru om at ammande kvinner vert mottatt i offentlige rom med negative reaksjonar. Ammesituasjonen ser ut til å vere avhengig av kven som ser på og kva situasjonen rundt inneber. Ser ein til dømes på det Anne fortel om søstera sine erfaringar, opplever ho ammesituasjonen som situasjonsbestemd. Å sende bilet av barnet og nakne bryst til familie og vener opplevast tryggare, men då ho var aleine i ein ukjend situasjon følte ho på eit ubehag. Dette vart knytt til uvissheita kring kven som kunne sjå og kva dei eventuelt tenkte, og kunne finne på å gjere.

Informantane meiner i stor grad at brystets biologiske funksjon er den eigentlige, men at den seksuelle symbolikken det har blitt tillagt ikkje alltid kan undertrykkast. Særleg om ein er saman med framande. Kristina som meiner at kvinner ikkje burde vise eller framheve brysta for å få merksemd, opplever samstundes at offentlig amming må vere greitt fordi:

Du sit jo ikkje å flasher for å vise puppene dine.. du sit jo å ammer barnet ditt. Og det er jo, sånn barnet skal matast. Det er jo det det er laga for (Kristina, 00:21:59-00:22:11).

Dette sitatet viser den generelle forståinga mellom informantane om at brysta kan kategoriserast som anten moderlig eller seksuelt. Då den seksuelle symbolikken puppene rommar vert fortsått som ein tillagt eigenskap, er dette med på å styrke argumentet om at kvinners nakne bryst er situasjons- og relasjonsavhengig. Ser ein på sitatet frå intervjuet til Kristina, kan hennar

oppleving av ammesituasjonen som ein legitim handling i offentlige rom sjåast som eit uttrykk for korleis den seksuelle funksjonen undertrykkast i den moderlige kategorien. Bruker kvinner puppenes seksuelle symbolikk for å få merksemd frå menn opplever Kristina at det med eitt vert problematisk. Dette skiljet som kjem fram i informantane forteljingar liknar det Iris Marion Young (2005) beskriv som dikotomien mellom det moderlige og det seksuelle brystet. Kategoriar som er gjensidig utelukkande (2005, s.85). Då det nakne brystet oftast vert sett på som seksuelt, meiner Birgitte at dette er kjelda til negative reaksjonar og merksemd ammande mødrer kan oppleve. Om ein hadde hatt eit meir ”avslappa forhold til framande sitt blikk” meiner ho at også trøngen til å skjule kroppen kan endrast. Ho meiner det vert lagt for mykje fokus på at ein må ta omsyn til andre sitt behov for å skjermast andre sin seksualitet (Birgitte, s.7-8). Det informanten fortel er at på grunn av måten brysta vert tolka som seksuelle, uavhengig av situasjon, er det vanskelig å sjå det ammande brystet som noko anna. Plasseringa innanfor den seksuelle kategorien er vidare noko Birgitte meiner andre personar gjer.

Dei ammande brysta i media, sensur og protesten som følgde i sosiale media

Då informantane meiner at det å amme barn i offentlige rom ikkje burde vere problematisk kan det sjåast som eit forsøk på å fjerne det frå den seksuelle kategorien dei meiner det automatisk plasserast innanfor. Ser ein tilbake til dømet Birgitte bruker frå TV-serien Friends, opplever informantane at kvinnene pupper ofte plasserast innanfor denne kategorien uavhengig av situasjon. Dette vert då svært problematisk då det er eit ammande bryst fordi den moderlige og seksuelle kategorien er gjensidig utelukkande (jf. Young, 2005, s.88). Den delen av det ammande brystet som ser ut til å skape mest kontrovers er brystvorta. Fredrikke utbryter i intervjuet:

Kvífor er me så utrulig redde for å sjå kvinnenipplar liksom, kva er det med dei som er så skummelt? Det er jo det mest naturlige i verda! (Fredrikke s.7).

Young (2005) hevder at grunnen til at kvinnene bruker brystvorter er problematiske å vise utanfor seksuelle situasjonar, er fordi dei står i midten av dette skiljet mellom det moderlige og seksuelle. Dei vert oppfatta som aktive og uavhengige erotiske sonar samstundes som dei også er sentrum for brystas ammande funksjonen (2005, s.84, 88). Carolyn Latteier (1998) hevder at grunnlaget for dei motstridande kjenslene som er knytt til offentlig amming, med utgangspunkt i det amerikanske samfunnet, oppstod fordi amming også er ein sensuell og potensielt seksuell oppleving for kvinner. Dette er då særleg knytt til brystvorta som ein del av kvinnene kropp som

er ei kjelde til slik seksuell nyting. Latteier (1998) meiner på bakgrunn av dette at den moderlige og seksuelle sfären smeltar saman, og problematiske haldningar oppstår om ein deler slike kjensler med barnet sitt (1998, s.90-91).

Brystvortas seksuelle funksjon for kvinner kan også sjåast som eit grunnlag for skiljet mellom kvinner og menns brystvorter, og sensureringa av biletar der dei viser på sosiale media. Kampanjar for å likestille brystvortene har vore sentrale dei siste åra då biletar kvinners brystvorter har blitt sensurert i sosiale media. I dagens mediebilete har motreaksjonar på korleis kvinnebrystet, og -kroppen har vore fremja, forstått og representert som grunnleggande seksuelt oppstått. Hovudbodskapen har vore at kvinnelige brystvorter og amming er det mest naturlige i verda, og biletar difor ikkje burde sensurerast i sosiale media. Etter fleire år med kritikk oppdaterte Instagram nyleg sine retningslinjer for kva type biletar og videoar ein kan publisere utan at det takast ned. Tidlegare har det vore store protestar mot nettopp sensureringa (og fjerninga) av innhald der den kvinnelige brystvorta har vore avbilda. Dette har blitt sett på som spesielt problematisk då den mannlige brystvorta ikkje har vore utsett for den same sensuren (sjå til dømes Amundsen, 2015; Hervieux, 2017). I Instagram sine nye retningslinjer står det no at *bilder av arr etter masektomi og ammende kvinner er tillatt* (Instagram, INC, 2019). Generelle positive haldningar retta mot amming, spesielt i samråd med endringane til Instagram, har vore sentralt i korleis ulike grupper har prøvd å endre synet på kvinnekroppen.

Både før og etter Instagram endra retningslinjene sine har det også oppstått ei trend som motstand mot seksualiseringa av puppene og brystvorta i media. Ammande kvinner har brukta biletar av seg sjølv mens dei ammer, eller pumper brystmjølk, for å fremja biletar av eit avseksualisert, moderlig bryst. Med desse biletara har kvinner også prøvd å normalisere amming, og mange millionar innlegg er å fine under emneknaggar som *breastfeeding*⁷ og *normalizebreastfeeding*⁸. I den nord-amerikanske konteksten har dette vore ein spesielt stor sak blant dei største stjernene og personlegdommane i noko lengre tid enn i Noreg (sjå til dømes Bologna, 2017; Reilly, 2018). Sjølv om offentlig amming, og ein naken pupp ikkje er eit like betent emne i Noreg i dag, har også norske Påverkarar og kjende personar brukta sine kanalar for å fremja dette bodskapet⁹. Trendar som dette insisterer på å plasserer puppene utanfor den seksuelle kategorien og inn i den moderlige då dei omtalar brystet og amming som naturlig.

⁷ Av februar 2019.

⁸ Av februar 2019.

⁹ Som til dømes Påverkaren Julianne Nygård og artisten Sandra Lyng sine innlegg på Instagram.

Denne aktiviteten kan dermed sjåast som eit forsøk på å fjerne dei faktorane som skaper kvinners vanskelige følelsar, og å gjere det ufarlig å ha nakne bryst når ein skal amme. Materialet viser også ei forståing av at det dei oppfattar som ein kulturelt tillagt funksjon må sidesetjast til fordel for brystas biologiske funksjon.

Det seksuelle brystet

Med utgangspunkt i informantenes haldningane knytt til amming kan ein sjå at det også finnes ei forståing av kvinnebrystet som kroppsdel som tilhørar den seksuelle sfæren. Dette er noko dei meiner skjer automatisk, uavhengig av situasjonen det oppstår i. Denne sida ved kvinnebrystet er også noko informantane uttrykker er svært relevant i deira kvardag i forteljingar om deira eigne pupper.

Det seksuelle brystet er noko informantane har personlige erfaringar med, og kan dermed fortelje nærare om sine eigne erfaringar knytt til dette. Deira forteljingar om det seksuelle brystet vert også i stor grad knytt til, og sett i samanheng, med menns seksuelle nyting og lyst. Dette inneber då til dømes korleis deira seksuelle partnarar ser på dei, tar på dei og korleis brysta kan brukast for å få ein seksuell merksemd frå menn. Informanten Kristina fortel til dømes at ho tenkjer brysta hennar er viktige i ”forhold til seksualitet og under sex” (Kristina, 00:13:35-00:13:54). På same måte opplever også Birgitte at puppene er viktige i seksuelle møter med menn. Ho ser på dei som eit verktøy for å oppnå seksuell nyting, og har opplevd at dei: ”(...) sannsynligvis er, spanande og absolutt knytt til deira opphissing og nyting (...).” Sjølv om fleire av informantane fortel om å oppleve eigne pupper som ein del av eigen, og sine seksuelle partnarars nyting, fortel Birgitte om ein følelse av makt og kontroll i slike situasjonar. Ei kjensle informanten koplar til korleis ho kan bruke puppene for å tenne kjærasten seksuelt då ho veit at det er noko han liker. I tillegg til kjærastens seksuelle lyst som ei kjelde til makt, fortel Birgitte også om korleis ho bruker brysta som erogene sonar for ho då dei har sex. Dette gjer at det ”berre er gøy å ha dei” (Birgitte, s.6-7; Gruppeintervju, s.16). Young (2005) meiner at i den mannsdominerte kulturen vert menns seksualitet satt øvst. Difor kan puppene sjåast å tilhøyra denne seksuelle sfæren, og vidare at den kvinnelige seksualiteten vert sett som komplementær og mindre samanlikna med den mannlige (2005, s.83). Sjølv om informantane i stor grad knyt eigne seksuelle bryst til deira mannlige partnars seksuelle lyst, er dei også ei kjelde til kvinnenes eiga seksuelle nyting. Som Young (2005) argumenterer må brysta passe innanfor bestemde rammer for å kunne ein seksuell verdi for menn. Dette er rammer som seiar

noko om den ideelle størrelsen og forma. Informantens forteljingar ser ikkje ut til å stemmer overeins med ei slik forståing av puppenes plass i kvinner og menns seksualitet. Forståinga av informantenes pupper som ei kjelde til makt og kontroll, uavhengig av utsjånad, illustrerast i gruppeintervjuet då informantane diskuterer korleis dei opplever menns blikk på kroppen. I slike situasjonar er ein viktig faktor at kvinnene sjølv tar val, bestemmer kva tid, og tillèt eit slikt seksuelt blikk på brysta. På denne måten opplever dei å ha makt, og at dei set seg sjølv i kontroll av mannens seksuelle nyting:

Birgitte: Du bruker [brysta] i ei privat seksuell.. økt.. med nokon som du vel å vise dei til. Vel å.. få deira blikk på [brysta], det er eit veldig viktig poeng. (...) Og det er det også gjer.. når du har kontroll på kven som, får sjå på dei, og kose med dei og sånn, så gjer det jo det også at du vert ekstra.. komfortabel med dei.

Cathrine: Og så tenkjer eg at du vert litt sterkare av det, fordi ein sjølv.. ja.. du vel sjølv.

Anne: Mhm. Liksom følelsen av kontroll (Gruppeintervju, s.16).

Denne opplevinga av kontroll mine informantar fortel om i deira seksuelle forhold liknar funna til sosiologane Claire Maxwell og Peter Aggleton (2012) finn i studia *Bodies and Agentic Practice in Young Women's Sexual and Intimate Relationships*. Unge kvinner, argumenterer dei, opplever kroppen som gjennomsyra av makt. Ei kjensle som inneber ei oppleving av å ha ein *sexual agency*, eit handlingsrom, når dei opplever å vere i kontroll over den seksuelle situasjonen med menn. Å ha eit slikt følt handlingsrom resulterte i ei auka sjølvsikkerheit samanlikna med seksuelle situasjonar der dei opplevde å ikkje vere i kontroll (2012, s.307-319). Ein følelse av å ha handlingsrom og makt ser også ut til å vere viktige i informantane sine forteljingar og oppleving av seksuelle situasjonar. Eit resultat av ein slik maktfølelse ser også ut til å ha ein innverknad på eins sjølvsikkerheit.

I motsetning fortel informantane Fredrikke og Hanne om kjensler som oppstår då dei har følt å ikkje ha kontroll over sine seksuelle partnarars blikk. Begge har opplevd slike negative følelsar når dei har opplevd at mennene har samanlikna puppene deira med pornografiske bilete. Dette koplar dei til ei oppleving av at deira seksuelle partnarar såg mykje på pornografi. Det både Fredrikke og Hanne fortel om er ei oppleving av at deira pupper vart samanlikna med pornopupper i seksuelle situasjonar. Informanten Hanne fortel at om kjærasten ser på brysta hennar med eit slikt seksuelt blikk, føler ho på ei frykt for at han skal samanlikne ho med dei pornografiske bileta han har sett tidlegare. Då ho sjølv meiner at eigne bryst i hovudsak er eit

verktøy som ein gong skal brukast til å amme barn, i tillegg til misnøye med å bli samanlikna med pornografiske bilete, stiller ho seg svært kritisk til kjærasten seksuelle blikk på puppene. Vidare utdjupar ho ”[Eg] seier ofte nei, eg vil ofte ikkje bli tatt på puppene.. det er av og til fint på ein måte og, passer i ein seksuell situasjon”. Dette sitatet kan sjåast som eit uttrykk for korleis det seksuelle brystet opplevast greitt å ta i bruk om informanten opplever å sjølv vere i kontroll og vel å få kjærastens blikk og berøring. Fredrikke fortel om ei liknande haldning, då ho hadde ein seksuell partnar ho opplevde såg for mykje på pornografi. Informanten fortel at dei problematiske kjenslene oppstod då ho følte ho ikkje lengre var i kontroll av blikket hans. Ho frykta at han skulle samanlikne dei nakne puppene hennar med pupper han hadde sett i pornografi på tidlegare tidspunkt (Fredrikke, s.5-6; Hanne, 00:19:47-00:20:59).

Tanken om at unge menn er svært negativt påverka av pornografi er ei sterk kulturell forteljing i Noreg i dag. I rapportar frå Medietilsynet som kartlegg barn og unges medievanar viser at 42% av ungdom mellom 13 og 18 år har sett på pornografi på nett. Gutar utgjer den største andelen av desse, men undersøkinga viser også at jenters pornovanar er aukande. Blant 17 og 18 åringar hadde 81% av dei spurde gutane sett pornografi på nett (Medietilsynet, 2018b, s.46). Tala frå Medietilsynet viser at det vert vanligare å sjå på pornografi til eldre ein vert, spesielt blant gutar og menn. I materialet mitt kan informantane forteljingar også vise at det finnes ei forståing av at menn ser mykje på pornografi. Dermed finnes det ei forståing av at menn tenderer mot å sjå på sine seksuelle partnarar med eit objektiverande og samanliknande blikk, slik det kjem fram i Fredrikke og Hanne sine forteljingar. Materialet mitt kan ikkje seie noko konkret om korleis menn opplever dette, eller i kva grad pornografi spelar inn på eins forhold og syn på kvinners pupper. Det ein kan tolke ut frå materialet mitt er derimot at følelsen av ein mangel på kontroll overmannens blikk er ei kjelde til ubehag hos informantane.

Samtidig uttrykker informantane i desse tilfella at dei opplever pornografi som nedsetjande ovanfor kvinner. Då dei då vert samanlikna med, og sett på, med eit slikt blikk oppstår negative kjensler knytt til mennenes blikk på den nakne kroppen deira. Sjølv om Fredrikke ikkje godtok å bli samanlikna med pornografi, fortel ho at brysta spelar ei sentral rolle i hennar seksualitet. Ho fortel at eigen nyting er i fokus og vidare at ho er klår på at puppene skal få merksemrd, og at han skal ta på dei, på riktig måte ovanfor sine seksuelle partnarar. Dette forholdet til eigne seksuelle bryst kan dermed sjåast som eit uttrykk for kor viktig det er for informanten å ha eit følt handlingsrom, og å vere i kontroll i seksuelle situasjoner med menn. Ei liknande tolking kan også gjerast av Hanne si forteljing, der ho fortel at seksuelle blikk og å bli tatt på er noko

ho liker av og til. Skal puppene vere ein del av dei kvinnenes sexliv fortel dei at det må skje på deira premisser, og dei må ha ein følelse av å vere i kontroll.

Forteljingane over viser korleis informantane føreheld seg til eit seksuelt blikk frå menn, og korleis det verkar inn på deira seksuelle opplevingar saman med menn. Det som vidare kjem til syne i gruppeintervjuet er at informanten Cathrine, som er i eit lesbisk forhold, og Anne som identifiserer seg som biseksuell, meiner at dei ikkje har eit forhold til andre kvinnernas pupper på same måte som menn. Cathrine fortel ”eg tenkjer ikkje over sånn, ”ååh shit digge pupper”, liksom” då ho ser pene damer. Denne oppfatninga er noko Anne relaterer seg til, og supplerer ”om eg ser ei veldig pen jente eller noko sånt, har eg aldri tenkt ”pupper, for nokon pupper!” (Gruppeintervju, s.15; Anne, s.2-3). Informantane set her ord på korleis dei opplever at det berre er menn som ser på kvinner bryst som seksuelle. Sidan pupper er ein kroppsdel kvinner sjølv har, meiner altså Anne og Cathrine at det er så kvardagslig at det seksuelle aspektet forsvinn i seksuelle forhold med andre kvinner. Denne oppfatninga av brystet strider mot det Iris Marion Young (2005) argument for at brysta, og brystvortene, har ei stor rolle i lesbiske kvinnernas forhold. Ho meiner at ein kan sjå på brystet nettopp som å tilhøyra kvinner seksuelle nyting, og ikkje berre menns, ved å sjå på lesbiske kvinnernas forhold til pupper som seksuelle objekt (2005, s.83). I mitt materiale ser ein at denne oppfatninga ikkje er tilstade i Cathrine og Anne sine forteljingar om det seksuelle brystet. Det er derimot ei oppfatning av brystet som del av den heteroseksuelle sfæren, og vert berre verdsatt som seksuelt objekt i heterofil seksualitet. Anne, som fortel at ho no er i eit forhold med ein mann, har her eit seksuelt forhold til eigne pupper saman med han. Ho opplever at dei har mykje å seie, og legg vidare vekt på at dei har stor verdi for ho personlig i det seksuelle forholdet til han (Gruppeintervju, s.15; Anne, s.2-3).

Informanten Dina meiner også at grunnen til at kvinner ikkje tiltrekka pupper som eit seksuelt objekt på same måte som menn, er på grunn av deira forhold til eigne pupper som mykje meir enn berre seksuelt. Difor opplever ho til dømes at situasjonen er annleis om ho skulle ha dansa topplaus på fest saman med menn. Då det ”som oftast er [pupper menn tiltrekka], som ser på [dei] som veldig seksuelle” (Gruppeintervju, s.10). På bakgrunn av denne oppfatninga av menns blick på kroppen, og brysta som del av den heteroseksuelle sfæren, kan det vere problematisk å vere topplaus saman med menn i ikkje-seksuelle situasjonar. Birgitte supplerer i denne diskusjonen at ho fint kan danse rundt topplaus saman med veninnene sine då det i desse relasjonane ikkje er fare for at ei slik handling kan oppfattast seksuelt.

Den mannsretta konstruksjonen av seksualitet, argumenterer Young (2005), har undertrykka brystets sensitivitet. I følgje hennar forståinga vert puppene sett som å ikkje vere til glede eller nytting for kvinner i heteroseksuelle relasjonar, og puppene har berre seksuell verdi for menn. Ser ein tilbake til det informantane fortel over, ser dette ikkje ut til å vere tilfelle i mitt materiale. Forholdet informantane har til brysta ser ut til å vere i stor grad knytt til deira eigen seksuelle nytting, og kan opplevast ei kjelde til makt og kontroll. Vidare meiner Young at lesbiske kvinner har, i motsetning til heteroseksuelle kvinner, glede av gjensidig bruk og berøring av brystet i seksuelle relasjonar (jf. 2005, s.83). Tidlegare forsking har også argumentert for at puppene får ei større betyding for nettopp lesbiske kvinner, då det vert oppfatta som ein vesentlig seksuell og sensuell kroppsdel i slike seksuelle relasjonar (Schäfer, 1976, s.56; Roberts mfl., 2000, s.53, 57). Mitt materiale er sjølvsagt for lite til å kunne generalisere kring brystets funksjon i lesbiske forhold sett opp mot heteroseksuelle. Det er likevel interessant å dokumentere informantanes tankar kring dette, då ein kan i deira forteljingar sjå ein oppfatning av kvinnebrystet som sterkt knytt til menns seksualitet og nytting.

Brystas størrelse og respektabilitet

Som det har kome fram opplever informantane at brysta utstrålar ein seksuell symbolikk som dei ikkje nødvendigvis alltid er i kontroll over. Materialet viser også at brystas størrelse verkar inn på kor sterk denne symbolikken er, og korleis informantane føler dei vert tolka av andre. Den sterke seksuelle symbolikken store pupper utstrålar fortel fleire ofte resulterer i ei tolking av å vere *horete* og *vulgær*. Særleg om ein bruker klede som framhevar kløfta i situasjonar der det ikkje vert sett på som anstendig. Informantanes forteljingar kan dermed vise at det finnes ei forståing av brystas størrelse er tett knytt til kvinnernas respektabilitet, og at dette er noko dei forhandlar kring i sin kvardag.

I tillegg til å vere eit sterkt symbol på seksualitet, ser det også ut til at brystas størrelse heng saman med unge kvinnernas følelse av å vere både kvinnelig og feminin i ulik grad. Informanten Hanne, som sjølv synes ho har store pupper, fortel at nokre av veninnene hennar har uttrykka at dei opplever å føle seg mindre kvinnelig då dei har små pupper. Dette er noko Hanne synes er ”veldig teit at dei seier, men eg kan jo eigentlig ikkje uttale meg for eg har store bryster”. Sjølv opplever ho at størrelsen på hennar eigne pupper ikkje verkar inn på sitt eige forhold til kor kvinnelig ho føler seg då ho opplever brystas biologiske funksjon er avgjerande for denne kjensla (Hanne, 00:02:12-00:02:32). Vidare undrar informanten seg over korleis veninnene

opplever at følelse kvinnelighet er avhengig av størrelse på brysta då kvinnekroppen som oftest framstillast i til dømes Hollywood-filmar er kvinner med mindre pupper:

Og det er, nesten sånn glamourmodell-horete med store pupper. Så [eg] synes det er rart at dei ikkje føler seg kvinnelige og feminine då det er det som hovudsaklig vert framstilt. At ein skal ha små pupper på ein måte (Hanne, 00:04:14-00:05:43).

Hanne fortel her om ei forståing av den ideelle bryststørrelsen heng saman med korleis bilete av kvinners bryst vert framstilt i media. Ho stiller seg difor uforståande til veninnenes førelsar, då ho sjølv meiner at det er mindre pupper som vert fremja som normalt og ideelt. Store bryst opplever Hanne er noko som heller vert framstilt og sett som ønskelig i pornografiske bilete. På bakgrunn av dette kan ein sjå at Hanne opplever at store pupper, som hennar eigne, utstrålar ein sterkare seksuell symbolikk enn bryst som er mindre.

Då puppene vert oppfatta å vere tett knytt til kvinners seksualitet, og tilhøyrande den seksuelle sfæren, vert det vanskelig å bruke brysta som uttrykk for sin femininitet om dei opplevast som for store. For å oppretthalda sin respektable femininitet, slik Beverly Skeggs (1997) beskrev det, fortel fleire informantar at dei bruker klede for å dekke til kløfta og brysta i ulike situasjonar. Har ein det informantane omtalar som små pupper, derimot, står ikkje den respektable femininiteten i like stor fare om ein bruker utringa, eller 'utfordrande', klede fordi dei ikkje utstrålar ein like sterk seksuell symbolikk. Informanten Anne fortel i gruppeintervjuet at:

(...) Det er mykje lettare for.. [kvinner] med små pupper å vise meir hud, meir kløft, [samanlikna] med kvinner [som har] store pupper, (...) [då] har du ein viss mengde [kløft] du kan vise før det vert skandaløst (Gruppeintervju, s.6).

Brystas størrelse ser dermed ut til å ha ein innverknad på kva klede informantane føler dei kan bruke. Eit moment som kjem fram i fleire intervju med informantane som synes dei har store pupper opplever at sjølve størrelsen skapar problem i kvardagen. Informanten Birgitte fortel til dømes at brysta gjer det vanskelig å finne klede som ikkje framhevar størrelsen, eller kløfta, utan at det vert posete og lite flatterande for resten av kroppen. Noko som resulterer i frustrasjon då ho ikkje kan bruke dei kleda ho vil, og synast er fine (Gruppeintervju, s.2-4). Denne kjensla er det fleire informantar som fortel om. Kristina, som er vikar på ein barneskule utdjupar at ho føler ho må bruke store genserar når ho er på jobb:

Etter ei lita stund med erfaring og sånn så, måtte eg ta på meg, store genserar når eg skal på jobb, for dei små gutane er veldig sånn ”ååh du har store pupper”, og, ”kvifor har du store pupper”, og sånne ting (Kristina, 00:01:36-00:04:03).

Dette var ein situasjon der informanten ikkje syntes det var naturlig at brysta var synlege. Sjølv om ho ikkje på noko tidspunkt bevisst framheva dei, opplevde ho at størrelsen i stor grad vart eit fokus hos barna. Difor vel ho å heller bruke klede som dekker puppene når ho skal på jobb (Kristina, 00:01:36-00:04:03). Å vere i ein situasjon der eins respektabilitet står i fare om utsjånaden og åtferda ikkje passer innanfor rammene for kva som sjåast som akseptabelt er noko dei fleste informantane har eit forhold til. Dette er då svært viktig i jobbsamanheng, samt i andre formelle situasjonar som når ein er på skulen eller saman med familien. Kleda informantane føler dei kan ta i bruk er avgrensast av brysta og avhengig av situasjonen.

Studiar av korleis kvinnelige bedriftsleirrar føreheld seg til sin respektabilitet viser at dette synet på korleis ein bør fremje seg sjølv via utsjånad og åtferd er noko kvinner føreheld seg til i fleire ulike situasjonar (Mavin og Grandy, 2016). For å føle seg, og å bli sett på, som ein respektabel og truverdig leiar i jobbsamanheng måtte kvinnene førehalda seg til ein slik respektabel femininitet som også informantane gjer. Ein kan kople denne praksisen kring eigne pupper til tolkinga av kroppen som eit seksuelt symbol. Om ein framstiller kroppen på ’feil’ måte, at ein framhevar sin seksualitet, risikerer ein å bli dømd og kritisert. Å praktisere sin femininitet på feil måte kan resultere i at andre si oppfatning av deg påverkast negativt, og ein kan føle seg dømd (jf. Mavin og Grandy, 2016, s.380-392). For å unngå å bli dømd og å setje sin respektabilitet i fare, opplever informantane at det beste er å ta i bruk klede som dekker til kløfta når situasjonen tilseier at kløft ikkje er passande. På denne måten kan ein sjå at informantane opprettheld sin respektabilitet, og unngår at kroppen og brysta tolkast i eit seksuelt lys. I intervjuet med Gina fortel ho om eit forhold til klede som er svært avhengig av brysta. Informanten føler ho ikkje kan bruke klede som framhevar puppene eller kløfta i ein kvar situasjon. Noko ho føler frustrasjon over då dei kleda som er moteriktig i dag, ofte er laga for kvinner med mindre bryst:

Du kan ikkje alltid gå i det same som andre gjer fordi det har ein [innverknad] på korleis folk tar i mot deg eller ser på deg (...) (Gina, s.1-2).

Bruker ho slike plagg føler Gina at ho sender ut signal med kløfta som ikkje samsvarar resten av kroppen, eller hennar hensikt med å bruke kleda. Informanten tenkjer det hadde vore lettare

å kle seg som ho ville om brysta ikkje hadde vore å tett kopla til sex. Kvinner som har det ho meiner er små pupper, ”er meir elegant. Meir.. sky” (Gina, s.1-2). Sitatet frå intervjuet med Gina er illustrerande for korleis fleire av informantane opplever at brystas størrelse av ein innverknad på korleis dei vert tolka av andre. Har ein det dei omtalar som små pupper fortel informantane om ein større fridom, og ein tanke om at ein ser meir elegant ut. Informanten Hanne opplever seg sjølv, som fleire av informantane med større bryst, at ho er meir avgrensa når det kjem til kleda ho føler ho kan bruke (Hanne 00:06:06-00:07:57, 00:11:39-00:12:39). Denne kjensla av at brysta avgrensar kva type klede ein kan bruke kan sjåast som eit uttrykk for den respektabel femininiteten som står i fare om ein har større pupper. Om ein ikkje tar omsyn til den seksuelle symbolikken puppene utstrålar og bruker klede som er utringa kan ein oppleve å få kommentarar og blikk. For å behalda sin respektabilitet vel fleire av informantane difor å ikkje bruke klede der den kan setjast i fare. Informanten Fredrikke, som omtalar eigne bryst som akkurat passe store, fortel at ho fryktar kva andre kvinner tenkjer om ho framhevar kløfta. Dette er spesielt i kombinasjon med korte skjørt og utringa kjolar. Informanten utdstrupar at ho då er redd for at dei andre skal tru at ho prøver å gjere seg deilig, og som verkar inn på hennar forhold til kleda ho føler ho kan bruke:

Men det er ikkje det eg tenkjer om andre jenter som viser kroppen sin og tenkjer sånn, ”ja no kjem ho liksom, skal berre vise seg fram som alltid”. Eg tenkjer jo ikkje det, men eg er redd for at andre skal tru det [om meg] då (Fredrikke, s.9).

Informanten Dina fortel om eit anna forhold til klede og dagens trendbilete:

Eg har gått med akkurat det same som veninna mi, men ho har små pupper og eg har store, og eg får heilt andre reaksjonar enn det ho får. På [grunn av] måten eg kler meg (...) sjølvsagt får eg kommentarar og blikk og reaksjonar frå folk (...) (Gruppeintervju, s.8).

Kommentarar som ”det var litt mykje kløft” er noko Dina har høyrd i tilfelle der ho vel å bruke klede som viser kløfta. Trass i slike kommentarar vel Dina å bruke dei kleda ho vil og liker då ho ikkje synast brystas størrelsen burde vere avgjerande for kleda ho kan ha på seg (Gruppeintervju, s.8, 43-45). Informanten Anne er den einaste informanten med det ho sjølv omtalar som små pupper. Under diskusjonen om problematikk knytt til klede og store bryst i gruppeintervjuet, uttrykker informanten at ho opplever sitt forhold til eigne bryst som mykje friare enn det dei andre fortel om. Ho kjenner seg dermed ikkje att i det dei andre informantane opplever. Eit døme på denne fridomsfølesaen var då ho skulle på eit skuleball og hadde på ein

kjole som var utringa ned til navelen. Sjølv syntes ho dette var uproblematisk då ”det berre er brystkasse” ein såg. Likevel var det andre personar som spurde korleis ho torde å ha ein så djup utringing, og som kommenterte på kjolevalet. Anne stiller seg sjølv uforståande til desse reaksjonane ”for eg har absolutt ingenting å vise” (Gruppeintervju, s.6-7). Anne fortel at brystas størrelse gjer det uproblematisk å bruke utringa klede, og gir moglegheit for å vise kløfta då dei er små. Trass hennar eigen oppleving av at små pupper bringer med seg ein fridomsfølelse, har andre likevel satt spørsmål ved hennar val av klede. Dette kan tyde på at andre sitt blikk tolkar kvinners bryst seksuelt uavhengig av størrelse.

I følgje Beverly Skeggs (1997) vert utsjånad og åtferd altså sett som markørar av kvinners respektabilitet. I materiale mitt ser det ut til at desse faktorane, som korleis brysta ser ut og korleis ein handterer dei i ulike situasjonar, verkar inn på deira forståing av eigen og andre sin respektabilitet. Informantane uttrykker til dømes at kvinner med store pupper ser vulgære ut, eller at det fort kan bli ’litt mykje’ om ein bruker utringa klede når ein har store bryst. Åferda og utsjånaden som vert brukt på ’feil’ måte resulterer i eit tap av respektabilitet (jf. 1997, s.100-102). Følelsen av å få merksemrd er noko alle informantane fortel om i ulik grad på tvers av intervjuet. Frå forteljingane til Cathrine kan ein sjå at ho koplar det å ha store bryst til ein type merksemrd som kan forståast som menns seksuelle blikk retta mot kroppen. Merksemda er også eit uttrykk for andre kvinners dømmande blikk på grunn av ein manglande respektabilitet som kan oppstår. Grunnen til at dette forholdet kan opplevast problematisk kan koplast til Beverly Skeggs (1997) si forståing av respektabel femininitet, men også i lys av filosofen Elizabeth Grosz (2003) si hypotese om nakenskap. Ho argumenterer for at det ikkje er ’tillat’ å vise eins eigen nakne kropp eller å observere andre sin nakne kropp utanfor 3 unntak, som er i svært avgrensa samanhengar. Det eine unntaket som er relevant i denne samanheng er ”we are lovers or in some intimate sexual context” (2003, s.125). Det er ikkje nakenskapen i seg sjølv som er avgjerande i informantane forteljingar, men at store bryst og kløft er ein kombinasjon som skapar ein forventing om sex. Då kvinnebrystet vert oppfatta som eit sterkt symbol på kvinners seksualitet fortel informantane at klede som framhevar kløfta skapar ei slik forventing. Særleg om ein har store pupper. Er det derimot slik at ein ikkje har eit ønske om å få ei seksuell merksemrd retta mot puppene kan følelsar som skam oppstå. Om denne kløfta også oppstår i situasjonar der det ikkje er rom for brystas seksuelle symbolikk kan ein oppleve å bli dømd slik som Skeggs (1997) argumenterer for.

Opplevinga av brystas symbol kan vidare sjåast i forhold til Young (2005) si forståing av brystet som det klåraste teiknet på kvinners seksualitet. Det vert problematisk for informantane å vise fordi denne seksualiteten ikkje kan uttrykkast kva tid som helst. Om informantane då bruker klede som framhevar deira seksualitet i situasjonar der dette ikkje passar inn kan deira respektabilitet setjast i fare. Sjølv om det finnes situasjonar som sjåast som meir legitime å uttrykke brystas seksuelle symbolikk, som når ein er på fest eller på byen, fortel Cathrine at ho har sett på andre kvinner og satt spørsmål ved kva intensjon dei har med kleda dei har vald. Slike tankar er noko ho sjølv ikkje synast er greitt men som likevel dukkar opp. Eit døme ho sjølv bruker er når ho har sett ei jente på fest som har ein kort kjole eller utringa topp, og tenker ”åja okei, du vil ha merksemd”. Cathrine meiner at desse tankane heng saman med kvinner bruk av utringa og ’utfordrande’ klede for å få seksuell merksemd frå menn (Gruppeintervju, s.6-7). Dermed vert det vanskelig for informanten å tolke andre kvinners utsjånad som noko anna enn eit forsøk på å få ei slik merksemd. Eit anna viktig poeng Cathrine viser til her er at kvinners respektabilitet kan setjast i fare uavhengig av situasjonen brysta oppstår i.

Ut frå tolkingar av mitt norske samtidsmateriale ser det ut til at mindre pupper er det ideelle å ha. Informantane fortel at det fører med seg ein større fridomsfølelse og dei trekk mindre merksemd fordi deira seksuelle symbolikk er mindre tydelig. Større pupper ser ut til å føre med seg ein følelse av å vere avgrensa av den tydelige seksuelle symbolikken dei utstrålar. Desse funna ser ut til å ikkje likne slik kvinners bryst vart oppfatta i det amerikanske samfunnet for kring 20 år sidan. Carolyn Latteier (1998) viser til at kvinner med små pupper ikkje vart sett på som attraktive, mens kvinner med store pupper vart oppfatta som horete (1998, s.10). Det som likevel kan sjå ut til å vere ein fellesnemnar i forteljingar om brysta er at eins respektabilitet og forståinga av brysta som eit seksuelt symbol. Ei forståing som er uavhengig av størrelse og kor kløfta eg synlig.

Oppsummering

Det har vore gjennomgåande i dette kapittelet at informantane ser på eigne pupper som eit symbol som uttrykker fleire ting. Det vert oppfatta som naturlig og livgivande, og informantane meiner at amming er den eigentlige og naturlige funksjonen til brysta. På bakgrunn av denne oppfatninga spelar også brystet ei viktig rolle for deira følelse av å vere ei kvinne. Informantane er også samde om at denne naturlige kroppsdelens vert møtt med sensur og seksualiserande blikk i offentligheta er sjokkerande. Eit langt meir komplisert forhold til brystets seksuelle funksjon er vidare å finne i informantane forteljingar. Fleire fortel om både glede og nyting over eigne

bryst som erogene sonar, og er dermed ein viktig del for både dei sjølv og for sine seksuelle partnarars opphissing. Likevel opplever alle denne seksuelle funksjonen er mindre legitim enn brystet som eit reiskap for å amme barn.

Det som kjem fram som overraskande i mi undersøking er at store pupper først og fremst framstår som kulturelt problematiske. Mitt samtidsmateriale viser, i motsetning til den amerikanske konteksten frå 1990- og 2000-tal, at oppfatninga av kva som er bra har vore i endring dei siste tiåra. Dei informantane som synes dei har store pupper fortel at dei i større grad på passe på at dei ikkje viser for mykje bryst eller kløft i situasjonar der det ikkje vert sett som anstendig. Då informantane respektabilitet stadig vert vurdert må dei stadig ta omsyn til korleis dei framstår ovanfor andre. Puppenes rolle i desse respektabilitetsforhandlingane er noko dei alle fortel om eit forhold til. Dermed kan ein sjå på brystas eigenskap til å utstråle eit symbol og trekke til seg merksemd er eit sentralt aspekt ved det å ha pupper i dag.

Kapittel 5

Forholdet til ein normalisert kvinnekkropp

Det kom fram i førre kapittel at puppenes størrelse har ein stor innverknad på korleis informantane opplever denne kroppsdelene i sine liv. Måten dei opplever eigne bryst samanlikna med bilet av andre kvinners pupper i media har ser også ut til å verke inn på dette forholdet. Informanten Anne fortel i gruppeintervjuet om korleis ho opplever at den ideelle kvinnekroppen vert framstilt i sosiale media:

Store pupper, pitteliten midje og null prosent kroppssett, og rein hud, langt hår, vipper, det vert ein veldig sånn.. det.. set ein standard som ein må følgje (Gruppeintervju, s.40).

Slike framstillingar av korleis den 'perfekte' kvinnekroppen fortel fleire informantar at dei føreheld seg til i sin kvardag. I det førre kapittelet fortalte fleire at bilet av store bryst berre var å finne i pornografi, mens skodespelarar, modellar og Påverkarar i stor grad har mindre bryst. Kor grensa går for kva som vert sett som *for* stort er ikkje noko som kjem fram i mitt materiale. Det som kan tolkast frå sitatet henta frå gruppeintervjuet er at informanten Anne meiner at *for* små pupper heller ikkje vert fremja som det ideelle. Dei ideelle og 'normale' puppene som vert avbilda i media ser dermed ut til å vere pupper som ikkje vert rekna som for små eller for store. Det som vidare er tydelig er at synet på kva som er store pupper, og kva som rekna som små, er i stor grad varierande mellom informantane. Det som for nokre oppfattast som store pupper, kan for andre bli sett som små.

Eit viktig moment i informantanes forteljingar er korleis dei sosiale media fremjar eit bilet av korleis ein 'burde' sjå ut, samt korleis slike bilet vert tolka av informantane. Med utgangspunkt i dette forholdet finnes det også eit forhold til andre sitt blikk, og tolkingar av korleis informantane føler dei burde sjå ut opptar store delar av deira forteljingar. I dette kapittelet skal er difor sjå på forholdet mellom bryststørrelse og korleis andre sine tolkingar av dette verkar inn på informantanes kvardag.

Størrelse, sosiale media og sosial samanlikning

På ungdomsskulen, dei fyrste som får pupper, var dei som var mest populære. Og det er ein status, jo større pupper du har, eller jo meir feminin vaksenkropp du har, jo meir

påverkar det korleis du [vert behandla i ein situasjon] og korleis [du vert sett på] (Gruppeintervju, s.5).

I ungdomsåra har brystets symbolske betydning mykje å seie, slik som informanten Anne beskrev i sitatet over. Ei slik tolking av brystas symbolske verdi då dei var yngre er det fleire av informantane fortel om. I denne samanheng er det også fleire som fortel om at dei hadde eit ønske om å få merksemd retta mot puppene i ungdomsåra. I gruppeintervjuet diskuterer informantane til dømes korleis pupper er knytt til ein følelse av kvinnelighet, og Anne fortel om statusen jentene som fekk bryst tidleg fekk (Gruppeintervju, s.5). Det som kjem fram i denne samanheng er når ein fyrst får pupper kan ein også få høgare sosial status. Ein går frå å vere barn til å vere feminin med ein 'vaksen' kropp. At kvinners bryst er eit sterkt symbol på femininitet og seksualitet kan sjåast i forhold til oppfatninga av korleis pupper har ein innverknad på kroppen i ungdomsåra.

Ein annan informant som fortel om liknande haldningar til pupper og kløft i ungdomsåra er Iselin. Ho fortel i intervjuet ”og då du fyrst fekk pupper så betydde det mykje, og det var nesten litt status [blant jentene]”. Denne kroppsdelan var noko også jentene i hennar omgangskrets oppfatta som eit symbol på kvinnelighet, og dermed også som eit statussymbol. Eit anna aspekt ved å få bryst i ungdomsåra, fortel Iselin, var at ho syntes det var gøy å kunne bruke utringa toppar for å vise fram kløfta ho hadde. I denne samanheng trekk informanten vidare fram forholdet ho hadde til si eiga kløft då ho var kring 12 – 13 år gammal. Om Iselin ville ha merksemd får gutar visste ho at kløfta var eit effektivt verkemiddel som fungerte godt til dette formålet. Difor var det fleire gonger då ho skulle ha valfagstimar med den pene guten i klassen på ungdomsskulen ho bevisst valde ut klede på morgenon som framheva nettopp kløfta (Iselin 00:01:19-00:04:28). Det er tydelig at puppene har vore ein viktig kroppsdel for fleire av informantane i ungdomsåra som symbol på kvinnelighet og femininitet.

Likevel er det ikkje slik at alle fortel om eit slikt positivt forhold til eigne bryst og andre sine tolkingar av dei. I motsetning til Anne og Iselin, opplevde Fredrikke ei meir negativ side ved at brysta veks til i ungdomsåra. I garderoben på ungdomsskulen kunne dei andre jentene seie at ho prøvde å vise seg fram, og at ho prøvde å gjer seg deilig då ho skulle dusje etter gymtimane. Ho fortel at dette ikkje var tilfelle då ho berre ville vaske av seg sveitta. Slike kommentarar i garderoben kan dermed sjåast som eit resultat av signala kroppen hennar sendte ut, som Fredrikke ikkje hadde kontroll over (Fredrikke, s.7). I tillegg til å vere eit symbol på status og

femininitet slik som Anne og Iselin fortel, viser forteljinga frå Fredrikkes ungdomsår at brysta også kunne vere ei kjelde til negativ merksemd frå andre jenter. Forholdet informantane har til nakenskap blant andre kvinner i dag er i stor grad varierande. I ungdomsåra var slik nakenskap meir vanlig då dei hadde obligatoriske gymtimar og måtte skifte klede saman med andre. Informantane er som tidlegare nemnd i stor grad studentar og ferdige med slike obligatoriske timar. Den eine informanten som likevel kan fortelje om eit forhold til garderoben og nakenskap mellom jentene i klassen er Gina. Ho går sitt siste år på vidaregåande, og fortel om eit svært problematisk og ubehagelig forhold til å skifte klede saman med jentene i klassen. Det ho opplever å vere mest problematisk handlar om eit fokus som vert lagt på å samanlikne seg sjølv med dei andre i rommet. Ei samanlikning som er svært problematisk når ein er utan klede og den nakne kroppen kan sjåast. Gina fortel at ho fryktar dei andre sine meningar og kva dei tenkjer om den nakne kroppen hennar. Det ho fortel om her er ei underliggende frykt om at dei andre skal ha ein mening om korleis ho *burde* sjå ut og at kroppens utsjånad ikkje stemmer overeins med denne forventinga. Samstundes fortel informanten at dette også handlar om hennar eige ønske om korleis ho *wil* at kroppen skal sjå ut (Gina, s.4). Slike kjenslene Fredrikke og Gina fortel om kring det å skifte klede saman med andre kvinner i ikkje-seksuelle situasjonar kan knytast til ei frykt for å få andre sitt dømmande blikk på kroppen. I Gina sitt tilfelle kan ein sjå at følelsen av å ikkje vere nøgd med korleis kroppen ser ut er knytt til ei frykt for at kroppen ikkje ser 'riktig' ut samanlikna med korleis ho føler den 'burde'.

På same måte som informantane fortel at puppene var eit statussymbol i ungdomsåra meiner Gina at brystas utsjånad no også spelar inn på eins følelse av å vere kvinne (Gina, s.10). Det kan dermed sjå ut til at puppene også er eit symbol på femininitet no som informantane har blitt eldre. Eit forhold som er knytt til størrelse og form, og som vidare har ein innverknad på korleis ein tolkar sin eigen og andre sin verdi på bakgrunn av brystas utsjånad. Sjølvbilete og sjølvtillit kan sjå ut til å også bli påverka av korleis brysta seg ut og korleis ein opplever brystas utsjånad. Informanten Iselin fortel at ho i dag føler eit ubehag når ho skal skifte klede i ein garderobe saman med andre kvinner. Ho fryktar dei andre sitt blikk og tolkingar av hennar personlegdom basert på korleis brysta ser ut står som ein sentralt del av denne kjensla:

Eigentlig er eg redd for at dei skal dømme meg rett og slett. Eller at dei har ein tanke om meg. Og så vil synet av kroppen min og puppene mine endre det. Og så berre, "for eg trudde Iselin var sånn og sånn og så såg eg ho naken og puppene hennar var ho heilt rare", eller kva enn dei skal synast (Iselin, 00:17:16-00:19:07).

Frykta for andre sine tankar og korleis eins personlegdom vert tolka på bakgrunn av korleis ein ser ut viser ei forståing av kroppen som ei forlenging av informantanes identitet. Det handlar om ei forståing av at kroppens ytre skal representere kven ein er som person. Denne forståinga er noko som kjem fram i fleire forteljingar i materialet mitt. Om desse to einingane ikkje samsvarar, om kroppen ikkje representerer individets indre, kan negative kjensler kring kroppen oppstå. I intervjuet med Gina fortel også ho om eit liknande forhold til sine eigne pupper som Iselin. Gina startar med å fortelje om korleis ho ikkje plar å publisere biletet av seg sjølv der brysta er synlege fordi ho synes dei er for store og trekk merksemrd. Trass dette synet valde ho nyleg å gjere det motsette då ho publiserte eit biletet av seg sjølv i eit kostyme der kløfta var synleg:

Eg var på ein Halloweenfest og det var fyrste gong (...) eg nokon gong har [publisert] eit biletet der ein faktisk ser brysta mine. Og så har eg ikkje tenkt over det då (...) det er fyrste gong eg har lagt ut noko der eg viser fram [brysta]. Og det eg følte kvar gong eg såg på dei biletta, [så] var det einaste ein såg av meg, det var puppene mine som stakk fram. Og det var ikkje meg. Som er bak. Og det er også ein ting som eg syntes var litt trist. På grunn av [det] symbolet dei representerer (Gina, s.7).

Informanten fortel at ho fryktar at andre skal gjer seg opp ein mening om korleis personlegdommen hennar er basert på korleis ho ser ut. Ved å ha puppene og kløfta med på biletet er ho redd for at dei skal ta all merksemda og at det skal bli noko andre skal fokusere på. I denne samanheng fortel ho vidare om ein gong der brysta faktisk vart eit fokus då ho skulle møte ein jamaldra mann på date:

Han vart så sjokkert for eg hadde aldri nemnt det at eg hadde store pupper. Og han hadde ikkje sett dei nokon stad, og så var eg sånn ”ja men liksom, det er ikkje noko eg pleier å skrive i bioen¹⁰.. hehehe (...) Eg vil ikkje at nokon skal sjå puppene mine før dei ser meg. Og at det på ein måte skal bli meg. For [dei] er ikkje meg (Gina, s.7).

I Gina sine forteljingar om korleis brysta vert eit fokuspunkt for andre kan ein sjå korleis individets utsjånad er ein del av det refleksive prosjektet etter Giddens (1991) forståing. I Gina sine forteljingar kan ein sjå eit ønske om at den fysiske kroppen skal vere eit uttrykk for sjølvets identitet og personlegdom. Då informanten fortel at ho ikkje liker at personlegdomen hennar vert dømd ut frå størrelsen på puppene, eller at dei vert eit viktig fokus for andre, kan ein sjå at ytringa ”For [dei] er ikkje meg” eit uttrykk for dette. Gina opplever at puppene utstrålar ein

¹⁰ ’Biografien’, informasjon ein skriv om seg sjølv på profila si på sosiale media som til dømes Instagram og datingappen Tinder.

annan symbolikk enn det resten av kroppen og personlegdommen hennar gjer. Ein symbolikk Gina opplever at ho ikkje er i kontroll over, slik som også Fredrikke fortalte om frå garderoben i ungdomsåra.

Forsking gjort på unges forhold til kropp har vist at bruken av sosiale media bidreg til at ein ser, opplever og vurderer eigen kropp med eit utanfrå perspektiv (Manango mfl., 2015). På same måte som ein kan vurdere andre sin verdi på bakgrunn av kroppens utsjånad, vurderer ein også sin eigen verdi med bakgrunn i eigen kropps utsjånad. Eit anna aspekt er at ein vurderer og samanliknar eigen utsjånad med andre personar som opplevast som meir attraktive. Om ein opplever å ikkje oppnår det same nivået av attraktivitet kan ei kjensle av å mangle kontroll oppstå. Ein mangel som kan resultere i ein trøng til å passe på sin eigen kropp (Manango mfl., 2015; Mæhle, 2016). Døme på ein slik trøng kan vere at ein unngår å vere naken i garderoben saman med andre kvinner, eller at ein ikkje publiserer bilete på Instagram der brysta synes for å unngå å bli samanlikna og dømd.

Fleire av informantane fortel også at bilet som er å finne i dei sosiale media er med på å fremje ei forståing av kva type kropp og pupper som er 'normalt' og 'riktig'. Ei forståing fleire fortel at dei lengtar etter å oppnå. Eit resultat av dette ser dermed ut til å vere det auka fokuset på å samanlikne eigen kropp og utsjånad med korleis dei andre ser ut. Informanten Gina fortel vidare om hennar forhold av slike bilet av kvinner i sosiale media, og korleis ho opplever at 'normale' pupper ser ut. Eit viktig moment i hennar forteljing er at ho synes at eigne pupper er *for* store. Brysta ho ser på Instagram er noko ho opplever er mindre og meir elegante enn hennar eigne. Då ho vidare utdjupar om forholdet til sine eigne bryst brukar ho omgrep som at dei skapar eit stress og at det er slitsamt å ha dei. I tillegg opplever ho at dei set grenser for kva ho kan gjere og kva type klede ho kan bruke. Dette forholdet Gina har til sine eigne pupper kan vidare sjåast opp mot synet på at kvinner med store pupper ikkje vert avbilda i kvardagslige og røyndomsnære situasjonar. Informantens forteljingar viser dermed at ho i mindre grad kan identifisere seg med dei puppene som framstillast som normale i dag. Samt at hennar bryst er avgrensande for kva ho kan gjere fordi ho opplever at brystas seksuelle symbolikk står i vegen (Gina, s.2, 5). Vidare utdjupar Gina om korleis ho opplever at kvinner som i stor grad vert sett som førebilete i dag ikkje representerer ein kropp som liknar den ho sjølv har:

Og ja, eg føler at [brysta] skal vere sånn.. [ein] enkel liten ting, men dei er ikkje det.. Og så om du ser [på] bloggarane eller dei største førebileta, som du ser på sosiale media, er

det sjeldan dei har.. store pupper. Om du tar Annijor¹¹ til dømes. Eg føler ho er eit ganske klassisk døme på eleganse. Med nakenskap og femininitet. Og den klesstilen [ho har] er også veldig [moteriktig] no. Men det som framstilla er jo noko som eg aldri kan oppnå. Sånn realistisk. I verkelegheita. Så sjølvsagt har dei ein innverknad (Gina, s.2, 5).

Gina opplever altså at biletene av ein feminin og 'riktig' kvinnekropp som oftest er å finne i sosiale media er ein kropp ho ikkje har eller har moglegheit til å få. Det negative forholdet ho då har til eigen kropp og eigne bryst kan dermed sjåast i samanheng med dette. Informanten peiker også på sjølv at slike biletene har ein innverknad på dette forholdet til eigne pupper.

Andre personar sine meningar, tolkingar og tankar om eins personlegdom basert på korleis ein ser ut er eit viktig moment i informantenes forteljingar. Samstundes ser også eins eigne tolkingar av korleis eigen kropp ser ut til å vere viktig forholdet informantane har til eigne pupper. Dette forholdet kjem fram i intervjuet med informanten Janne, som fortel at utsjånaden verkar inn på kva biletet ho vel å publisere av seg sjølv i sosiale media. Noko som er avhengig av kven som kjem til å sjå biletet. Informanten fortel at ho berre publiserer biletene av seg sjølv der ho føler ho ser bra ut, "eller.. i alle fall verkar like bra som [andre].." (Janne, 00:28:44-00:29:59). Janne set her ord på ein følelse av eit press på å framstille seg sjølv og sin utsjånad på best mogleg måte. Eit press som også handlar om at ein bør publisere biletene av seg sjølv der ein ser ut til å passe innanfor det rådande skjønnheitsidelet. Janne, samt fleire av dei andre unge kvinnene, fortel at ho samanliknar biletene av seg sjølv med biletene av andre personar ho ser på som attraktive. Unge kvinner bruk av sosiale media har vist at det finnes eit auka fokus på utsjänadsmessige sosiale samanlikningar (Vartanian og Dey, 2013). Forholdet til andre personar som er avbildar på sosiale media ser ut til å ha ein innverknad på korleis informantane opplever sin eigen utsjänad. Forsking gjort på kvinnernas forhold til kosmetisk kirurgi og kroppsbygninga har sett på media som hovudkjelda til sosial samanlikning, spesielt med fokus på magasiner retta mot kvinner (Morgan, 1991, s.36; Ponterotto, 2016, s.147). Nyare forsking på unges medievanar har vist at også sosiale media spelar inn på måten unga kvinner samanliknar seg sjølv med andre personar (Johannessen, 2016, s.84). Dette går ikkje berre på utsjänad men også andre faktorar, som kor vellykka andre personar framstår. Ei slik sosial samanlikning har vist å ofte resultere i negative følelsar og misnøye kring eigen kropp, då unge kvinner opplever å ikkje vere like god som-, eller like pen som-, til dømes artistar og Påverkarar (jf. Fardouly mfl., 2015). Då kring 2 millionar nordmenn brukte Instagram i 2017, og dei mellom 18 og 29

¹¹ Påverkaren Anniken Jørgensen.

år var den største brukargruppa (Ipsos, 2017), kan denne plattforma sjåast som ei større kjelde til informasjon enn andre media i dag. Då unge i tillegg har tilgang på desse media via smarttelefonar til ei kvar tid, kan det vidare argumenterast for at unges medievanar, sosiale samanlikning og påverknad opptar ein stor del av informantanes kvardag.

Andre stader informantane uttrykker at biletet av bryst er med på å skape eit urealistisk biletet av korleis kvinnekroppen ser ut er i til dømes film og pornografi. Sjølv om dei sosiale media er noko alle informantane bruker i sin kvardag og ser i samanheng med samanlikning av kropp, har også meir tradisjonelle media ein innverknad. I intervjuet med Hanne stiller eg ho eit spørsmål om kva ho tenkjer om pupper som vises i til dømes TV og film, og om det har ein innverknad på forholdet ho har til sine eigne pupper. Det informantane fortel i denne samanheng er at ho synes at spelefilmar opplevast meir røyndomsnære. Difor vil framstillingar av kvinnebrystet som ”små, søte, perfekte pupper” spele inn på hennar forhold til eigne pupper. Vidare utdstrupar informanten ”Altså det er jo sjeldan hengepupper som ser rare ut når du ligg på sida [som vises]”. Då Hanne synes at eigne pupper er store og ikkje liknar puppene som er å sjå på film, opplever ho at mediebileta pregar dette synet. I tillegg til TV og film fortel ho at det å ha store bryst også gjer det vanskelig å følgje med i dagens motebilete. Dette er fordi ho opplever at kleda som lagast til unge i dag ikkje er tilpassa kvinner med større pupper. Tolkinga av kva den ideelle bryststørrelsen kan dermed sjå ut til å skapast i mediebileta og i motebransjen. Hanne opplever også at puppene er avgrensande, då ho føler ho ikkje kan bruke dei kleda som sjåast som moteriktige. Informanten meiner det er ein samanheng mellom desse framstillingane og kleda som vert marknadsført, som resulterer i eit grunnlag for forståinga av at mindre pupper er det ideelle å ha (Hanne, 00:25:30-00:27:02).

At brysta spelar inn på informantanes forhold til kva klede dei opplever å kunne bruke, kan sjåast opp mot Anthony Giddens (1991) si forståing av klede som signal og uttrykk for tilhør og sosial identitet. Han argumenterer for at utsjånad og klede signaliserer mellom anna kjønn, klasse, posisjon og yrkesstatus i det moderne samfunnet. Sjølv om det er eit auka fokus på å uttrykke sin individualitet i dag brukas klede til å sende ut dei ’riktige’ signala om individets tilhør i ulike kategoriar. Ønsket om å passe innanfor det standardiserte uttrykket som promoterast i media og via dei moteriktige klede ser dermed ut til å vere viktige for informantane. Nettopp fordi utsjånaden er eit sentralt moment i individets refleksive prosjekt (Giddens, 1991, s.99-100). Om dei då opplever at brystas størrelse er avgrensande for kva klede dei kan bruke kan ein oppleving av å føle seg utestengd oppstå. I ljós av dette kan informantane

uttrykk for at kleda som faktisk er tilgjengelige for kvinner med større pupper ikkje speglar det gjeldande motebilete kan det lede til negative kjensler kring eigne bryst. Ein følelse av å vere utestengd på grunn av brystas størrelse. Informanten Hanne konkluderer svaret på spørsmålet mitt med å seie ”Så det kan nok hende at det påverkar [meg slik] at eg skulle ønske eg hadde mindre pupper” (Hanne, 00:25:30-00:27:02).

Ønsket om ein annan utsjånad

Eit resultat av å samanlikne eigen utsjånad med biletet av andre kvinner og ideen om korleis den burde vere for å vere ’normal’ og attraktiv kjem fram i fleire av informantane forteljingar. Cathrine er ein av dei som fortel om ein trong til å passe innanfor desse rammene. I ein diskusjon mellom informantane i gruppeintervjuet fortel ho om eit biletet ho såg av ei kvinne for nokre år sidan:

[Ho] hadde på seg ein BH og ei litt open skjorte sånn at ein kunne sjå BH-en. Ho hadde så utrulig fine pupper fordi dei satt liksom sånn perfekt i mine auger. Dei var store nok men det var liksom sånn, det var kløft utan å vere kløft. Dei satt liksom sånn at det på ein måte var litt mellomrom men det var ei kløft (Gruppeintervju, s.40-41).

Då Cathrine sjølv synes eigne bryst er for store hadde dette biletet av det ho såg som ’perfekt’ stor innverknad på informanten. Hennar eigne pupper er noko ho opplever som avgrensande og smertefulle å handtere i kvardagen. Difor fortel Cathrine om eit ønske om at brysta var mindre. I diskusjonen utdjupar ho vidare reaksjonen ho hadde til denne følelsen som oppstod:

Og eg var berre sånn ”ååh såinne vil eg ha”, og eg prøvde å manipulere puppene mine i BH-en og prøvde å få det til liksom.. men det gjekk jo ikkje for eg har ikkje såinne pupper. Det var jo ikkje sånn eg var på ein måte. (...) Det var ubehagelig å tenke over det at eg samanlikna med sjølv, eller eg såg på ein annan person og tenkte sånn vil eg sjå ut. Spesielt når det kjem til.. for ein ting er kropp for då er det jo, du har jo moglegheiter til å endre korleis, eller, til ein viss grad, korleis kroppen din ser ut. Om du vil gå ned nokre kilo så kan du gjere det, eller om du vil legge på deg så kan du gjere det. Men når det kjem til pupper og såinne ting så er det jo.. ikkje så mykje ein kan gjere, anna enn å operasjonar, og då vert det på ein måte veldig mykje meir drastisk. Og derfor tenker eg at det sikkert kan vere lettare for folk å bli.. påverka til å ta operasjonar nå dei ser så mange, spesielt pupper då.. folk som har dei der perfekte, i sine auger, puppene (Gruppeintervju, s.40-41).

Det er fleire ting på kroppen som kan endrast sjølv om ein vil oppnå ein annan utsjånad, slik som Cathrine fortel over. Det som derimot er vanskelig å endre på, på eiga hand, er puppene utsjånad. Ein kan bruke ulike typar BH-ar og innlegg for å endre dei i nokon grad men størrelsen

kan ikkje reduserast utan ei kirurgisk inngrep. Difor meiner Cathrine at kvinner har lettare for å ty til kosmetisk kirurgi om dei opplever brysta som eit hinder i kvardagen, nettopp fordi det ikkje er noko ein kan endre sjølv. Då brysta følast avgrensande og som ei kjelde til negative kjensler kan kosmetisk kirurgi sjåast som ei løysing som 'fikser' det. Sander L. Gilman (1999) hevder at ønsker om å sjå annleis ut, og ønsket om å vere attraktiv, er individets jakt på lykke. Trongen til å passe innanfor biletet av kva som vert sett som attraktivt og normalt ser han som ein faktor som driv personar til å oppsøke kosmetisk kirurgi for å endre det dei ikkje er nøgde med. Eit ønske som er eit resultat av følelsen av å ikkje passe inn, og som ber med seg negative kjensler kring eigen kropp, utsjånad og verdi. Vidare argumenterer Gilman (1999) at kategoriane kroppen, eller kroppsdelar, plasserast innanfor ofte anten er negativt eller positivt ladd. Ser ein på kvinnebrystet ser det til dømes ut å vere eit skilje mellom kategoriane store/små, der den eine er meir negativt ladd enn den andre. For å oppnå lykkefølelsen Gilman meiner kosmetisk kirurgi kan gi, må ein krysse grensa som skil ein fysisk frå det rådande idealet. Kategoriane som tilseier at noko er positivt eller negativt er også flytande og varierande, og avhengig av tid og stad (1999, s.21-23).

Sjølv om mitt materiale ikkje kan seie noko om kva den ideelle bryststørrelsen er, kan ein ut frå informantane forteljingar sjå at mindre pupper har lettare for å bli akseptert som 'normalt' enn det større pupper kan. Noko som argumenterer for denne tolkinga er, som det kom fram i førre kapittel, var at store bryst i Noreg i dag kan sjåast som mellom anna horete og vulgært. Dette viser også at kategoriane er flytande slik som Gilman (1999) hevder då idealet i USA tidleg på 2000-talet nettopp var store (Young, 2005). Det som kan sjåast som ei kjelde til ønsket om å endre kroppens utsjånad er dette ønsket om at kroppens ytre skal reflektere personlegdommen kroppen rommar. Frå Cathrine si forteljing over kan ein sjå at ønsket om å ha ei anna, og betre, kløft var så sterk at ho prøvde å endre korleis hennar eiga kløft såg ut. Haldninga til (for) store pupper kjem til syne i denne samanheng, då det er fleire informantar som uttrykker eit ønske om å krysse grensa frå store til små bryst via eit kirurgisk inngrep. Når informantane snakkar om slike kirurgiske inngrep skil dei hovudsaklig mellom helsemessigrunna og estetisk grunna inngrep. Slik det kjem fram i desse forteljingane handlar det om det i hovudsak er fysiske smerter som er grunnlaget for inngrepet, eller om det er rein estetisk. Eit anna moment som kjem til syne i forteljingane er at informantane i liten grad problematiserer det kirurgiske inngrepet i seg sjølv, men heller motivasjonen bak. Sjølv om det er ingen av informantane som fortel at dei har fått utført noko form for kirurgisk inngrep, er det

fleire som fortel om eit ønske om å ein gong få gjort noko. Dette er også eit tema fleire har sterke meininger om, trass i manglande personlige erfaringar.

Dei som fortel om eit ønske om å endre på brystas utsjånad kirurgisk omfattar dei informantane som på førehand har fortald at dei synes brysta er for store, og fortel om eit problematisk forhold til dei i kvardagen. Forhold som i styrst grad handlar om smerter i rygg, nakke og skuldrar. Vidare er Cathrine den einaste informanten som fortel at ho har søkt om å få dekka eit kirurgisk inngrep for å redusere størrelsen på puppene. Sjølv om det er helsemessige årsaker som er grunnlaget for søkeraden har det vist seg å vere ei utfordring å få dekka eit slikt inngrep av det offentlige. Informanten fortel at ho har blitt vidaresendt til fleire ulike spesialistar for å få vurdert om det er noko anna som kan vere ei løysing på smertene før dei tår til kirurgi. I tillegg til smertene, som Cathrine fortel er hovudårsaka til dette ønsket om eit kirurgisk inngrep, fortel ho også:

Men det er jo også fordi då kan ein på ein måte vere med å bestemme litt korleis eg vil at puppene mine skal sjå ut. [Eg] får jo ein two in one akkurat der føler eg (Gruppeintervju, s.47).

I dette sitatet henta frå gruppeintervjuet ser det ut til at Cathrine opplever at ønsket om å endre brystas utsjånad kirurgisk er legitimt på grunn av smertene ho opplever i kvardagen. I tillegg vil også eit slikt inngrep vere ein løysing på informantens syn på eigne pupper, då ho føler ho kan vere i kontroll over symbolikken brysta utstråler. Og dermed også korleis andre tolkar kroppen og personlegdomen hennar. Eit underliggende ønske om å sjølv kunne bestemme og kontrollere korleis brysta ser ut ser ut til å vere viktig for informanten. Ein annan informant som har eit liknande forhold til kosmetisk kirurgi er Gina. Ho fortel i intervjuet om sitt problematiske forhold til eigne pupper, og uttrykker eit ønske om både oppstramming og brystreduksjon. Dette ønsket rettferdiggjer ho ved å seie at ho opplever eit ”ekstremt ubehag”, som vert oppfatta som det sterkeste argumentet som legitimerer slike kirurgiske inngrep. Likevel fortel Gina:

Men eg har ikkje [eit] ekstremt ubehag. Med mindre det har noko med korleis du ser på deg sjølv då, ja noko du ikkje er nøgd med på ein eller annan måte. Eller som du meiner kan gjere at du får det betre med deg sjølv ved å endre. For meg så er det på ein måte det at.. eg trur at eg har fått mykje større fridom og kunne ha vist meg meir fram. Og vore stolt over brysta mine om eg ikkje hadde følt at [eg] burde skjule dei fordi dei heng. Sjølv om, det er veldig naturlig då dei er tunge, det er sånn det fungerer hehe. Men eg trur det har mykje med sjølvtillet å gjere. Og for meg personlig handlar det mest om

å vert akseptert av gutter. At eg ikkje vert [sett som] ei gammal dame med hengepupper liksom (Gina, s.9).

Både Gina og Cathrine meiner den mest legitime grunnen for å velje eit kirurgisk inngrep for å endre på utsjånaden, er dei fysiske smertene som ofte er knytt til det å ha store pupper. Eit anna ubehag Gina meiner kan legitimere eit slikt ønske om å fysisk endre brystas utsjånad er det psykiske ubehaget ho opplever. Ein mangel på sjølvtillit og eit negativt sjølvbilete ser dermed ut til å vere eit ubehag som legitimerer kosmetisk kirurgi.

Informanten Birgitte fortel også at ho tidlegare undersøkte moglegheita for å få ein brystredusjon dekka av staten, og eventuelt kva det hadde kosta å fått det utført på ein privat klinik. Hennar grunnlag for å ønske eit slikt inngrep var avhengig av fleire faktorar, som fysisk smerte, å kunne ligge på magen, samt:

Det plaga meg kor dyrt det skal vere å kjøpe BH-ar. Altså der kjem ein praktisk grunn inn at eg gjerne skulle hatt mindre bryster av veldig mange fleire grunnar. Eg trur ikkje det går an å nødvendigvis separere helsemessige og estetiske [grunnar]. Men dei [som gjer det av estetiske grunnar] dømmast nok mykje hardare. Eg trur mange unnskyldar det med helsemessige grunnar, då det har vore mest motivert av estetiske grunnar (Gruppeintervju, s.47).

I hovudsak er det berre dei helsemessige årsakene som vert sett som eit meir legitimt grunnlag for å få utført eit kirurgisk inngrep på å endre på kroppens utsjånad. Det helsemessige er likevel ikkje den einaste grunnen til at informantane har hatt eit ønske om mindre bryst. I tillegg til fysiske smerter, negative følelsar kring eigen kropp og utsjånad, finnes det også praktiske og økonomiske aspekt som er viktige i moment i informantanes forteljingar. Saman med eit ønske om å kontrollere kroppens signal. Informantanes haldning til kosmetisk kirurgi kan dermed knytast opp mot Gilman (1999) sitt argument om at kirurgi er den einaste måten å krysse grensa mellom ein negativ og positiv kategori, for at eins utsjånad skal kunne godkjennast og aksepterast av andre.

I tillegg til haldningane knytt til den helsemessige sida ved kosmetisk kirurgi, er det fleire informantar som fortel om sine meininger om estetisk grunna kirurgi. Det som då kjem til uttrykk i forteljingane deira er at det viktigaste ved desse inngrepa er at ein har det riktige grunnlaget for å gjennomføre det. I denne samanheng er argumentet om at ein gjer det for seg sjølv, og ikkje fordi ein er påverka av kva andre meiner det viktigaste. Informanten Janne er ein

av dei som fortel om eit slikt forhold til kosmetisk kirurgi, sjølv om ho ikkje uttrykker eit ønske om å endre på sin eigen utsjånad:

Men i den augneblinken det vert for nokre andre, at det vert liksom ”å ja men eg må ha store pupper fordi veninna mi har det” eller ”fordi ho på Instagram har det” eller ”fordi kjærasten min seiar det er fint med store pupper” då vert det feil føler eg. For då er det ikkje noko ein eigentlig har lyst til å gjere. Det vert litt.. tvunge på av ytre faktorar (Janne, 00:43:40-00:45:11).

For Janne må grunnlaget for å oppsøke kosmetisk kirurgi vere eit eige ønske og ikkje vere eit resultat av innverknad av andre sine meininger om korleis ein burde sjå ut. Det må vere noko ein har lyst til å gjere sjølv. Informanten Iselin fortel også om sitt syn på estetisk grunna kosmetisk kirurgi. I intervjuet med denne informantanen kjem fortel ho at andre må få gjere det dei vil med kroppane sine, og vidare at:

[Eg] synes det vert for dumt med argumentet om at ein sender ut ein dårlig melding til dei som er yngre, for folk må få gjere som dei sjølv vil. Og om nokon vert påverka av det så er det deira problem (Iselin, 00:35:19-00:37:04).

Det Iselin sikter til i denne samanheng er debatten som har føregått dei siste åra om korleis unge vert påverka av det dei ser på sosiale media, og særleg meiningsutvekslinga om at Påverkarar har ein dårlig innverknad på sine yngre tilhengarar. I ei undersøking utført av NRK i samarbeid med Norstat om kropp, kirurgi og sjølvbilete kjem det fram at kvar 10. kvinne under 30 har eit ønske om å endre på ein eller fleire fysiske ting ved hjelp av kosmetisk kirurgi. Vidare har det også blitt argumentert for at dette er eit aukande tal som kjem av at kosmetisk kirurgi er mykje meir synlig no enn det har vore tidlegare. Med den auka eksponeringa i media kan slike inngrep opplevast mindre farlig og meir akseptert å få utført (Aardal, Gjelland, Midbøe og Vigsnæs, 2015). Fremjinga av kosmetiske kirurgi som eit verktøy for auka sjølvtillit har også vore mykje omdiskutert dei siste åra. Fokuset har då blitt lagt på korleis framstillingar av mellom anna perfekte kroppar har ein innverknad på unges psykiske plager, eit negativt forhold til kropp og sjølvbilete. Kven som har ansvaret for kva unge ser og opplever, korleis nokre Påverkarar stiller som dårlige førebilete for unge i dag med fremjing av ulike inngrep, og kva som kan gjerast har også vore oppe til debatt (sjå til dømes Elvsåshagen, 2017; NRK, 2018; NRK, 2019). Slik det kjem fram i mitt materialet meiner fleire av informantane at dei estetisk grunna inngrepa er unødvendige og overflødige. Kva som kan kategoriserast som reint estetisk er derimot noko

materialet ikkje kan seie noko meir spesifikt om, enn at ein ikkje må gjere det fordi nokon andre vil du skal gjere det.

I motsetning til forståinga om at psykiske plager er ein gyldig grunn, meiner informanten Kristina at det berre er fysiske smerter som er legitime for å få utført kosmetiske inngrep. Ho utdjunpar:

Det at du ikkje liker kroppen din for du har for små pupper, du kan trene eller jobbe med [det] i hovudet ditt. For det er jo der det ligg. Det ligg jo ikkje i ein sjuk kropp at du ikkje liker puppene dine på ein måte. Så eg synes det er ein vesentlig forskjell, sjølv sagt er det viktig å føle seg vel for di eiga helse. Men.. ja. [Eg] trur ikkje at ein berre kan operere inn store bryster og så plutselig har ein verdas beste sjølvtillit og kjempe god mental helse. Eg trur ikkje det er slik det fungerer (Kristina, 00:30:58-00:32:03).

Med dette sitatet kan ein sjå ei haldning til estetisk grunna inngrep som ein måte å få betre sjølvtillit og å passe innanfor det som er 'riktig' og attraktivt ikkje er riktig måte å handtere eit dårlig sjølvbilete. Kristina meiner ein heller bør jobbe med dei mentale problema sine, heller enn å endre kroppens fysiske utsjånad. I motsetning til Kristina sitt syn på estetisk grunna kosmetisk kirurgi, kjem det fram i fleire intervju at informantane har vene og kjende som har satt inn implantat for å få større pupper. Eit resultat av desse inngrepa har dei fortalt om ei auka sjølvbilete og betre sjølvtillit. Av dette ser det dermed også ut til at kvinner med mindre bryst også kan oppleve negative følelsar knytt til bryststørrelse, og har ein trong til å 'rette' på det som er 'feil'. Informanten Birgitte meiner at estetisk grunna inngrep er eit resultat av ein medias negative innverknad, men fortel:

Med brystoperasjonar som er heilt estetiske så tenkjer eg at om du lever eit betre liv som følgje av det så er eg glad på dine vegne. Men eg veit også at innerst inne skulle eg ønske at det ikkje var noko behov der (Birgitte, s.13).

Haldningane informantane har til kosmetisk kirurgi kan sjåast opp mot Anthony Giddens (1991) omgrep *bodypower*. Dette inneber ei forventing om at individet skal høyre på kroppens signal for å både oppleve det å ha god helse, men også for å følgje med på om noko er gale. Med ei slik overvaking av eigen kropp, argumenterer han, at det følgjer ei makt og moglegheit til å unngå sjukdom og å kunne unngå å bruke medisinar (1991, s.102). Slik som Kristina fortel finnes det ei meinings om at ein bør unngå kirurgiske inngrep om det ikkje er medisinsk nødvendig. Inngrep på bakgrunn av helsemessige faktorar som smerter sjåast legitimate fordi individet har eit ansvar for å passe på sin eigen kropp. Det er likevel også ei forståing av

psykiske plager som ein gyldig grunn til å få utført eit slikt inngrep, nettopp fordi individet har eit ansvar for eiga helse. Dette er likevel varierande meininger om dette i informantane forteljingar, då eins psykiske helse ikkje nødvendigvis oppfattast som noko som kan fiksast med eit kirurgisk inngrep.

Som eg nemnde tidlegare er det ingen av informantane som har fått utført kirurgiske inngrep for å endre på utsjânaden sin. Det som likevel kjem fram i det individuelle intervjuet med Anne er at ho har 'fiksa' på noko. På grunn av innsunkne brystvorter opplevde ho missnøye kring brystvortenes utsjânad. Difor valde ho å ta piercingar i dei, for at dei heller skulle vere utstikkande heile tida. Piercingane var noko Anne opplevde som ei 'løysing' på eit 'problem' og ein måte å 'ordne' den manglande sjølvtilletten ho følte:

Og mange hadde kanskje sagt "nei men du må berre akseptere det.. du kjem til å få problem med å amme" og så vidare, eller "du kan miste følelsen i dei om det går veldig galt. (...) Eg kan ikkje hugse den usikkerheita no om eg tenkjer tilbake på det, [men] det var ei usikkerheit, ei sterk usikkerheit. Og eg sleit mykje med å gå utan BH før den tid (...) Mens no er det litt meir, det er meir stoltheit i det. Og dessverre måtte det noko til. For at eg fekk det. Og det tenkjer eg av og til på, at [eg] måtte faktisk endre litt på meg sjølv for å vert fornøyd (...) Men eg var veldig bestemd på at eg gjorde det for meg sjølv og ikkje [for] nokre andre. Og eg trur at om du gjer noko for deg sjølv og ikkje [for] andre så er det mykje meir [ein] eigen tanke bak det. Fordi ein sit ikkje der og [tenkjer] "eg må sjå perfekt ut for andre". Men "[eg] gjer det for meg sjølv for då veit eg at det vert betre" (Anne, s.8-9).

I Anne si forteljing ser ein korleis brystvortene hennar var ei stor kjelde til negativt fokus i kvardagen. Det som også kjem fram i intervjuet til Anne er at ho følte ho gjorde det av eigen fri vilje, og ikkje som eit resultat av at nokon andre syntes det var uattraktivt eller negativ. Ved å føle at ho var i kontroll over korleis brystvortene såg ut tok Anne også kontroll over, og forbetra si eiga psykiske helse og velvere, som Giddens (1991) hevder individet sjølv har ansvar for. Informantane argument for å gjennomføre slike kirurgiske inngrep kan sjåast opp mot Anthony Giddens (1991) som hevder at individet stadig retter ein refleksiv merksemnd mot eigen åferd og utsjânad. Når ein stadig observerer seg sjølv og kroppens prosessar, er bevisst eigen utsjânad og korleis ein framstår ovanfor andre, skapast det også ein bevisstheit kring kva ein gjer, korleis ein føler seg og kva ein må gjere for å føle seg betre (1991, s.77-78). Ei slik sjølvrealisering er noko informantane i stor grad er opptatt av når dei fortel om kva som er gyldige grunnlag for å få utført kirurgiske inngrep.

Med bakgrunn i Giddens (1991) si forståing kan informantane bevisstheit kring eigen kropp og korleis den følast sjåast som eit uttrykk for denne refleksive merksemda. Då dei opplever ubehag knytt til brystas størrelse, om det er fysisk smerte eller nedsett sjølvtillet, kan den einaste måten å 'fikse' dette på vere å endre brystas utsjånad kirurgisk. Informantane forteljingar om ønsket om å kontrollere korleis brysta seg ut kan vidare sjåast som eit døme på korleis individet i dag opplever eit ansvar for vedlikehald av eigen kropp. Individet har sjølv ansvar for å unngå ubehag og smerter, samt at ein må kontrollere kroppens signal som tolkast av andre. Å vere i kontroll over eigen kropp argumenterer Giddens (1991) er eit resultat av samfunnets krav til individets ansvar for seg sjølv og sjølvrealisering (jf. 1991, s.78, 102). Då informantane fortel om eit ønske om å få utført eit kirurgisk inngrep på bakgrunn av ubehag, kan det sjåast som eitt av dei mange vala individet er ansvarlige for å ta i det moderne samfunnet. Om brysta i tillegg opplevast som ein avgrensande kroppsdel, om ein ikkje føler seg ein del av ei gruppe i tillegg til den seksuelle symbolikken som ikkje samsvarar med personlegdomen, kan dei oppfattast som eit hinder for individets personlege lykke. Sidan det er ei forståing av at individet er ansvarlige for å oppnå denne lykka, kan kirurgiske inngrep vere den einaste måten å få dette til.

Eit anna viktig aspekt i denne samanheng er individets følte handlingsrom. Opplevinga av at ein handlar og tar val uavhengig av kva andre meiner og synes. Denne forma for kroppslig refleksivitet kjem til uttrykk i fleire av informantane forteljingar, og kan sjåast med utgangspunkt i det Giddens (1991) hevder er individets refleksive prosjekt. Informantane ser ut til å vere bevisst påverknaden sosiale media har på deira forhold til eigne kroppar og bryst. Dei negative forholda til eigne pupper kjem til syne i forteljingane til fleire av informantane. Det dei då fortel er om biletet av kva bryst som er 'normale' å ha, og den sterke seksuelle symbolikken større bryst utstrålar. Eit viktig argument for å rettferdiggjere ønsket om kirurgiske inngrep er at dei gjer det av eige ønske. Følelsen av å ha personlig fridom er dermed sentral i informantane forteljingar og forhandlingar kring kosmetisk kirurgi. Birgitte fortel til dømes i det individuelle djupneintervjuet at ho ikkje liker at så mange tyr til kosmetisk kirurgi for å bli komfortable med korleis dei ser ut. Men "om det hjelper, og det er på ein måte verdt det, så er jo me alle saman ansvarlig for eigen lykke og eige liv" (Birgitte, s.13). Ut frå dette kan det vidare argumentast for at unge kvinner i dag balanserer mellom ønsket om å oppfylle ei forventing om korleis ein burde sjå ut, samstundes som det også er fleire som uttrykker ein motstand mot dette.

Kroppspositivisme og sosiale media

Då eg spurde informantane om deira forhold til media, medias innverknad og forholdet informantane hadde til eigne bryst kom det også fram at *kroppspositivisme*¹² var noko fleire var bevisste i sin kvardag. Etter eg stilte Iselin spørsmål om ho opplevde at biletene andre publiserer har ein innverknad til eigen kropp, i forventing om at samtalene skulle gå same veg som mange av dei førehåande, fortale Iselin at biletene i sosiale media har resultert i at ho våger å:

(...) ta litt meir sjansar. Med å berre, ikkje vere redd for at det er for mykje. For mykje kløft. Med å berre vere litt sånn, veit du kva dette her er.. ein vanlig kvinnekropp og det er ein vanlig kjole eller ein vanlig genser eg har. Og det at du kan sjå kløfta mi det er jo, [ein] heilt naturlig del av det. [Eg] kan ikkje drive å skjule deler av kroppen min på grunn av det. (...) Så tenkjer eg, sjølv om det finnes veldig mykje forskjellig der ute og nokre usunne biletene og folk som bruker Facetune¹³, så alt i alt så er det eigentlig litt sånn empowering å sjå folk som legg ut litt drøye biletene synes eg, fordi.. det er jo eigentlig berre å på ein måte endre på norma om, kva slags biletene ein kan legge ut og ikkje. (...) Me kan jo ikkje drive å sensurere [biletene].. så synes det berre er bra. Me må berre støtte kvarandre (Iselin, 00:14:19-00:15:42).

Sitatet viser ei haldning til biletene på sosiale media som ikkje har til hensikt å passe innanfor rammene for kva som verken er attraktivt eller å vise eit rosenrødt biletet av korleis kvinnekroppen skal eller burde sjå ut. Dette er eit relativt nytt fenomen, og ein kan finne brukarkontoar som har fokus på å fremje at omgrepene 'normalt' rommar mykje meir enn det som i stor grad vert sett som idealet. Fokuset vert då lagt på å heller fremja biletene av ulike typar kropp. I slike innlegg vert representasjonar av den idealiserte kroppen bytta ut med det som oppfattast som eit meir realistisk biletet av korleis ulike kroppar ser ut, då ein idealisert kropp ikkje nødvendigvis er oppnåelig for alle (Bahr, 2018). Ser ein tilbake på argumenta om at ubehag og låg sjølvstilling legitimerer kirurgiske inngrep, som vart utforska tidlegare i kapittelet, opplever informanten Fredrikke effekten av kosmetisk kirurgi at ein får likare kroppar. Ho er spesielt kritisk til at Påverkarar og andre kjende personar 'fikser' på utsjånaden sin og fremjar eit biletet av ein ideell kropp. Ho argumenterer:

Er ein stolt av kroppen sin så synes eg at ein skal unne vise den, eg synes ikkje det skal vere sånn at om du har ein flott kropp så er det dårlig gjort av deg å vise den for alle andre som ikkje har ein kropp som liknar din (Fredrikke, s.11).

¹² Eg bruker omgrepet kroppspositivisme som kjem av det engelske namnet *Bodypositivity*, som er ein internasjonal bevegelse på sosiale media. Trass den positive innverknaden innhald som fremjar eit større mangfold har, har den kroppspositive bevegelsen også blitt kritisert for å normalisere overvekt og dårlig helse (sjå til dømes Cernik, 2018).

¹³ Ein app som brukast av mange til å retusjere biletene av kropp og ansikt før ein publiserer dei på sosiale media.

Fredrikke er positiv til at ein skal kunne publisere bilete av seg sjølv om ein er stolt av kroppen sin, uavhengig av korleis den ser ut. Det ho ikkje liker er at det berre er ein type kropp som har fått tildelt tittelen som idealet. Det informanten heller vil er at ein burde fremje bodskapen om at ”det her er ikkje den einaste måten ein kan ha ein flott kropp på (...) Det må vere lov å ikkje vere tynn og ha smal midje og stor rumpe og store pupper” (Fredrikke, s.11).

Denne ytringa frå Fredrikke kan knytast opp til den kroppspositivistiske bevegelsen som ønsker å oppfordra til å akseptere og verdsette eit større mangfald blant kroppar og utsjånadar. På emneknaggar som *body positivity* finn ein fleire millionar innlegg, og nettsider via til den kroppspositivistiske bevegelsen skal vere trygge stader der ein kan dele bilete og forteljingar om kroppane sine (jf. Sastre, 2014). ’Ekte’ og ’realistiske’ bilete av kvinner er noko også Cathrine ønsker var meir vanlig, då ho saknar bilete av usymmetriske pupper som heng og har strekkmerker. ”Det er jo ein liten del av kvinner som har dei perfekte, med hermeteikn, puppene”. Til dette svarar Birgitte i gruppeintervjuet at det finnes fleire slike brukarkontoar på til dømes Instagram som legg fokus på andre typar kropp og pupper enn det som i stor grad oppfattast som idealet, ”så det er fint at det finnes motsvar med realistiske pupper, hengepupper og strekkmerker” (Gruppeintervju, s.18, 40).

Ein annan måte å unngå innhald av det informantane omtalar som urealistiske bilete av korleis ein burde sjå ut, er å velje å ikkje sjå på det. Iselin fortel at dette er noko ho har opplever fungerer godt for ho:

[Å] berre fokusere på det som gjer meg glad og gir meg styrke. Hehehe. Sosiale media påverkar veldig ja. På ein veldig positiv måte. Men eg trur, det har jo vore ein.. kamp til ein viss grad at eg på ein måte berre må innsjå at eg ikkje kjem til å vere lik nokon av desse modellane eller bloggarane. Så å berre fokusere på det som gjer meg glad fungerer veldig bra (Iselin, 00:16:34-00:17:07).

Å sjølv ta valet om å ikkje sjå på, eller å ikkje fokusere på å samanlikne seg sjølv med andre fortel også Dina ho har gjort tidlegare. I laupet av gruppeintervjuet fortel informanten at ho gjekk gjennom lista av brukarkontorar ho følgde på Instagram, og fjerna dei som ikkje gav ho ein god følelse. Å velje bort slikt innhald som vekker ei negativ sjølvfølelse var noko Dina fortel resulterte i eit meir positivt forhold til eigen kropp (Gruppeintervju, s.40). Sjølv om bilete av det idealiserte brystet verkar inn på eins forhold til eigne pupper kan andre typar bilete som fremjar eit større mangfald ha ein positiv innverknad på forståinga av korleis ein burde sjå ut.

Oppsummering

I dette kapittelet har fokuset vart lagt på korleis informantane oppfattar og forstår den symbolikken brysta rommar. Dette er ein symbolikk som hadde ein høg sosial status i ungdomsåra for nokre, mens den også var ei kjelde til negativitet for andre. Informantane fortel om eit forhold til eigne bryst som er variert i dag men som har ein ting til felles, nemlig brystas seksuelle symbolikk. Om ein opplever at mengda seksualitet brysta utstråler ikkje samsvarar med slik ein opplever dei burde var det negative følelsar knytt til brystas utsjånad og størrelse å finne. Eit viktig moment i denne samanheng er korleis andre tolka brystas symbolikk på grunn av forståinga av at den ytre kroppen skal spegle eins personlegdom og identitet.

Ved å ta i bruk Anthony Giddens (1991) teoretiske perspektiv kunne informantane forhold til eigne pupper sjåast som ein del av individets refleksive prosjekt. Med eit negativt forhold til kropp og bryst fortalte nokre om eit ønske om å endre brystas utsjånad ved hjelp av kosmetisk kirurgi for å kunne kontrollere denne symbolikken. Eit viktig moment i desse forteljingane var at dei gjorde fordi dei sjølv ville, og ikkje fordi dei vart påverka av eit ytre press. Årsakene som då i størst grad er legitimate for å fysiske endre kroppens utsjånad vart fysisk og psykisk ubehag. Grunnen til at dette vert sett som eit gyldig grunnlag kan sjåast som eit grunnlag for individets ansvar for seg sjølv og eiga helse.

Informantane forhold til media, og korleis biletet av ein normalisert kvinnekkopp vert fremja er noko dei fleste har eit forhold til i sine kvardagar. Dette er biletet som i stor grad oppfattast som å ha ein negativ innverknad på deira eige forhold til eigne bryst. Eit funn i denne samanheng var at nokre av informantane valde bort slikt innhald. Ved å ta eit slikt val, spesielt på sosiale media, kunne dei fokusere på innhald som heller fremja eit mangfold av kroppar. Eit resultat av denne endringa, fortel informantane, er eit betre forhold til eigen kropp.

Kapittel 6

Dei andre sitt blikk

Eit tema som kjem opp fleire gonger på tvers av intervjuet, og som i stor grad pregar informantane kvardag handlar om korleis dei føreheld seg til dei andre sitt blikk og det å få merksemd i ulike situasjonar. Det som ser ut til å vere eit viktig moment er at dei opplever å ha kontroll om det ska opplevast som noko positivt. Ei kjensle som er knytt til kontroll over eigen kropp, kva symbolikk den utstrålar og korleis den vert tolka i dei andre sitt blikk. Dette kjem særleg godt til syne i dei forteljingane som omhandlar korleis informantane opplever å ha store bryst, men er eit forhold som ser ut til å vere uavhengig av puppene størrelse. Ønsket om kontroll verkar til dømes inn på korleis informantane opplever og forhandlar kring klede dei kan bruke, kven dei kan vere nakne saman med, og haldningar til kosmetisk kirurgi. Forståinga av kontroll kan dermed sjåast i forhold til informantane følte handlingsrom, eller mangelen på det, i ulike situasjonar.

Som det kom fram i kapittel 4 og 5 verkar brystas seksuelle symbolikk inn på vala informantane tar i sine kvardagar. I tillegg har denne symbolikken ein innverknad på korleis dei tenker og føreheld seg til sine eigne pupper. Då dette siste temaet er så tett knytt til dei forholda som vart utforska i dei to føregåande kapitla. Eg kjem difor til å dra linjer tilbake til nokre av informantane tidlegare forteljingar for å belyse opplevelinga av kontroll som oppstår i ulike situasjonar.

Søken etter merksemd

Eit tema som eg stadig har vendt tilbake til i arbeidet med denne oppgåva er som nemnd dei andre sitt blikk. Informantane fortel om eit svært variert forhold til dette, og til merksemda dei opplever å få frå andre. Det som kjem til syne i materialet er at den sosiale situasjonen er svært viktig for om blikket eller merksemda opplevast positivt eller negativt.

Det er noko med den kløfta som er veldig som eit symbol. Eit sexsymbol nesten. Og [det er] noko med det at, ja sjå meg i auga og ikkje på puppene (Fredrikke, s.2).

Sitatet over er i stor grad illustrerande for korleis informantane Fredrikke opplever at puppene, og kløfta, trekk til seg andre sitt blikk på grunn av den seksuelle symbolikken det utstrålar. Ei

forståing fleire av ein andre informantane deler. På bakgrunn av denne symbolikken meiner Fredrikke, samt dei andre unge kvinnene, at den trekk merksemd når den er synlig.

Materialet mitt viser at informantane i stor grad opplever at menn plasser deira bryst og kløft inn i den seksuelle kategorien, uavhengig av situasjonen dei vert sett i. På bakgrunn av å bli kategorisert på denne måten opplever informantane at brysta difor kan takast i bruk om dei ønsker å få menns merksemd. Dette kan då handle om eit ønske om å trekke seksuell merksemd i søken på ein potensiell seksuell partnar. Ein annan grunn for å söke menns merksemd er også at det kan kjennast som ei godkjenning av deira attraktivitet og utsjånad. I slike situasjonar har studiar vist at kvinner bruker tid på å pynte seg då dei skal på fest eller liknande. Ikkje nødvendigvis fordi dei søker ein potensiell seksuell partnar, men heller for at merksemd frå menn kan vere ei stadfesting på at utsjånaden samsvarar med dei rådande kulturelle skjønnheitsideal (Gervais, Holland og Dodd, 2013). Dermed treng ikkje søken etter merksemd frå menn vere eit uttrykk for eit ønske om sex.

For å få dette blikket fortel fleire av informantane at dei bruker klede som framhevar kløfta og kroppens form i søken på menns merksemd. I slike situasjonar er dei bevisste kva klede som fungerer best for å få ein slik merksemd. Dei kan dermed spele på, og ta i bruk, brystas seksuelle symbolikk for å få bekrefta at dei er attraktive. Gina er ein av informantane som fortel at ho har brukt brystas symbol på denne måten. Etter ho fortel om ein følelse av at puppene har ein innverknad på korleis andre tolkar personlegdomen hennar i kapittel 5, fortel ho vidare at dette har resultert i at ”det har blitt litt sånn om eg har følt at eg verkeleg har lyst på merksemd, har eg brukt dei for å få merksemd frå ein gut”. Ho har då tatt på seg klede som framhevar brysta og kløfta, som gjennomsiktige toppar eller t-skjorter med ein pen BH under (Gina, s.6-7).

Situasjonane informantane opplever at dei kan bruke slike klede er i størst grad knytt til sosiale situasjonar, som når ein er på fest og likande. Informanten Kristina fortel om eit liknande forhold til det å framheve kroppen når ho skal pynte seg. Ho meiner ”at ein [kan] vise litt [meir], og sjå litt deiligare ut [då]”. Sjølv om ho tar på seg klede som framhevar kroppen og brysta, opplever informanten at ho ikkje kan bruke utringa toppar eller kjolar, då ho synast brysta er for store for det. Som Gina fortel, tar også Kristina bruk til dømes ei gjennomsiktig t-skjorte eller ein topp og kombinere det med ein pen BH under når ho skal pynte seg til slike sosiale situasjonar (Kristina, 00:01:36-00:04:03). Sjølv om informantane ikkje nødvendigvis er komfortable med å vise si eiga kløft, fortel dei at det er nokre situasjonar som er meir passande

at den er synleg i. Informanten Hanne fortel også om liknande haldningar kring kløft og utdjupar i sitt intervju at ho føler at det er meir naturlig i slike situasjonar. Dette er fordi ho opplever at det er ein ”annleis stemning” då (Hanne, 00:53:53). Det som kjem fram i desse informantane forteljingar er at dei er bevisste den seksuelle symbolikken puppene deira utstrålar. Denne bevisstheita har også resultert i at kvinnene kan velje å utnytte brysta når situasjonen tilseier at det er akseptabelt. Særleg om dei har eit ønske om å få ein seksuell merksemrd frå menn. Dei tre informantane som fortel om dette forholdet er også unge kvinner som sjølv synes at deira eigne pupper er store. I Gina sitt tilfelle ei uttrykt syn på brysta som for store. Trass i opplevinga av at store bryst har ein tydeligare seksuell symbolikk, fortel informantane at dei kan framheve brysta. Det vert berre gjort på ein annan måte enn det kvinner med mindre bryst kanskje gjer. Ved å bruke ein gjennomsiktig topp kombinert med ein pen BH som viser gjennom kan brysta fremdeles vere eit verkemiddel for å trekke merksemrd og blikk, utan at dei set sin respektabilitet i for stor fare.

Som det også har kome fram i dei to føregåande kapitla fortel informantane om eit variert forhold til si eiga kløft og korleis den vert tolka i dei andre sitt blikk. Det som då har blitt peikt på er at brystas seksuelle symbolikk er tilstade uavhengig av størrelse. Trass i eit noko problematisk forhold til større pupper, fortel informantane at det likevel kan ta i bruk denne seksuelle symbolikken for å få eit verdsettande blikk frå menn. Det som ser ut til å vere eit viktig moment desse informantanes forhandlingar kring klede, blikk og den seksuelle symbolikken er at kleda tilpassast brystas størrelse. Sjølv om informantane føler dei må passe på sin respektabilitet, er også menns blikk nøkkelen til å få sin attraktivitet ’godkjent’ (jf. Skeggs, 1997). Dermed har nokre av informantane som fortel om sin kvardag med store pupper funne ein måte å oppnå dette utan å bli tolka som horete eller vulgær.

Blikk i ikkje-seksuelle relasjonar

Også i ikkje-seksuelle relasjonar og situasjonar er informantane i stor grad bevisst dei andre sitt blikk. I denne samanheng finnes det heller ei negativ haldning til blikket og merksemra å finne i informantanes forteljingar. Dei andre sitt blikk kan då opplevast å vere avgrensande i deira kvardag. Det kan skape ei kjensle av at dei ikkje kan bruke ulike klede i spesifikke situasjonar, eller at dei til dømes ikkje kan publisere biletar der puppene vert for framtredande på sosiale media. Brystas symbolikk vart eit fokus for Gina i kapittel 5, nettopp fordi ho opplevde at biletar ho publiserte av seg sjølv med kløft i kostymet på Halloween trakk fokuset bort frå resten av

bilete. Det var også difor ho tidlegare har vald å ikkje publisere biletet av seg sjølv der brysta viser.

Antrekka Gina og Kristina fortel at dei kan ta i bruk for å trekke merksemd frå menn, opplevast difor å ikkje vere greitt å ha på seg om dei andre sitt blikk og merksemd ikkje er ønska. Slike situasjonar fortel informantane særleg involverer familie, jobb eller andre formelle situasjonar der brystas seksuelle symbolikk ikkje følast greitt å framheve. Her vert dei andre sitt blikk problematisk å få retta mot brysta, fordi det er personar ein ikkje ønsker skal tolke puppene seksuelt tilstade. Det ser dermed ut til å eksistere motsette haldningar knytt til dei andre sitt blikk i situasjonar med personar ein ikkje har ein (potensielt) seksuell relasjon til. Informantane er svært opptatt av dette forholdet, og fleire uttrykker eit sterkt ønske om å kontrollere kva andre ser og tenkjer. Sidan brysta vert oppfatta som sterkt gjennomsyra av denne symbolikken, ser det ut til at det oppstår ein trong til å skjule kløfta ved å ta på seg noko som styrer kva dei andre ser. Den mest effektive måten å skjule kløfta er å bruke klede som dekker til brysta i eit forsøk på å stoppe symbola dei ustrålar. Kontrollen av eigen kropp og symbola den utstrålar kan dermed også resultere i ein følelse av å vere i kontroll over kva andre ser, og vidare korleis andre tolkar deira personlegdom og kva dei andre tenkjer.

Måten informantane tenkjer kring andre personar dei ikkje vil ha merksemd for kroppen sin frå, fortel informanten Birgitte i det individuelle intervjetet. Eit døme på ein situasjon ho ikkje har eit ønske om å bruke brystas seksuelle symbol for å få blikk og merksemd er saman med familie ”Du vil ikkje sjå ut som du jakter på ein merksemd rundt kroppen din saman med svigerforeldra” (Birgitte, s.5). Dette er personar Birgitte ikkje har eit ønske om å få ein seksuell merksemd frå, og vel dermed å ikkje ta på seg klede der ho framhevar brysta når ho skal på besøk til dei. Informanten Kristina har også eit liknande forhold til eigne pupper og bruken av klede for å unngå å få eit seksuelt blikk retta mot kroppen. I intervjet med informanten utdjupar ho:

Kristina: Om du skal sitte i kantina og få merksemd [for ein] BH du har på deg (...) [Eg] veit ikkje heilt, det er sikkert greitt men.. det er kanskje ikkje den [situasjonen] eg vil ha den merksemda i.

Eline: Kven tenkjer du at du får merksemd frå?

Kristina: Nei det kan vere alle. Det kan vere kven som helst. Det kan vere ein gut som synast at det er fint. Det kan vere ei jente som tenkjer [noko negativt] eller kanskje synes

det er fint. Eller.. tenkjer at her har du gått inn for å få merksemd. Det kan vere ein professor som tenkjer herregud dagens ungdom. Hehe. Altså det kan vere kven som helst. Eg trur ikkje eg hadde tenkt på ei spesiell gruppe. Jenter veit jo at det kan vere mykje verre å få stygge blikk frå andre jenter enn det er å få det frå gutter. Då bryr ein seg kanskje ikkje like mykje (Kristina, 00:26:18-00:27:54).

Ut frå forteljinga til Kristina opplever ho at det finnes, grovt inndelt, to typar negativt blikk: det uønskte seksuelle som oftast er frå menn, og det dømmande blikket som ofte kjem frå andre kvinner. Begge desse kan baserast på den seksuelle symbolikken brystet utstrålar, då kvinners dømmande blikk kan sjåast som ei vurdering om ein utfører sin respektable femininitet på riktig måte (jf. Skeggs, 1997). Uakseptabel åtferd knytt til bruken av brystas seksuelle symbolikk i situasjonar der dei blir sett på å vere upassande er dermed også noko informantane fortel om eit forhold til. Dei andre sitt blikk informantane fortel om kan difor også knytast opp mot den sosiale samanlikninga informantane fortel at dei føreheld seg til i sin kvardag. Her kjem me tilbake til korleis bryststørrelse har ein innverknad på informantanes forhold til eigen kropp. Sidan brystas størrelse er så tett knytt opp mot kor sterkt seksuell symbolikk dei utstrålar, vil andre kvinner vurdere om ein handterer denne på 'riktig' måte i ulike situasjonar.

Også Iselin fortel om dette forholdet til eigne pupper og korleis dei har ein innverknad på korleis ho vel å kle seg saman med ulike personar. Sjølv om ho fortalte at ho brukte kløfta meir som eit verktøy for å få merksemd frå gutter då ho var yngre, føler informanten i dag på ein større trøng til å skjule kroppen sin. Dette tenkjer ho heng saman med hennar eigen oppleving av at kløft kan vere upassande å vise:

[Eg] føler at folk ser på [kløfta] med ein gong. Når ein skal vere litt audmjuk i jobbsituasjonar eller i skulesituasjonar. Du høyrer jo kommentarar med ein gong nokon har ein djup utringing i kvardagslige samanhengar. Sånn, "oi sjå på ho då", eg vil ikkje vere den personen når folk er sånn, "oi no må du dekke deg til litt". Det hadde eg blitt kjempeflau over. Så eg trur det berre er for å førebygge at nokon kanskje hadde shame'a meg litt (Iselin, 00:01:19-00:03:11).

Grunnen til denne frykta for andre sine blikk, negative tankar og kommentarar kan sjåast som ein manglande følelse av kontroll. Ved å dekke til kløfta opplever Iselin, som mange av dei andre informantane, at ho kontrollerer kroppens signal og dermed kontrollerer andre si tolking av kroppen sin. Om ein bruker utringa klede som framhevar kløfta finnes det ei underliggende forståing om at ein søker, og *wil*, ha merksemd uavhengig av situasjon. Bruker informantane

klede som dekker til kløfta opplever informantane at dei motverkar moglegheita for å få 'feil' type merksemd.

Fredrikke er også ein informant som fortel om eit problematisk forhold til andre kvinner og menn sitt blikk. Ho fortel til dømes om ein kjole ho liker veldig godt, men som ho føler ho ikkje kan bruke då den har ein djup utringing. Sjølv synes Fredrikke at ho ikkje har *for* store pupper, men er likevel ikkje komfortabel med å bruke utringa klede då "eg tenkjer at eg viser for mykje". Å vise fram kløfta er noko Fredrikke opplever hadde vore svært problematisk om ho hadde vore saman med veninnene og deira kjærastar. I ein slik situasjon hadde ho frykta at veninnene skulle ha trudd at ho forsøker å flørte med veninnenes kjærastar og at dei hadde tenkt "ååh no står Fredrikke der med puppene sine", om ho hadde hatt på seg denne utringa kjolen saman med dei (Fredrikke, s.2-4). På bakgrunn av desse tankane og frykta for kva veninnene hadde tenkt om ho, unngår Fredrikke å bruke utringa og 'utfordrande' klede då ho veit at kjærastane også skal vere med. Trongen til å kontrollere og 'passe på' kløftas symbolikk og kva dei andre ser, ser ut til å handle om Fredrikke sitt behov for at dei andre ikkje skal 'feiltolke' hennar intensjon med å vise kløfta. For sjølv om ho gjerne har lyst til å bruke den pene kjolen med djup utringing er faren for at andre mistolkar grunnen til at ho har den på for risikabel til at det følas komfortabelt. Fredrikke, som mange av dei andre informantane, fortel dermed om eit følt ansvar ovanfor symbola kroppen og brysta utstrålar i kvardagen. Dei har ikkje eit ønske om at deira seksualitet skal tolkast i 'feil' ljós, eller at nokon andre skal føle at dei får deira seksualitet pressa på seg.

Å ta omsyn til andre sitt blikk på denne måten er også å finne i andre ikkje-seksuelle situasjonar. Dette omfattar informantanes forhold til å vere naken eller topplaus der hensikta ikkje er å ha sex. Kor det følast naturlig at brysta er nakne ser ut til å vere svært avhengig av kven personane som er rundt er. Det er i denne samanheng at informantanes varierte forhold til å sole seg topplause i offentlige rom kjem fram. Anne fortel i gruppeintervjuet om ein gong ho og ei veninne hadde lyst til å sole seg topplause då dei var på ferie i utlandet. Trass i dette ønsket enda dei opp med å ikkje gjere det fordi hotellets balkongar var vendt mot bassenget i bakgarden. Anne og veninna kjende difor på ei uvissheet kring kven som kom til å sjå på, og korleis dei eventuelt hadde reagert var noko dei opplevde som ein avgrensande faktor. Informanten utdjupar vidare:

Ein set seg sjølv i ein situasjon der.. nokon menneskjer, dessverre, kjem til å stirre og.. ein (...) får veldig mykje uønskt merksemd. Og ein veit kvifor (...) og eg trur det ligg veldig automatisk, i alle fall i dagens samfunn at om du veit kvifor du får uønskt merksemd så bør du gjere noko med det (Gruppeintervju, s.29).

Grunnlaget for å unngå å nyte solstrålane utan bikinitopp var for å unngå framande sitt blikk og kva dei framande eventuelt hadde tenkt om ei slik handling. Om kvinner veit kvifor dei får uønskt merksemd retta mot seg, fortel Anne at det er ei forståing av at dei må unngå handlinga som resulterer i denne merksemda. Informanten sitt ønske om å unngå å få uønskte blikk vart dermed sett over hennar ønske om å sole seg topplaus ved bassenget i bakgarden.

I tillegg til Anne si forteljing finnes det fleire tilfelle der andre sitt blikk kan følast avgrensande om ein skal sole seg topplaus. Informanten Birgitte fortel også i denne samanheng om sine erfaringar med å sole seg toppaus, då ho hadde nyleg besøkt ei nudiststrand då ho var på ferie i utlandet. Sjølv om det var ein frigjerande tanke å kunne sole seg topplaus saman med framande menneskjer, merka informanten at ho vart uroleg for dei andre sitt blikk. Dei forbipasserande personane vart eit forstyrrende element som skapte ein følelse av uro. Ho prøvde å ligge der ei stund men følte ein sterk trøng til å snu seg og ligge på magen for å skjule dei nakne brysta. Det vart for ubehageleg med alle dei ukjende menneska som gjekk forbi solsenga. Birgitte knyt denne kjensla til mangelen på kontroll over kor dei framande personane såg ho opplevde. Det var særleg i forbindelse med menn med solbriller på som passerte at informantens syntes det var for ubehagelig å sole seg topplaus (Gruppeintervju, s.29).

I motsetning til Anne og Birgitte sine forteljingar om å sole seg topplaus på ferie i utlandet, fortel Iselin om kva ho tenkjer om moglegheita for å sole seg i offentlige rom i Noreg. Ho fortel at det å sole seg topplaus ikkje er noko ho kunne ha gjort i byen der ho bur. Det er fleire årsaker til denne haldninga, som tanken på at ho kan kome til å møte på nokon ho kjenner. Eller at nokon skal gjere seg opp ein mening om personlegdommen hennar på bakgrunn av brystas utsjånad. Denne frykta for at synet av dei nakne brysta hennar skal ha ein innverknad på korleis andre oppfattar ho liknar forholdet ho fortel om knytt til det å skifte klede i ein garderobe saman med framande kvinner som kom fram i kapittel 5. Ei anna frykt Iselin kjenner på er at nokon skal synast at dei nakne puppene hennar er upassande i offentlige rom, og at ho pressar den seksuelle kroppen sin på ufrivillige tilskodarar. Med forståinga av at andre tolkar kroppen hennar som eit seksuelt objekt, fortel informanten at ho også fryktar at ein framand mann skal følgje etter ho heim etterpå og forgripe seg på ho. Då informanten opplever at kvinnens bryst er

svært seksualiserte i dag, opplever ho at dei trekk til seg eit seksualiserande blikk frå menn uavhengig av situasjon. På bakgrunn av denne forståinga om brysta som seksuelle objekt fortel Iselin at ho fryktar at synet av dei nakne brysta hennar skal tolkast som ein open invitasjon til sex av dei framande mennene som ser på dei (Iselin, 00:24:27-00:27:59).

I informantane forteljingar om å sole seg topplaus kan deira oppleving av dei andre sitt blikk sjåast, og vidare kvifor det følast avgrensande. I forteljinga til Birgitte kan hennar problematiske kjensler knytt til å sole seg topplaus på nudiststranda tolkast som eit uttrykk for ei frykt for at framande menn ser på dei med eit seksuelt blikk. Sjølv om det er ein ikkje-seksuell situasjon. Når Iselin fortel om sine tankar om å sole seg topplaus i offentlige rom, kjem eit forhold som liknar Birgitte sitt fram. Det kan sjå ut til at det finnes ei forståing av at menn ser på kvinners nakne pupper og kropp som seksuelle objekt i nokre av informantane forteljingar. På eit psykologisk nivå, argumenterer Barbara L. Fredrickson og Tomi-Ann Roberts (1997) at som eit objekt i det seksuelle blikket vert kvinners personlegdom og det som gjer dei til ein person undertrykka (1997, s.177). Iselin sitt forhold til framande menn sitt blikk kan dermed sjåast som eit ønske om å unngå å bli tolka som eit slikt seksuelt objekt. Frykta for eit potensielt overgrep kan dermed sjåast i samanheng forståinga av at menn fyrst og fremst ser kvinner som seksuelle objekt, og at ho som ein person forsvinn.

Samstundes som informantane kan føle seg avgrensa av andre sitt blikk, fortel også fleire av informantane at det vel å ikkje innrette seg dette i sin kvardag. I denne samanheng kan informanten Anne sitt kjoleval til skuleballet på vidaregåande, som det kjem fram i kapittel 4, vere eit uttrykk for dette:

(...) [eg] hadde utringing heilt ned [til navelen] for eg har absolutt ingenting å vise. Men eg merker jo at folk reagerer. Men eg tenkjer ikkje på det, fordi det er ikkje litt pupp ein gong, det er berre brystkasse! (Gruppeintervju, s.8).

Anne meiner sjølv at det å bruke ein slik utringa kjole ikkje burde vere problematisk då ho har små pupper, og har dermed ikkje ei kløft som viser. Informanten Dina fortel også om eit liknande forhold til klede i diskusjonen som oppstår i gruppeintervjuet. Då brysta hennar ikkje vaks til før ho var på det andre året på vidaregåande, fortel informanten at ho ”kledde [seg] etter småpuppe-stilen” lenge. Difor hadde ho også eit forhold til brysta som gjorde at ho følte ho kunne vise meir hud og pupp utan at nokon reagerte. Etter at puppene vart større har Dina

opplevd å få meir kommentarar og blikk retta mot kløfta og brysta, då ho framleis vel å bruke den same typen klede som då ho var yngre:

Eg gjer det litt på trass, fordi det er sjukt med den [haldninga] at om du har små pupper så kan du gå med [det du vil] men om du har store pupper så kan du ikkje [det] (...) det er sånn, ”men denne toppen liker eg jo og eg synes eg kler den”, og så kan folk vere sånn, ”det var mykje kløft”. (...) Men eg liker den, så då berre går eg med det [eg vil]. Sjølvsagt får [eg] kommentarar og blikk og reaksjonar frå folk (Gruppeintervju, s.8).

Som det kjem fram i kapittel 4, har Dina opplevd då ho bruker dei same kleda som veninna med mindre bryst, får ho heilt andre reaksjonar for det ho har på seg ”men eg trur eg gjer det.. for å.. gi meg sjølv ein utfordring, og (...) vise at eg ikkje bryr meg. Og for å irritere folk eigentlig” (Gruppeintervju, s.8). Sjølv om Dina opplever at andre meiner kleda ho bruker ikkje passer til dei brysta ho har, vel ho å ikkje bry seg med slike kommentarar. Ved å ta eit val om å stå i mot dei forventingane som eksisterer kring kva type klede som er passande til ulike bryststørrelsar, viser forteljingane til Anne og Dina at dei vel å stå i mot dette presset. Dei fortel om å ikkje bry seg med dei andre sitt blikk og vurderingar av kleda dei vel og kløfta som er synleg (jf. Skeggs, 1997). Ser me tilbake til Anne som fortalte om uvissheita kring dei andre sitt blikk når ho vurderte å sole seg topplaus på ferie, ser det ut til at ho opplever ein forskjell mellom nakne bryst og å ha kløft.

I nokre av informantane forteljingar kjem det også fram ei oppleveling av at dei andre sitt seksuelle og vurderande blikk er fråverande i spesifikke situasjonar. I venerelasjonane til Anne fortel ho at dei ikkje har ein underliggende forståing av brystet som eit seksuelt objekt. Informanten fortel dermed at ho gjerne kan bruke gjennomsiktige klede og ha synlege brystvorter på fest saman med venene sine. Nakenskap er noko ho, og dei nære venene, opplever å vere uproblematisk og fell naturlig til nærmare vene ein er. Anne fortel vidare om ei veninne som gjerne er med inn på badet når ho skal dusje, då veninna synast det er keisamt å vere aleine:

Så sit ho berre med ryggen til.. for at eg ikkje skal føle meg.. både for ho ikkje har noko behov for å sjå på når eg dusjar, og fordi eg ikkje skal bli flau [om eg av ein eller annan grunn skulle blitt det] (...) For du har ingen seksuelle relasjonar til vene. Du har ingenting du må bevise, for er dei vene så er dei vene. Og vene, ein ideell ven skal jo helst ikkje dømme eller vere frekk eller snakke dritt eller nokon ting (Anne, s.2).

Eit viktig poeng i denne samanheng, som Anne sjølv påpeiker, er at veninna sit med ryggen til då hensikta ikkje er at ho skal sjå på. Hensikta er heller å halda kvarandre med selskap. I

gruppeintervjuet fortel også Cathrine at nakenskap følast naturlig i hennar venegjeng, då alle er innforstått med at det er eit venskapsforhold. Difor meiner informanten at det ikkje er moglegheit for at nakenskapen kan tolkast seksuelt. Birgitte spør om dette også er tilfelle om kompisane har kjærastar, og undrar på om det kan oppstå sjalusi. Cathrine fortel at dette er uproblematisk då alle er klåre på at det ikkje er rom for seksuelle forhold å oppstå, og at kjærastane mest sannsynleg også hadde vore tilstade. Anne skyter inn i diskusjonen at om ein har vore vene lenge liknar det meir eit bror-søster-forhold, og det er difor det seksuelle aspektet forsvinn (Anne, s.2; Gruppeintervju, s.10-14). Om ein er saman med personar der relasjonen er avklart ser det ut til at det kan eksistere ei forståing av at brystas seksuelle symbol undertrykkast. Forventinga til sex nakne pupper elles kan skape er noko Anne og Cathrine opplever ikkje er tilstade (jf. Grosz, 2003, s.125), og nakenskapen følast dermed som ein naturlig del av forholdet dei har til sine nære vene.

Informanten Anne utdjupar vidare om kvifor ho vel å bruke klede der brystvortene viser gjennom, som nemnd tidlegare:

(...) eg går ofte i gjennomsiktige toppar på fest. Og alle fekk heilt noia [fyrste gong], fordi ein kunne sjå litt av nippelen min liksom. Og då hadde eg jo enda meir lyst til å gå med det på neste fest. For eg forstod ikkje kvifor det var ein så big deal. Og ein må på ein måte byrje ein stad. Om ein kjem frå ei lita bygd som eg kjem frå der naboen veit kva du driv med før du har komen heim, så er det litt sånn [ein] går mot straumen for å få noko til å endre seg. I alle fall då det som [skjer] ikkje er så greitt (Gruppeintervju, s.8-9).

Informanten meiner ein må ta tak i haldningar ein ikkje liker og vere med på å skape endring. Ved å bruke gjennomsiktige klede der brystvortene er synlege opplever informanten at ho står i mot, og er med på å endre forståinga om at pupper og kvinners brystvorter er problematiske å vise utanfor den seksuelle sfæren (jf. Young, 2005). Ønsket om å endre slike haldningar kring korleis kvinnekroppen vert sett og tolka er det fleire informantar som uttrykker. Informantanes forteljingar viser at dei er bevisst innverknaden mediebilete har som både ein mal for attraktivitet, normalitet, samt fremjinga av synet på kvinner som seksuelle objekt er svært problematisk. Som eit forsøk på å forhandla kring desse forholda er det fleire som fortel at dei vel bort det innhaldet i sosiale media dei ikkje liker, slik som Dina og Iselin fortalte i kapittel 5. Dette er ein type innhald som fremjar bilete av ein normalisert og objektivert kvinnekropp, som også fremjar ei forståing av korleis ein burde sjå ut for å vere 'riktig' og attraktiv. Framstillingar og forståinga som informantane ikkje ønsker å bli invadert av i sin kvardag.

I motsetning til Anne og Cathrine sine forhold til nakenskap blant vener, opplever fleire av dei andre informantane at det er problematisk å til dømes skifte klede saman med kompisar. Veninner sitt blikk er derimot uproblematisk å få retta mot kroppen i slike situasjonar. Informanten Kristina fortel at ho synes kvinner ikkje burde kle av seg framfor menn med mindre ein er seksuelt interessert, uavhengig av kor gode vene ein er. Ho meiner ei slik handling er så tett knytt til puppenes og kroppens seksuelle symbolikk at det seksuelle blikket og tolkinga er unngåelig. Med denne forståinga av nakenskap meiner Kristina at venskapsforholdet endrast etter ein har sett kvarandre nakne, uavhengig av situasjonen nakenkapen oppstår i. Informanten forstår altså dei nakne brysta som ei kjelde til seksuelle blikk, som vidare skapar ei forventing om at ein vil ha sex med mannen som ser (Grosz, 2003, s.125). Ei forventing ho opplever skapast uavhengig av venskapsforholdet og situasjonen nakenkapen oppstår i.

Saman med veninner, derimot, opplever Kristina at den nakenkap er mindre problematisk å førehalda seg til. Likevel er det slik at ”du må jo passe på at du ikkje ser. Du må jo fortsette augekontakten (...) [det vert slik at] du tenkjer ekstra på det at du ikkje må sjå” (Kristina, 00:08:01-00:13:22). Det ser dermed ut til at ei viktig poeng er at når ein er naken med veninner at ein ikkje ser på den nakne kroppen til veninna. Dette er også eit moment i informanten Anne si forteljing om når veninna er med inn på badet.

Informanten Iselin har også eit vanskelig forhold til nakenkap saman med kompisane sine, mens veninners sitt blikk opplevast uproblematisk:

Altså sett bort frå homofile, for dei er akkurat slik som med veninner. Dei er [eg] veldig avslappa med. Men [heterofile menn] trur eg.. det hadde kome litt an på. Eg har nokre kameratar som er i eit forhold. Og eg trur ikkje (...) eg hadde hatt noko i mot å skifte framfor dei. Eg trur (...) det hadde vore det same som å skifte framfor den homofile kameraten min. Men om dei er single så trur eg det hadde vore litt annleis, for eg tenkjer at han hadde tillat seg sjølv å sjå på (...). Det er litt den greia med at ”ååh free show” hehehe (...) (Iselin, 00:21:36-00:23:49).

Heterofile, single, kameratar hadde vore vanskelig å skifte klede framfor for Iselin då ikkje ønsker eit seksuelt blikk på kroppen frå dei. Ho hadde likevel ikkje nekta ein singel, heterofil, kamerat å vere tilstade, då ho ikkje hadde hatt lyst å såre følelsane hans, ”fordi, dei er jo venene mine. Dei ville aldri gjort noko, [eller vore] slem mot meg. Det er jo berre eg som er litt ukomfortabel” (Iselin, 00:21:36-00:23:49). Moglegheita for at kameraten hadde sett på den

nakne kroppen hennar med eit seksuelt blikk er noko ho ikkje vil risikere, og føler difor at ein slik situasjon hadde vore vanskelig å førehalda seg til.

Dei andre sitt blikk ser altså ut til å ha ein stor innverknad på informantanes kvardag og korleis dei føreheld seg til og tenkjer om eigne og andre sine pupper. Dette forholdet til blikk kan tolkast på ulike måtar. Med utgangspunkt i Michel Foucault (1977) sitt teoretiske rammeverk om det disiplinerande blikket i det moderne samfunnet, kan ein sjå på informantanes forteljingar om korleis dei føler blikket er avgrensande. I desse tilfella fortel dei om ei oppleveling av å vere overvaka, samstundes som dei også overvaker sin eigen kropp i frykt for å trø over grensene for akseptert åferd i ulike situasjoner. Vala dei tar kan sjåast som eit resultat av eit ytre press som seier noko om korleis kvinner burde rette seg etter normer i samfunnet (jf. Foucault, 1977, s.298-299; Crossley, 2004, s.43, 88) for å ikkje bli tolka som horete eller vulgær av andre. Medvita om, og frykta for, dette blikket er noko som dukkar opp på tvers av intervjua og finnes i varierande grad i informantanes forteljingar. Det ser ut til å henge saman med informantanes forhold til klede og korleis brystas symbolikk vert tolka. Ei tolking som då vert gjort av deira personlegdom og identitet, som det kom fram i dei føregåande kapitla. Forståinga av korleis brysta bli plassert inn i den seksuelle kategorien er vidare eit viktig poeng i denne samanheng. Denne plasseringa som vert gjort, som informantane med store bryst fortel dei ikkje har kontroll over, og resulterer i at dei føler dei ikkje kan bruke utringa klede utan å få merksemld eller seksuelle blikk.

Informantanes forteljingar viser at dei har ei oppfatning av at menn ser bryst som hovudsaklig eit seksuelt objekt. Med ei slik forståing oppstår tronen til at dei burde skjule puppene og kløfta om dei ikkje vil at menn skal sjå på dei som eit slikt objekt. Denne forståinga kan også koplast til Fredrickson og Roberts (1997) sitt teoretiske rammeverk som viser korleis kvinners levde erfaringar er sterkt knytt til å bli sett som eit seksuelt objekt. Dette inneber ei forståing av å bli sett på som ein kropp som berre har verdi i det den vert brukt eller sett på i eit seksuelt ljós (1997, s.174-176). Forholdet informantane har til dei andre sitt blikk kan dermed også sjåast som eit uttrykk for korleis informantane opplever å bli tolka. Ved å bruke klede som dekker til brysta opplever informantane at dei kan kontrollere dette blikket, og forsøker å fjerne moglegheita for å bli sett på som eit seksuelt objekt.

Eit anna resultat av dette objektiverande blikket, hevder Fredrickson og Roberts (1997), er at kvinner også tar i bruk dette objektiverande blikket retta mot eigen kropp. Noko som har ein

innverknad på oppfatninga av seg sjølv som eit objekt, då dei ser seg sjølv som eit objekt som skal sjåast og vurderast av andre. Denne sjølvobjektiveringa er noko kvinner kan bruke til sin fordel i ulike situasjonar (1997, s.177). Som det har kome fram i informantane forteljingar, har fleire tatt i bruk eigne bryst seksuelle symbolikk for å få eit verdsettande blikk frå menn. Å få eit slikt blikk og merksemrd på grunn av utsjånaden kan følast som eit kompliment. Nettopp fordi menns blikk kan opplevast som ei godkjenning av eins utsjånad, slik det kom fram i kapittel 4. Det er likevel viktig at det oppstår i situasjonar der det seksuelle blikket kjennast riktig å få, då moglegheita for at ein set sin respektabilitet i fare er stor (jf. Skeggs, 1997). For å få merksemrd frå menn fortel informantane at dei kan bruke klede som framhevar anten kroppen eller brystas seksuelle symbolikk. Ein praksis som kan tolkast som eit uttrykk for kvinnenes sjølvobjektivering. Det er stort sett når ein skal på fest eller ut på byen at informantane fortel om eit blikk og merksemrd frå menn som kjennast positivt. Det kan då vere framande menn sitt blikk som kan sjåast som er kjelda til denne følelsen.

Som det også kom fram i kapittel 4, opplever informanten Birgitte at hennar kjæraste sitt seksuelle blikk på brysta også opplevast som ei kjelde til positive kjensler når dei vert sett på av kjærasten. Dette omhandlar då særleg ei auka sjølvsikkerheit når ho veit kva dei seksuelle brysta gjer for han. Det ønska seksuelle blikket informantane fortel om, anten frå framande menn eller sine seksuelle partnarar, kan difor også sjåast som eit uttrykk for deira seksuelle handlingsrom. Om dei føler dei er i kontroll avmannens blikk, kan det å få merksemrd også vere ei positiv oppleveling. Denne kjensla er i stor grad avhengig av korleis ein oppfattar maktfordelinga mellom seg sjølv og den som ser. Med eitt ein føler at makta er skeivfordelt, forsvinn følelsen av kontroll og negative kjensler knytt til blikket kan oppstå (jf. Maxwell og Aggleton, 2011). Denne følelsen av skeivfordeling av makt knytt til menns blikk er å finne i forteljingane til informantane Fredrikke og Hanne frå kapittel 4. Dei negative erfaringar med deira seksuelle partnarars blikk botna i ei frykt for korleis dei nakne brysta vart samanlikna med pornopuppene mennene hadde sett tidlegare. Ein følelse av å mangle kontroll over korleis brysta vart tolka og sett på, samt kva for vurderingar partnarane gjorde kring brystas utsjånad. Fredrikke som elles er positiv til seksuelle partnarars blikk og bruk av puppene når ho har sex med menn, viser også at maktfordelinga er viktig for desse positive kjenslene som kan oppstå. Dei andre sitt blikk ser dermed ut til å vere ein sentral del i informantane forteljingar kring eigne og andre sine pupper.

Oppsummering

Gjennom dei ulike tematikkane som har vore utforska i dei to føregåande kapitla er det tydelig at informantane føreheld seg til andre sitt blikk, merksemd og kroppens symbolikk i sin kvardag. Det finnes også ulike måtar å førehalda seg til dette på. I ulike situasjonar, og saman med ulike personar, opplever dei at kroppens symbolikk vert tolka på ulike måtar. Det objektiverande og seksuelle blikket til menn, samt det dømmande blikket til andre kvinner verkar inn på korleis informantane føreheld seg til eigen kropp og pupper i sin kvardag.

Det er vidare eit viktig poeng for informantane at dei opplever å ha kontroll over, og moglegheita til, å bestemme korleis dei vert tolka og mottatt av andre personar i ulike situasjonar. På bakgrunn av dette kan ein sjå bruken av ulike typar klede i ulike situasjonar som eit verktøy for å anten framkalle eit verdsettande blikk, eller å gøyme seg for det vurderande blikket. Måten informantane presenterer seg sjølv for omverda, og korleis dei handterer brystas seksuelle symbolikk ser ut til å vere avhengig av situasjonen og relasjonen rundt dei.

Kapittel 7

Avslutning

Så, kva forhold har unge kvinner i dag til pupper og kropp? Og korleis verkar det inn på deira kvardag?

I kapittel 4 'Det moderlige og det seksuelle brystet' fann eg at informantane som delte sine forteljingar forstår skiljet mellom desse to kategoriane brystet kan plasserast inn i. Dei meiner det er eit skilje mellom den eigentlige og opphavelege funksjonen som kjelde til næring, og den kulturelt tillagte symbolikken som eit seksuelt. Sjølv om det ikkje var nokre av informantane som hadde personlige erfaringar med å amme barn, var det noko dei hadde sterke meningar om. Ved å ta i bruk Iris Marion Young (2005) som inngang kan ein sjå at informantane sine forteljingar knyt an til ei kulturell forståing av kvinnebrystet som anten ammande og livgivande eller som eit seksuelt symbol. Dette ser i stor grad ut til å verke inn på informantanes måte å handtere ulike situasjonar i sin kvardag. Informantane fortalte om ein oppfatning av eit problematisk forhold til det ammande brystet som oppstår på grunn av forståinga av at brysta hovudsaklig tilhøyrar den seksuelle sfären elles. Samstundes argumenterer informantane for at dei kulturelle førestillingane om brystet *burde* vere knytt til amming, då det er denne funksjonen som vert sett som brystas eigentlige og opphavelige funksjonen.

Young (2005) poengterer at kvinnebrystet vert sett på som eit objekt med faste former, og har difor også i stor grad faste rammer for korleis det bør sjå ut for å vere 'riktig'. Det er dermed fleire aspekt i kvardagens på påverkast om ein har pupper som ikkje passar innanfor desse rammene. Beverly Skeggs (1997) argumenterer for at det i dag finnes ein respekabilitet kvinner må oppretthalda ved hjelp av utsjånad og åtferd. Som Young (2005) argumenterer inneholder kvinnens bryst ein sterk seksuell symbolikk. Det som skil mitt samtidsmateriale frå hennar materiale er at dei unge norske kvinnene ikkje opplever 'jo større jo betre' som eit rådande ideal. Deira respekabilitet vert dermed sett i fare om ein ikkje har 'riktige' pupper, samt om ein ikkje bruker 'riktige' typar klede til brysta ein har. Dette er nettopp på grunn av synet på store bryst som å romme ein seksuell symbolikk som ikkje er anstendig, og vidare avgrensar deira valmoglegheiter i kvardagen.

Store pupper kan dermed sjåast som ei kjelde til negative følelsar blant informantane, då store bryst ikkje vert sett på eller oppfatta som 'vanlig' eller 'normalt'. I tillegg er utringa klede problematisk å bruke utanfor dei situasjonane der kløfta 'passer inn', fordi store pupper eit så sterkt seksuelt symbol. Størrelsen på brysta har altså ein innverknad på kva type klede ein opplever å kunne bruke, og kor djup utringing ein kan ha utan at det vert sett som vulgært. Det som er overraskande i denne samanheng er at kvinner som har mindre pupper også kan oppfattast vulgære med utringa klede i 'feil' situasjonar. Likevel er det ikkje like 'farlig' om ein har små pupper fordi dei er mindre synlege.

Materialet viser at størrelse verkar inn på korleis ein oppfattar sine eigne, og andre kvinner sine, signal. Brysta og kløftas symbolikk er noko informantane opplever vert tolka i andre sitt blikk, som vidare gjer seg opp ein mening om dei på grunn av denne. Difor kan ein sjå at informantane opplever at dei har ansvar for at denne symbolikken tolkast slik dei sjølv ønsker. Dette ansvaret har eg sett i forhold til Anthony Giddens (1991) sin modernitetsteori i kapittel 5 'Forholdet til ein normalisert kvinnekropp'. Om ein ikkje klarer, eller har moglegheit, til å styre sin eigen kropps symbolikk oppstår det ei indre konflikt og negative følelsar. Informantanes forhold til bilete kvinnekroppen, og bryst, som fremjast skapar eit bilet av kva som er normalt.

